

Kulturstatistikk 2010

Statistiske analysar

I denne serien blir det publisert analysar av statistikk om sosiale, demografiske og økonomiske forhold til ein breiare lesarkrins. Framstillingsforma er slik at publikasjonane også kan lesast av personar utan spesialkunnskapar om statistikk eller bearbeidingsmetodar.

© Statistisk sentralbyrå januar 2012
Ved bruk av materiale frå denne publikasjonen
skal Statistisk sentralbyrå givast opp som kjelde.

ISBN 978-82-537-8297-3 Trykt versjon
ISBN 978-82-537-8298-0 Elektronisk versjon
ISSN 0804-3321
Emne: 07

Trykk: Statistisk sentralbyrå

Standardteikn i tabellar**Symbol**

Tal er umogleg	.
Oppgåve manglar	..
Oppgåve manglar førebels	...
Tal kan ikkje offentleggjera	:
Null	-
Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Førebels tal	*
Brot i den loddrette serien	—
Brot i den vassrette serien	
Desimalskiljeteikn	,

Forord

Kulturstatistikk 2010 gir i tekst, figurar og tabellar eit hovudbilete frå ulike kulturområde, og tal for offentlege utgifter, privat forbruk og næringsstatistikk for kultur og kulturelle tenester. Hovudformålet med publikasjonen er å beskrive og gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike område innanfor norsk kultur.

Kulturstatistikk er ein årleg publikasjon som tidlegare har vore publisert i serien Noregs offisielle statistikk, bortsett frå i åra 2004, 2005 og 2009 da statistikken blei publisert i serien Statistiske analysar. Kulturstatistikk 2010 blir òg publisert i serien Statistiske analysar, og den er tilgjengeleg i pdf-format på Statistisk sentralbyrå sine internetsider, sjå http://www.ssb.no/emner/07/nos_kultur.

Hovudsvarleg for utarbeidinga av denne publikasjonen har vore Seksjon for utdanningsstatistikk i Statistisk sentralbyrå. Øyvind H. Henriksen og Liv Taule har vore redaktørar for publikasjonen, og Asta Bårdseth har vore med på utarbeiding og innhenting av datagrunnlaget.

Statistisk sentralbyrå har eit godt samarbeid med fleire offentlege institusjonar og interesseorganisasjonar som leverer datagrunnlag. Talmaterialet byggjer også på tal frå Statistisk sentralbyrå.

Publikasjonen Kulturstatistikk blir utarbeidd i samarbeid med Kulturdepartementet som i hovudsak finansierer utarbeidinga av publikasjonen.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 15. desember 2011

Hans Henrik Scheel

Samandrag

I denne publikasjonen presenterer vi oppdaterte tal og statistikk for ulike område relatert til kultur. Hovudformålet med publikasjonen er å beskrive og gi ei samla oversikt over den tilgjengelege statistikken for ulike område innanfor norsk kultur.

Nokre hovudresultat innanfor temaområda i publikasjonen:

- **Offentlege utgifter til kultur**
Dei statlege utgiftene til kultur over Kulturdepartementets budsjett i 2010 var 7,9 milliardar kroner, dei fylkeskommunale kulturutgiftene var på 1,1 milliard kroner, og dei kommunale utgiftene var på 8,5 milliardar kroner.
- **Nærings- og sysselsetningsstatistikk**
I 2010 var det 35 000 små og store føretak med 112 000 sysselsette blant kulturnæringane.
- **Kunstpolitiske tiltak**
I 2010 vart det delt ut 431 millionar kroner frå Norsk kulturfond til ulike kulturformål, ein auke på 11 prosent frå året før. Litteratur og musikk er dei hovudområda som fekk mest, 126 millionar kvar.
- **Teater, opera, musikk og festivalar**
Det var 2,7 millionar besøk i institusjonsteatra og frie grupper innanfor dans og teater i 2010, ein auke på 15 prosent frå 2009. Til saman var 415 000 publikum på konsertane til medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening i 2010, ein nedgang på 4 prosent frå året før. Dei statlege utgiftene til musikk utgjorde 904 millionar kroner i 2010. Det var 1,9 millionar deltagarar på dei ulike arrangementa i regi av Den kulturelle skolesekken. Festivalar er framleis populære, om lag 1,4 millionar besøkte ein festival i 2010. Tilskota til musikkfestivalar var på over 30 millionar i 2010.
- **Museum**
Dei norske musea hadde 10,5 millionar besøk i 2010, ein auke på 16 prosent frå 2009. Besøkstalet utgjer nesten 2,2 museumsbesøk per innbyggjar. Delen betalande besøkjande var på 49 prosent i 2010 og er om lag det same som han har vore på sidan 2005.
- **Bibliotek**
Utlån av bøker og andre medium frå folkebiblioteka i 2010 utgjorde 24,9 millionar utlån, ein nedgang på litt over 1 prosent frå året før. Det var i gjennomsnitt 4,4 besøk per innbyggjar i 2010. Dette er ein nedgang frå 2009 då snittet var på 4,7 besøk per innbyggjar.
- **Bøker**
Det vart totalt utgitt 8 400 bøker i 2010, ein auke på 6 prosent frå 2009. 24 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag i 2010.
- **Aviser**
Det samla avisopplaget var på 2,57 millionar i 2010, ein nedgang på 3 prosent frå 2009. På den andre sida er det stadig fleire som les avis på Internett, i 2010 var det 43 prosent som las nettavis ein gjennomsnittsdag.
- **Film og kino**
38 prosent av kinosalane var digitaliserte ved utgangen av 2010. Det var totalt litt over 11 millionar kinobesøk, ein nedgang på 13 prosent frå 2009. Besøket på norske filmar utgjorde 23 prosent av samla kinobesøk.
- **Radio og TV**
I 2010 såg 82 prosent av befolkninga på fjernsyn, mens 56 prosent lytta til radio ein gjennomsnittsdag. I 2009 var tala på høvesvis 80 og 53 prosent.
- **Kulturminne**
Per 31. desember 2010 var det registrert totalt 203 000 freda kulturminne i databasen til Riksantikvaren, ein tilvekst på 8 000 i løpet av det siste året.
- **Idrett**
Det er aukande interesse for å delta i idrettslivet. Ved utgangen av 2010 var det 1 772 000 ordinære medlemskapar i NIF, ein auke på 24 prosent dei ti siste åra.

Innhold

Samandrag.....	4
1. Offentlege utgifter	6
1.1. Nokre resultat.....	6
1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene	11
1.3. Omgrep og definisjonar	11
1.4. Samanlikningar	13
2. Privat forbruk.....	20
2.1. Nokre resultat.....	20
2.2. Om statistikken – privat forbruk.....	23
3. Nærings- og sysselsetjingsstatistikk	26
3.1. Nokre resultat.....	26
3.2. Om statistikken.....	31
3.3. Omgrep og definisjonar	31
4. Kunstpolitiske tiltak	50
4.1. Nokre resultat.....	50
4.2. Om dei ulike organisasjonane og ordningane	53
5. Scenekunst	60
5.1. Nokre resultat.....	60
5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane	62
6. Musikk	68
6.1. Nokre resultat.....	68
6.2. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet.....	71
7. Festivalar	81
7.1. Nokre resultat.....	81
7.2. Om statistikken – festivalar	83
8. Museum og samlingar	86
8.1. Nokre resultat.....	86
8.2. Om museumsstatistikken	91
8.3. Kulturbruksundersøkingane	93
9. Bibliotek.....	101
9.1. Nokre resultat.....	101
9.2. Om bibliotekstatistikken.....	106
9.3. Pliktavlevering	107
9.4. Kulturbruksundersøkingane	108
10. Arkiv	118
10.1. Nokre resultat.....	118
10.2. Om statistikken – arkivstatistikk	120
11. Bøker	124
11.1. Nokre resultat.....	124
11.2. Om bokstatistikken	127
11.3. Omgrep	128
11.4. Feilkjelder og uvisse	128
12. Aviser, vekepresse og fagpress.....	134
12.1. Nokre resultat.....	134
12.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpress	137
13. Film og kino	143
13.1. Nokre resultat.....	143
13.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane	145
13.3. Omfang, publisering og samanlikningar	146
14. Radio og TV	151
14.1. Nokre resultat.....	151
14.2. Om radio- og TV-statistikken.....	156
15. Kulturminne	164
15.1. Nokre resultat.....	164
15.2. Om statistikken kulturminne og kulturminnevern	167
16. Idrett og friluftsliv.....	177
16.1. Nokre resultat.....	177
16.2. Om statistikken og organisasjonane.....	179
17. Trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja.....	184
17.1. Nokre resultat.....	184
17.2. Om statistikken – trus- og livssynssamfunn og Den norske kyrkja.....	187
Figurregister	194
Tabellregister	196

1. Offentlege utgifter


1.1. Nokre resultat

Offentlege utgifter til kultur

Rekneskapane for 2010 syner at:

- Dei statlege utgiftene til kultur var 7,9 milliardar kroner over budsjettet til Kulturdepartementet (KUD) – 1 608 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.
- Fylkeskommunanes netto driftsutgifter til kulturformål var 1,1 milliardar kroner – 229 kroner per innbyggjar i gjennomsnitt.
- Kommunanes netto driftsutgifter til kultur var 8,5 milliardar kroner – 1 731 per innbyggjar i gjennomsnitt.

Figur 1.1. Offentlege utgifter til kultur. 2008-2010. Millionar kroner



Kjelde: Kulturdepartementet og Statistisk sentralbyrå.

1.1.1. Offentlege utgifter – stat

Statlege utgifter til kultur – 1 608 kroner per innbyggjar

Rekneskapstala til Kulturdepartementet viser at det totalt vart løyvd 7,9 milliardar kroner til departementets ulike formål i 2010. Det var ein auke på 0,4 milliardar kroner, eller 6 prosent, sidan 2009. Sidan 2005 har auken vore på 2,6 milliardar, eller 40 prosent, dette speglar satsinga på Kulturløftet. KUDs samla utgifter i 2010 var 0,62 prosent av dei samla statlege utgiftene.

Dei statlege utgiftene til kultur i 2010 svarar til 1 608 kroner per innbyggjar. Tilsvarande beløp for 2009 var 1 540 kroner per innbyggjar. Auken i utgiftene til kultur vart stort sett jamt fordelt på dei ulike postane, bortsett frå frivillighetsformål som vart redusert med 4 prosent frå 2009 til 2010, etter ei nesten dobling frå 2008 til 2009. Utgiftene til kulturbrygg vart òg reduserte i 2010, med 16 prosent frå 2009, men dei hadde over ei dobling året før. Som tidlegare år fekk scenekunstformål mest, med 1 522 millionar kroner i 2010.

1 559 millionar kroner frå spelemidlane til idrett

Overskotet frå Norsk Tipping AS blir også overført til kultur- og idrettsformål. Hovudfordelinga av spelemidlane i 2010 syner at 1 559 millionar kroner gjekk til idrettsformål, det same som året før. Overgangsmidlane som vart delte ut i 2008 og 2009 som erstatning for at inntektene frå speleautomatar fall bort, er no overførte til dei andre formåla som alle har fått ein auke. Idrettsanlegga fekk 750 millionar kroner i 2010, ein auke på 62 millionar, eller 9 prosent frå 2009. Noregs Idrettsforbund og Olympiske Komité fekk 556 millionar kroner i 2010, ein auke på 202 millionar, eller 57 prosent. Tilskot til lokale lag og foreiningar fekk også eit stort løft på 25 prosent i 2010, mens midlar til forskings- og utviklingsarbeid dobla seg til 20 millionar kroner. Jamfør tabell 1.1.2.

417 millionar kroner frå spelemdilane til kultur

Som i dei tre føregåande åra fekk kultursektoren overført 417 millionar kroner frå spelemdilane i 2010. Av dette har Den kulturelle skolesekken fått 167 millionar kroner kvart år. Sentrale tiltak har fått mindre av midlane dei fire siste åra, mens lokale tiltak har fått meir, spesielt har vidaregåande skolar fått meir av midlane. Frifond (jamfør kapittel 5.2) fekk 125 millionar til fordeling, og det same beløpet gjekk til kulturygg. Desse beløpa har også halde seg stabile dei fire siste åra. Jamfør tabell 1.1.3.

229 kroner til kulturformål i fylkeskommunane

Rekneskapstal for Den kulturelle skolesekken i grunnskolen syner at både inntekter og utgifter vart reduserte frå skoleåret 2008/2009 til 2009/2010, med høvesvis 6 prosent og 9 prosent. Jamfør tabell 1.1.4.


1.1.2. Offentlege utgifter – fylkeskommunar

Rapporteringa i KOSTRA viser at fylkeskommunanes netto driftsutgifter til kulturformål var på 1,1 milliardar kroner. Dette utgjorde 1,7 prosent av totale netto driftsutgifter i 2010, om lag det same som dei to føregåande åra. Netto driftsutgifter auka med 105 millionar kroner, eller 10 prosent, frå 2009. Dette er ein høgare årleg auke enn i dei tre føregåande åra.


I gjennomsnitt gjekk det 229 kroner per innbyggjar i netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane i 2010, Oslo inkludert. Sogn og Fjordane fylkeskommune brukte 534 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2010, mot 506 kroner i 2009. Finnmark fylkeskommune brukte 523 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2010, mot 460 i 2009. Tala for Oslo som fylkeskommune viser berre ein liten del av deira utgifter til kultur da Oslo både er kommune og fylkeskommune og rapporterer både som kommune og fylkeskommune. Sjølv om det kan vere uvisse knytt til kva som er kommunale og fylkeskommunale utgifter, er ikkje tala dobbelrapporterte. For å få fram dei totale netto driftsutgiftene for Oslo, kan det vere nyttig å legge saman dei kommunale og dei fylkeskommunale netto driftsutgiftene.

Med ein auke på 44 millionar kroner låg netto driftsutgifter til kunstformidling på 325 millionar kroner i 2010. Dette var 29 prosent av nettoutgiftene til kultur. Netto driftsutgifter til museum i fylkeskommunanes rekneskapar auka med 10 millionar og var på 28 prosent av nettoutgiftene. Andre kulturaktivitetar hadde ein reduksjon på 35 millionar, men hadde likevel 20 prosent av nettoutgiftene til kultur. Bibliotek, kunstproduksjon og idrett fekk høvesvis 12, 6 og 5 prosent av netto driftsutgifter til kultur i fylkeskommunane. Viss ein ser på utviklinga dei siste fem åra, har netto driftsutgifter auka med 29 prosent. Andre aktivitetar og kunstproduksjon har hatt størst auke, på høvesvis 69 og 49 prosent, mens nettoutgiftene til idrett dei siste fem åra har vorte redusert med 30 prosent, truleg på grunn av at fleire fylkeskommuniar har hatt store inntekter på denne funksjonen.

Fordelinga for dei ulike funksjonane i fylkeskommunane varierer ein del. Det største avviket var at netto driftsutgifter til idrett i Akershus var på minusssida. Det vil seie at fylkeskommunen hadde større inntekter enn utgifter på denne funksjonen, nærmere bestemt så hadde dei eit overskot på 55 millionar kroner i 2010. Elles var det Hordaland og Rogaland som hadde størst netto driftsutgifter til kultur, på høvesvis 127 og 100 millionar kroner. Nordland og Akershus hadde høgast nettoutgifter på bibliotek, mens Troms med sine 29 millionar kroner, hadde særslig høge nettoutgifter på kunstproduksjon. Jamfør tabellane 1.2.1 og 1.2.2.

Figur 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane. 2010. Kroner per innbyggjar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Figur 1.2.2. Netto driftsutgifter til ulike kulturformål i fylkeskommunane. 2010. Prosent

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Av dei totale netto driftsutgiftene brukte fylkeskommunane i gjennomsnitt 1,7 prosent til kulturformål i 2010. Delen har vore stabil dei tre siste åra, men den var lågare i 2005 og høgare i 2006 og 2007. Finnmark, Oppland og Vestfold brukte meir enn 3,5 prosent på kulturformål i 2010. Året før brukte Sogn og Fjordane òg meir enn 3,5 prosent på kultur. Jamfør tabell 1.2.4.

Fylkeskommunanes brutto investeringsutgifter til kulturformål i 2010 var 64 millionar kroner. Etter det høge investeringsnivået i 2009 var investeringane igjen på same nivå som i 2008. Ser ein på gjennomsnittet for dei tre åra i perioden 2008–2010, har fylkeskommunane brukt 99 millionar kroner til brutto investeringsutgifter, den høgaste gjennomsnittlege investeringa gjort for ein treårsperiode nokosinne. Nordland og Vestfold fylkeskommunar står framleis for den største delen av dei investerte kronene i den siste treårsperioden, med høvesvis 48 og 20 millionar kroner. Jamfør tabell 1.2.3.

1.1.3. Offentlege utgifter – kommunar


4,4 prosent til kultur i kommunane

Tala for kommunanenes utgifter er henta frå KOSTRA-rapporteringa. Rekneskapsåret 2010 syner at kommunanenes netto driftsutgifter til kultur var 8,5 milliardar kroner, eller 4,4 prosent, av totale netto driftsutgifter, Oslo inkludert. Tala gjeld kommunen som konsern, jamfør kapittel 1.3, rekneskapsomfang. Det er ein auke i utgiftene til kultur på 11 prosent frå 2009, og auken kjem alle kulturområda til gode. Utgiftsdelen i høve til dei totale netto driftsutgiftene auka frå 4,2 prosent til 4,4 prosent. Tala for Den norske kyrkja finn ein i kapittel 17.

Bortsett frå kommunane i Buskerud og Vestfold som begge hadde ein marginal reduksjon, auka nettoutgiftene til kultur i alle fylka i 2010. Den største auken var i Oslo, med 387 millionar, eller 41 prosent frå året før.


Kommunane i Rogaland, Finnmark og Oslo brukte høgast del av dei totale netto driftsutgiftene til kultur i 2010, høvesvis 5,6, 5,4 og 5,0 prosent i gjennomsnitt i kvart fylke. Kommunane i Østfold og Hedmark brukte lågast del til kultur, i gjennomsnitt 3,7 prosent av dei totale nettoutgiftene.

Figur 1.3.1. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern. 2010. Prosent



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Figur 1.3.2. Netto driftsutgifter til kultur for kommunekonsern, etter fylke. 2009. Kroner per innbyggjar



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.


1 731 kroner per innbyggjar til kultur

I gjennomsnitt brukte kommunane 1 731 kroner per innbyggjar til kulturformål i 2010, 147 kroner meir enn året før. Framleis er det kommunane i Finnmark som bruker mest til kultur med 2 764 kroner per innbyggjar, ein auke på 65 kroner eller 2 prosent, og Østfold minst med 1 328 kroner per innbyggjar, ein auke på 59 kroner, eller 5 prosent, samanlikna med året før.

Den største kulturposten i rekneskapane til kommunane var, som i åra før, idrett. Kommunane brukte totalt 2,6 milliardar kroner til idrett i 2010, ein auke på 440 millionar kroner det siste året. Av netto driftsutgifter til kultur gjekk 31 prosent til idrett, og av dei totale netto driftsutgiftene til kommunane fekk idrettsformål 1,4 prosent. Dette var høvesvis 3 prosentpoeng og 0,2 prosentpoeng meir enn i 2009.

Posten andre kulturturaktivitetar var på 1,8 milliardar kroner i 2010, ein auke på 200 millionar, eller 12 prosent frå 2009. Utgifter til folkebibliotek kom på 1,2 milliardar kroner og steig med 50 millionar, eller 4 prosent. Netto driftsutgifter til museum i kommunane var på 300 millionar, ein auke på 9 millionar, eller 3 prosent frå året før. Sjølv om kinoane får minst del av kaka med sine 80 millionar i 2010, var det dei som auka mest, med 30 millionar, eller 59 prosent frå 2009. Jamfør figur 1.3.3 og tabellane 1.3.1 til 1.3.4.

Figur 1.3.3. Netto driftsutgifter til kultur for kommunkonsern, etter fylke. 2008-2010. Prosent av totale netto driftsutgifter



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

1.2. Om statistikken for dei offentlege utgiftene

Dei statlege utgiftene syner i hovudsak utgifter over Kulturdepartementet¹ sitt budsjett slik det går fram av Prop. 1 S frå oktober kvart år. Fylkeskommunale og kommunale utgifter baserer seg på rekneskapane deira som kvart år blir handsama av KOSTRA-systemet. Tala blir publiserte hos SSB på ssb.no, KOSTRA-sidene og i Statistikkbanken.

KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering)

KOSTRA er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om fylkeskommunal og kommunal verksemd. Informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstilt for å gi relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, og med dette gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål er oppnådde. KOSTRA skal forenkle rapporteringa frå kommunane til staten ved at data berre blir rapporterte ein gong, sjølv om dei skal brukast til ulike formål. All rapportering frå kommunane til SSB skjer ved elektronisk datautveksling. SSB publiserer ureviderte tal for kommunane 15. mars, og retta tal 15. juni. I nøkkeltala blir data sette saman, både tal som blir rapporterte direkte frå kommunane til SSB, og tal henta frå nasjonale register utanfor SSB. Før publiseringa 15. juni har kommunane hatt høve til å rette feil og manglar i sine data, og SSB har gjennomført kvalitetskontrollar og revisjon av datamaterialet. Dei ureviderte nøkkeltala per 15. mars kan innehalde feil.

Spelemidlane

1.3. Omgrep og definisjonar

Kvart år sidan 1948 har overskotet i Norsk Tipping AS gått til samfunnsnyttige formål. Frå 2009 gjeld følgjande fordelingsnøkkelen for speleoverskotet frå Norsk Tipping: 45,5 prosent går til idrettsformål, 36,5 prosent går til kulturformål og 18 prosent til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som ikkje er knytte til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Midlane til idrettsformål og samfunnsnyttige formål blir fordelt av Kongen. Av midlane til

¹ Før 1. januar 2010 Kultur- og kyrkjedepartementet.

kulturformål skal 2/3 fordelast av Stortinget og 1/3 av Kongen. Av midlane som fordelast av Kongen, skal om lag 40 prosent gå til å realisere Den kulturelle skolesekken over heile landet, om lag 30 prosent til Frifond og om lag 30 prosent til investeringar og vedlikehald av lokale/regionale kulturelle møteplassar (Prop. 1 S, 2011-2012, Kulturdepartementet).

Rekneskapsomfang

Kommunekonsern består av kommunen og særbedriftene som utfører kommunale oppgåver for kommunen som kommunen elles ville ha utført sjølv. Særbedrifter vil seie kommunale føretak organiserte etter kapittel 11 i kommunelova og inter-kommunale selskap organiserte etter lov om interkommunale selskap. Konserntal gjeld frå og med 2007.

Netto driftsutgifter totalt

Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene medrekna avskrivingar etter at driftsinntektene, som blant anna inneholder øyremerkte tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekte frå. Resten av utgiftene må dekkjast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringer frå staten med vidare. Netto driftsutgifter vil vise fylkets eller kommunens prioritering av dei frie inntektene i forhold til målgruppa for tenesta.

Brutto driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene medrekna avskrivingar korrigerte for dobbeltføringer som kjem av vidarefordeling av utgifter/internkjøp med vidare. Brutto driftsutgifter minus brutto driftsinntekter skal ikkje vere lik netto driftsutgifter. På funksjon/tenesteområde kjem dette av at brutto driftsutgifter blir korrigerte for artane 710 sjukelønnsrefusjon og 729 kompensasjon mva. tillagde i driftsrekneskapen. Tilsvarande korreksjonar blir ikkje gjorde i brutto driftsinntekter. Netto driftsutgifter blir korrigerte for art 728 kompensasjon mva. tillagde i investeringsrekneskapen. For nærmere informasjon, sjå fagleg rettleiing på <http://www.ssb.no/kostra>.

Brutto investeringsutgifter

Brutto investeringsutgifter syner investeringsutgifter korrigerte for fordelte utgifter og internsal. For å vise prioritering av nybygging, større utviklingstiltak og andre investeringar blir det brukt brutto investeringsutgifter per innbyggjar. For fleire definisjonar brukta i KOSTRA, sjå fagleg rettleiing på <http://www.ssb.no/kostra/>.

Rekneskapsfunksjonar til kulturformål – fylkeskommunar

- 740 Bibliotek
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling
- 722 Kunstproduksjon
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar²

Rekneskapsfunksjonar til kulturformål – kommunar

- 231 Aktivitetstilbod til barn og unge
- 370 Bibliotek
- 373 Kino
- 375 Museum
- 377 Kunstformidling
- 380 Idrett
- 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (ny i 2008)
- 383 Kommunale musikk- og kulturskolar
- 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbrygg³
- 386 Kommunale kulturbrygg (ny i 2008)

² Andre kulturaktivitetar (f790 fylke) omfattar funksjonar som i hovudsak arbeider utadretta mot kulturorganisasjonar og kulturtiltak i kommunane. Omfattar samfunnshus/allaktivitetshus, støtte til nærkringkasting eller anna lokal mediaverksamhet.

³ Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbrygg (f 385 kommune) omfattar i hovudsak tilskot til organisasjonar, aktivitetar, markeringar, kulturdagar og hendingar som blir drivne av eller er baserte på frivillig medverknad.

I tabellane er funksjon 381 slått saman med funksjon 380 idrett, og funksjon 386 er slått saman med funksjon 385 andre kulturaktivitetar. Årsaka til samanslåinga er at det har vore dårlig rapportering på desse funksjonane etter at dei blei innførde i kommunerekneskapen frå 2008.

1.4. Samanlikningar

Samanlikningar over tid og sted

KOSTRA-tala omfattar tal frå 1999, da kommunane kom med i KOSTRA. Frå og med 2001 er alle kommunane pålagde rapportering til KOSTRA. Både i sjølve prosjektperioden og i ettertid har det vore ein god del endringar i statistikkopplegget. Ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift innført frå 1. januar 2004 kan føre til brot i tidsserien frå 2003 til 2004. Ordninga vil kunne innebere brot i nokre sentrale rekneskapsomgrep. For nærmere forklaring viser ein til fagleg rettleiing til KOSTRA, kapitla 2B–2E. Større brot i tidsseriar kan finnast. Tala i tabellane frå 2007 gjeld kommunekonsern. Tabellane for kapittel 3.3 omfattar utgiftene som kommunane har til kulturformål.

Samanheng med annan statistikk

Eventuell samanheng mellom førebelse og endelege tal, korttidsstatistikk og årsstatistikk innanfor same emne, og høve til å samanlikne med annan statistikk innanfor same område, vil det bli gitt informasjon om for kvart enkelt område.

Referansar

Norsk Tipping: *Års- og samfunnsrapport 2009* (<https://www.norsk-tipping.no/selskapet/samfunnsansvar/rapportering>).
Prop. 1 S (2011-2012). Kulturdepartementet (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/regpubl/prop/2011-2012/prop-1-s-20112012.html>).

Meir informasjon

Norsk Tipping: Spelemedlane (<http://www.spilemidlene.no>).

Tabell 1.1.1 Utgifter til kulturformål over Kulturdepartementets budsjett 2005-2010. Rekneskapstal 2005-2010. Løyvingar.
Millionar kroner og prosent

	Absolutte tal						Prosent					
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2005	2006	2007	2008	2009	2010
I alt	6 512,0	6 822,5	7 316,2	7 934,4	9 090,9	7 911,3	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Administrasjon m.m. ¹	152,7	165,6	177,2	179,7	195,4	182,8	2,3	2,4	2,4	2,3	2,1	2,3
Frivillighetsformål i alt	380,4	383,7	439,6	465,7	800,5	794,0	5,8	5,6	6,0	5,9	8,8	10,0
Frivillighetsformål	262,4	263,6	292,9	309,2	596,6	574,5	4,0	3,9	4,0	3,4	6,6	7,3
Kultur og samfunn	-	-	-	-	25,9	34,2	-	-	-	-	0,3	0,4
Tilskot til trussamfunn m.m.	118,0	120,1	146,7	156,4	178,0	185,3	1,8	1,8	2,0	2,0	2,0	2,3
Kulturformål i alt	3 990,8	4 128,9	4 465,6	4 954,4	5 536,9	5 943,7	61,3	60,5	62,4	62,4	60,9	75,1
Allmenne kulturformål ²	355,6	304,5	358,0	394,3	411,9	410,0	4,7	4,5	4,9	4,9	4,5	5,2
Kulturbrygg ³	152,5	24,5	37,4	80,0	207,4	174,8	0,4	0,4	0,5	1,0	2,3	2,2
Norsk kulturråd ⁴	260,7	287,0	300,1	39,6	39,9	43,2	4,4	4,2	4,1	0,5	0,4	0,5
Kunstnarformål	302,4	310,6	325,1	345,1	364,9	378,6	4,8	4,6	4,4	4,3	4,0	4,8
Biletkunst mv.	293,2	278,7	303,4	343,2	378,0	409,7	4,3	4,1	4,1	4,3	4,2	5,2
Musikkformål	482,6	508,0	560,8	708,5	811,5	904,3	7,8	7,4	7,7	8,9	8,9	11,4
Scenekunstformål	900,5	963,9	1 059,2	1 254,7	1 374,9	1 521,6	14,8	14,1	14,5	15,8	15,1	19,2
Samordningstiltak for arkiv, bibliotek og museum	102,2	118,9	127,4	128,7	136,3	145,8	1,8	1,7	1,7	1,6	1,5	1,8
Språk-, literatur- og bibliotekformål	419,9	493,2	484,9	651,3	723,5	775,7	7,6	7,2	6,6	8,2	8,0	9,8
Museums- og andre kulturverIFORMÅL	515,7	613,1	675,0	756,5	808,4	871,0	9,4	9,0	9,2	9,5	8,9	11,0
Arkivformål	205,5	226,5	234,3	252,7	280,2	309,0	3,5	3,3	3,2	3,2	3,1	3,9
Film og media	781,7	850,7	880,8	900,4	946,8	990,8	12,0	12,5	12,0	11,3	10,4	12,5
Den norske kyrkjA⁵	1 206,3	1 293,7	1 352,9	1 434,1	1 611,5	..	19,9	19,0	18,5	18,1	17,7	..
Prosent av statlege midlar i alt ⁶	0,6	0,5	0,6	0,6	0,6	0,6
Prosent av BNP i alt	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3	0,3

¹ Gjeld drift av Kulturdepartementet og Lotteri- og stiftelsestilsynet. ² Ikke inkl. løyvingar til kulturbrygg og midlar frå Norsk kulturfond.

³ Inkl. nasjonale, regionale og lokale kulturbrygg. Midlar frå Norsk kulturfond er ikkje medrekna. ⁴ Inkl. berre Norsk kulturfond.

⁵ Frå 1.1.2010 hører Den norske kyrkja til eit anna departement, Fornings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.2. Hovudfordeling av spelemidlar til idrettssektoren. 2002-2010. Millionar kroner

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
I alt	858,3	1 050,0	1 200,0	1 200,0	1 200,0	1 250,0	1 418,0	1 558,4	1 558,5
Idrettsanlegg	415,0	546,5	656,2	665,5	664,4	695,0	690,0	687,6	749,6
Nasjonalanlegg/spesielle anlegg	13,0	26,0	22,6	5,2	1,5	13,1	19,6	26,4	27,1
Forsknings- og utviklingsarbeid	20,9	24,7	23,4	23,6	22,8	24,0	20,4	9,6	20,1
Spesielle aktivitetar	23,9	33,4	37,9	36,7	42,3	40,9	41,0	47,8	49,7
Norges Idrettsforbund og Olympiske Komité	299,5	314,4	340,0	349,0	349,0	352,0	354,0	354,0	556,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	86,0	105,0	120,0	120,0	120,0	125,0	125,0	125,0	156,0
Overgangsmidlar	-	-	-	-	-	-	168,0	308,0	-

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.3. Hovedfordeling av spelemedialer til kultur. 2004-2010. Millionar kroner

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
I alt	300,0	400,0	400,0	416,7	416,7	416,7	416,7
Den kulturelle skolesekken							
Lokale tiltak	84,0	128,0	128,0	134,0	147,5	147,5	157,5
Grunnskolen	-	-	-	128,0	122,0	122,0	122,5
Vidaregående skole	-	-	-	6,0	25,5	25,5	35,0
Sentrale prosjekt	36,0	32,0	33,0	33,0	19,5	19,5	9,5
Frifond¹	90,0	120,0	120,0	125,0	125,0	125,0	125,0
Kulturbrygg							
Regionale kulturbrygg	26,0	-	-	-	-	-	-
Lokale kulturbrygg	29,0	-	-	-	-	-	-
Desentralisert ordning for tilskot til kulturhus	-	48,0	48,0	49,7	49,7	49,7	49,7
Regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur	35,0	72,0	71,0	75,0	75,0	75,0	75,0

¹ Frifond er midlar frå overskotet i Norsk Tipping og gitt til barn og ungdom som driv med frivillige aktivitetar innanfor kultur eller andre fritidsaktivitetar.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 1.1.4. Den kulturelle skolesekken i grunnskolen¹. Inntekter og utgifter. 2006/2007-2009/2010

	2006/2007	2007/2008	2008/2009	2009/2010
- 1 000 kroner -				
Inntekter totalt	214 863	226 606	228 173	214 592
Spelemedialar ²	122 157	121 930	122 367	122 015
Eigne midlar/eigeninnsats	45 518	49 359	55 749	34 606
Refusjonar ³	27 353	33 489	32 833	38 123
Eigendalar frå kommunane	17 039	18 492	11 415	14 505
Anna ⁴	2 795	3 334	5 810	5 343
Utgifter totalt	202 217	207 113	208 375	190 577
Formidling/innhald	106 833	110 941	109 710	103 615
Administrasjon	35 683	33 055	36 595	22 084
Nettverk og kompetanseutvikling	1 983	3 045	3 569	2 308
Nettverk anna	2 912	2 384	2 369	1 770
Overføringer til kommunane	53 560	55 036	53 873	59 084
Anna	1 246	2 653	2 259	1 716

¹ Basert på rapportar frå fylkeskommunane. ² Fylkeskommunens eigne spelemedialar. ³ Frå Rikskonsertene og Norsk scenekunstbruk. ⁴ Inkludert renteinntekter.

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Norsk kulturråd.

Tabell 1.2.1. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane, etter fylke. 2006-2010. Millionar kroner¹

	Netto driftsutgifter i alt	Bibliotek	Museum	Kunstformidling	Kunstproduksjon	Idrett	Andre kulturaraktivitetar
2006	873,8	116,5	230,1	262,8	47,0	85,9	131,5
2007	943,7	124,4	264,9	268,7	56,0	59,9	169,8
2008	972,6	118,5	242,2	249,5	62,9	89,1	210,5
2009	1 022,3	126,6	306,7	280,8	59,0	-8,3	257,5
2010	1 127,2	132,3	316,9	325,0	70,0	60,4	222,7
2010							
Østfold	62,3	6,7	13,6	12,3	1,5	8,6	19,6
Akershus	0,7	12,2	17,2	17,5	2,4	-54,7	6,1
Oslo	4,9	4,9	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark	53,5	4,8	13,1	26,5	0,2	1,8	7,0
Oppland	65,0	6,3	12,3	29,4	4,2	7,8	5,1
Buskerud	53,2	8,4	18,0	13,9	0,3	3,2	9,4
Vestfold	66,9	7,0	28,5	14,4	0,2	4,2	12,5
Telemark	45,7	5,5	10,9	7,5	1,5	8,0	12,3
Aust-Agder	34,4	5,9	11,5	6,8	2,2	2,9	5,1
Vest-Agder	46,8	2,5	14,6	22,2	0,1	4,7	2,8
Rogaland	99,9	3,7	25,9	26,1	8,1	0,0	36,1
Hordaland	126,7	6,8	40,4	29,3	0,0	26,9	23,4
Sogn og Fjordane	57,5	5,8	17,3	9,5	0,0	0,2	24,8
Møre og Romsdal	66,7	8,2	17,3	24,8	0,3	12,3	3,8
Sør-Trøndelag	83,1	7,1	23,8	35,2	0,0	3,0	13,9
Nord-Trøndelag	57,1	4,0	15,8	17,5	0,3	11,4	8,1
Nordland	88,0	14,3	22,9	19,0	9,5	4,4	17,8
Troms/Romsdal	76,5	9,5	10,4	9,8	28,8	12,1	5,8
Finnmark/Finnmárku	38,4	8,6	3,4	3,2	10,3	3,8	9,0

¹ Tabellen er oppdatert med 2010-tall 14. februar 2012.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.2.2. Netto driftsutgifter til kulturformål i fylkeskommunane, etter fylke. 2006-2010. Prosent

	Bibliotek	Museum	Kunst-formidling	Kunst-produksjon	Idrett	Andre kulturaktivitetar
2006	13,3	26,3	30,1	5,4	9,8	15,0
2007	13,2	28,1	28,5	5,9	6,3	18,0
2008	12,2	24,9	25,7	6,5	9,2	21,6
2009	12,4	30,0	27,5	5,8	-0,8	25,2
2010	11,7	28,1	28,8	6,2	5,4	19,8
2010						
Østfold	10,8	21,9	19,8	2,4	13,8	31,4
Akershus
Oslo	100,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Hedmark	9,0	24,4	49,6	0,5	3,4	13,2
Oppland	9,6	18,9	45,3	6,4	12,0	7,8
Buskerud	15,7	33,9	26,2	0,6	5,9	17,7
Vestfold	10,5	42,7	21,5	0,4	6,2	18,8
Telemark	12,0	23,8	16,5	3,3	17,5	26,9
Aust-Agder	17,2	33,4	19,7	6,4	8,5	14,9
Vest-Agder	5,4	31,1	47,4	0,1	10,0	6,1
Rogaland	3,7	25,9	26,1	8,1	0,0	36,1
Hordaland	5,3	31,8	23,1	0,0	21,2	18,5
Sogn og Fjordane	10,1	30,0	16,5	0,0	0,3	43,1
Møre og Romsdal	12,2	26,0	37,1	0,5	18,5	5,7
Sør-Trøndelag	8,6	28,7	42,4	0,0	3,6	16,7
Nord-Trøndelag	7,0	27,7	30,6	0,5	20,0	14,1
Nordland	16,3	26,1	21,6	10,8	5,0	20,2
Troms Romsa	12,4	13,7	12,8	37,7	15,8	7,6
Finnmark Finnmárku	22,4	9,0	8,4	26,9	9,9	23,5

¹ Netto driftsutgifter for kategorien idrett ligg på -54,7 millionar kroner, medan netto driftsutgifter i alt er 0,7 millionar, derfor gir det inga mening å rekne ut prosentdelen av totalen.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.2.3. Netto og brutto driftsutgifter og brutto investeringsutgifter til kulturformål. 2003-2010. Fylkeskommunar. Millionar kroner

	Netto driftsutgifter	Brutto driftsutgifter	Brutto investeringsutgifter
2003	781,7	1 639,3	38,4
2004	788,8	1 624,3	44,0
2005	735,1	1 625,5	56,7
2006	873,8	1 772,2	38,4
2007	943,7	1 856,9	15,5
2008	972,6	1 920,0	64,5
2009	1 022,3	2 290,0	168,3
2010	1 127,2	2 271,0	64,3
Gjennomsnitt 2008-2010			
Heile landet	1 040,7	2 160,3	99,0
Østfold	45,2	107,7	9,9
Akershus	49,8	155,1	0,0
Oslo	0,8	17,9	0,0
Hedmark	50,5	94,2	0,4
Oppland	54,1	93,7	0,2
Buskerud	49,6	108,9	0,0
Vestfold	58,6	113,2	20,3
Telemark	31,5	73,3	0,0
Aust-Agder	30,7	70,0	0,9
Vest-Agder	35,1	77,2	5,5
Rogaland	106,5	198,5	0,1
Hordaland	108,5	206,3	3,9
Sogn og Fjordane	51,9	98,2	6,8
Møre og Romsdal	59,7	126,3	0,1
Sør-Trøndelag	78,0	141,4	0,0
Nord-Trøndelag	48,2	95,5	0,7
Nordland	81,8	168,5	47,9
Troms Romsa	63,5	131,2	1,3
Finnmark Finnmárku	36,7	83,3	1,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.2.4. Netto driftsutgifter til kulturformål i prosent av totale netto driftsutgifter. Fylkeskommunar. 2005-2010

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Heile landet	1,58	1,79	1,78	1,68	1,67	1,65
Østfold	2,05	2,70	2,09	2,08	1,77	2,85
Akershus	1,95	2,00	1,94	1,75	2,00	0,02
Oslo	0,10	0,00	0,05	-0,02	0,01	0,02
Hedmark	3,40	3,10	3,21	2,96	3,08	2,91
Oppland	2,18	2,20	2,51	2,75	3,52	3,59
Buskerud	2,76	2,70	2,92	2,63	2,75	2,53
Vestfold	2,61	3,60	2,82	2,89	4,08	3,55
Telemark	1,68	2,50	2,30	2,50	1,29	3,03
Aust-Agder	2,54	2,60	3,80	4,39	2,29	3,44
Vest-Agder	4,08	8,10	4,97	2,25	2,40	3,09
Rogaland	2,93	3,30	3,61	3,65	3,09	2,64
Hordaland	2,55	2,90	3,29	2,68	2,76	2,77
Sogn og Fjordane	2,87	3,10	3,91	3,80	4,16	3,47
Møre og Romsdal	2,38	2,00	2,78	2,67	2,54	2,34
Sør-Trøndelag	2,44	3,30	3,48	3,69	3,38	3,27
Nord-Trøndelag	3,64	3,20	0,57	3,33	3,14	3,26
Nordland	2,80	2,70	3,56	2,57	3,30	2,69
Troms Romsa	2,77	3,20	3,66	3,53	3,06	3,42
Finnmark Finnmárku	2,53	3,50	3,43	4,38	3,94	3,72

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.1 Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2009-2010

	Netto driftsutgifter		Kroner per innbyggjar		Endring 2009/2010. Kroner per innbyggjar	Netto driftsutgifter til kultur i prosent av totale netto driftsutgifter	
	2009	2010	2009	2010		2009	2010
	—Millionar kroner—						
I alt	7 695	8 517	1 584	1 731	147	4,2	4,4
Fylke							
Østfold	345	365	1 269	1 328	59	3,6	3,7
Akershus	765	824	1 425	1 511	86	3,7	4,5
Oslo	937	1 324	1 596	2 209	612	4,4	5,0
Hedmark	255	283	1 337	1 477	140	4,4	3,7
Oppland	267	290	1 442	1 556	114	4,3	3,9
Buskerud	398	397	1 546	1 520	-26	4,7	4,1
Vestfold	324	324	1 402	1 386	-16	3,8	4,0
Telemark	313	343	1 861	2 025	164	4,1	4,9
Aust-Agder	187	191	1 720	1 738	19	3,7	4,4
Vest-Agder	277	310	1 626	1 799	173	3,8	4,6
Rogaland	840	923	1 964	2 117	153	4,0	5,6
Hordaland	766	801	1 606	1 655	49	3,7	4,3
Sogn og Fjordane	169	185	1 575	1 719	145	4,3	3,8
Møre og Romsdal	367	383	1 460	1 507	47	4,1	3,8
Sør-Trøndelag	458	497	1 578	1 691	113	5,4	4,8
Nord-Trøndelag	185	207	1 407	1 564	156	3,5	3,9
Nordland	400	405	1 694	1 706	12	4,6	4,0
Troms Romsa	245	263	1 565	1 669	104	4,5	4,1
Finnmark Finnmárku	197	203	2 699	2 764	65	5,4	5,4

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.2. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2008-2010. Millionar kroner

	Kultur i alt	Aktivitets- tilbod for barn og unge	Folke- bibliotek	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett	Kultur- og musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar
2008	7 452,0	861,1	1 177,5	60,6	273,0	423,2	2 035,5	1 022,7	1 598,4
2009	7 694,9	895,0	1 188,2	48,8	290,4	416,6	2 155,6	1 071,9	1 628,4
2010	8 517,1	948,9	1 237,9	77,7	299,1	422,9	2 598,1	1 105,5	1 827,0
2010									
Østfold	365,0	36,4	57,7	0,2	13,6	10,6	116,6	32,3	97,7
Akershus	824,4	91,3	127,6	1,7	9,3	16,8	295,2	108,6	173,9
Oslo	1 323,5	260,6	154,3	0,0	71,5	-10,6	498,5	41,6	307,6
Hedmark	283,1	32,9	51,6	10,2	6,7	11,3	67,8	46,0	56,6
Oppland	289,6	22,3	55,6	5,2	9,8	5,0	81,2	46,7	63,9
Buskerud	396,9	33,3	67,3	3,7	10,4	16,0	107,9	54,3	103,9
Vestfold	323,9	28,6	59,1	3,6	8,1	20,6	94,5	40,7	68,7
Telemark	342,6	31,5	52,1	6,0	10,1	17,5	108,1	52,0	65,4
Aust-Agder	191,3	14,2	29,9	2,9	9,1	3,3	47,8	23,7	60,2
Vest-Agder	310,2	30,8	48,4	3,1	18,6	29,6	75,4	35,5	68,7
Rogaland	923,0	86,6	88,6	6,0	41,4	78,1	260,2	126,7	235,4
Hordaland	801,3	81,4	115,1	4,0	26,6	82,3	264,6	110,9	116,5
Sogn og Fjordane	185,3	12,1	33,8	2,9	2,3	4,1	55,5	36,1	38,5
Møre og Romsdal	382,5	24,0	62,5	4,3	11,4	14,4	94,7	86,1	85,2
Sør-Trøndelag	497,2	59,7	66,9	1,6	8,2	59,8	141,2	87,8	72,0
Nord-Trøndelag	206,6	17,8	36,6	8,8	5,8	6,3	50,0	39,6	41,6
Nordland	404,8	39,6	60,3	7,6	13,2	29,3	109,1	69,0	76,8
Troms Romsa	262,9	25,8	38,7	-0,2	11,5	24,9	67,9	43,2	51,2
Finnmark Finnmark	202,9	20,1	31,9	6,1	11,5	3,6	61,9	24,6	43,2

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.3. Netto driftsutgifter for kommunekonsern til kultur, etter fylke. 2008-2010. Prosent

	Aktivitets- tilbod for barn og unge	Folke- bibliotek	Kino	Museum	Kunst- formidling	Idrett ¹	Kultur- og musikk- skolar	Andre kultur- aktivitetar ²
2008	11,6	15,8	0,8	3,7	5,7	27,3	13,7	21,4
2009	11,6	15,4	0,6	3,8	5,4	28,0	13,9	21,2
2010	11,1	14,5	0,9	3,5	5,0	30,5	13,0	21,5
2010								
Østfold	10,0	15,8	0,0	3,7	2,9	31,9	8,9	26,8
Akershus	11,1	15,5	0,2	1,1	2,0	35,8	13,2	21,1
Oslo	19,7	11,7	0,0	5,4	-0,8	37,7	3,1	23,2
Hedmark	11,6	18,2	3,6	2,4	4,0	23,9	16,2	20,0
Oppland	7,7	19,2	1,8	3,4	1,7	28,0	16,1	22,1
Buskerud	8,4	17,0	0,9	2,6	4,0	27,2	13,7	26,2
Vestfold	8,8	18,2	1,1	2,5	6,4	29,2	12,6	21,2
Telemark	9,2	15,2	1,8	2,9	5,1	31,5	15,2	19,1
Aust-Agder	7,4	15,7	1,5	4,8	1,7	25,0	12,4	31,5
Vest-Agder	9,9	15,6	1,0	6,0	9,6	24,3	11,4	22,1
Rogaland	9,4	9,6	0,7	4,5	8,5	28,2	13,7	25,5
Hordaland	10,2	14,4	0,5	3,3	10,3	33,0	13,8	14,5
Sogn og Fjordane	6,5	18,3	1,6	1,2	2,2	30,0	19,5	20,8
Møre og Romsdal	6,3	16,3	1,1	3,0	3,8	24,7	22,5	22,3
Sør-Trøndelag	12,0	13,4	0,3	1,7	12,0	28,4	17,7	14,5
Nord-Trøndelag	8,6	17,7	4,3	2,8	3,0	24,2	19,2	20,1
Nordland	9,8	14,9	1,9	3,3	7,2	27,0	17,0	19,0
Troms Romsa	9,8	14,7	-0,1	4,4	9,5	25,8	16,4	19,5
Finnmark Finnmark	9,9	15,7	3,0	5,7	1,8	30,5	12,1	21,3

¹ Gjeld funksjon 380 og 381. ² Gjeld funksjon 385 og 386.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.4. Brutto investeringsutgifter, kommunekonsern, etter rekneskapsfunksjon for kultur. 2006-2010. 1 000 kroner

	Aktivitets-tilbod for barn og unge	Folkebibliotek	Kino	Museum	Kunstformidling	Idrett ¹	Kultur- og musikk-skolar	Andre kulturaraktivitetar ²
2006	50 576	55 080	10 154	71 625	16 924	1 486 843	11 047	405 562
2007	87 958	75 997	35 821	99 715	28 723	2 038 808	11 421	852 732
2008	111 870	61 259	14 949	142 593	36 253	2 523 518	20 656	1 043 012
2009	35 202	72 654	11 286	115 625	79 462	3 308 660	7 610	1 695 872
2010	22 721	65 102	64 092	105 759	108 632	3 435 366	14 454	1 522 979
Gj.snitt 2008-2010	56 598	66 338	30 109	121 326	74 782	3 089 181	14 240	1 420 621
Østfold	448	295	1 140	1 076	1 104	102 213	548	28 779
Akershus	5 302	4 715	1 067	1 950	2 403	270 741	1 224	61 193
Oslo	20 137	4 447	-	16 324	-	805 197	-	182 046
Hedmark	661	10 018	2 781	2 279	1 594	70 632	812	38 489
Oppland	559	151	1 884	73	167	60 373	40	64 202
Buskerud	1 782	2 819	1 201	15	-4	129 348	596	19 318
Vestfold	314	1 539	3 481	11 788	2 964	70 312	1 189	93 497
Telemark	1 025	6 727	2 052	344	805	140 585	173	33 775
Aust-Agder	4 382	7 212	482	308	392	59 131	4 263	54 600
Vest-Agder	2 855	1 871	1 538	39 617	391	108 087	261	323 649
Rogaland	1 374	10 555	3 917	29 472	8 174	225 203	988	103 986
Hordaland	4 332	4 041	3 040	1 290	54 987	274 133	1 973	89 851
Sogn og Fjordane	592	149	1 358	8 504	401	61 423	475	58 928
Møre og Romsdal	2 962	1 141	778	257	2	234 483	598	63 959
Sør-Trøndelag	2 721	2 006	594	253	728	118 587	7	79 560
Nord-Trøndelag	996	4 747	1 180	568	-	102 798	63	13 933
Nordland	4 275	980	2 146	4 778	446	110 016	711	40 319
Troms Romsa	869	1 728	493	165	216	106 673	295	7 857
Finnmark Finnmark	1 010	1 199	977	2 264	12	39 246	23	62 680

¹ Gjeld funksjon 380 og 381. ² Gjeld funksjon 385 og 386.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 1.3.5. Frivillige lag og foreiningar som får driftstilskot frå kommunane. KOSTRA-skjema 17. 2007-2010

Lag/foreining	Talet på lag/ foreiningar				Samla driftstilskot. 1 000 kroner			
	2007	2008	2009	2010	2007	2008	2009	2010
I alt	24 122	19 850	20 470	20 999	540 361	535 374	581 806	614 859
Song- og musikkforeiningar	3 508	3 218	-	-	58 522	58 389	-	-
Teater og danseforeiningar	721	596	-	-	15 189	12 069	-	-
Frivillige barne- og ungdomsforeiningar	8 176	¹ 5 979	5 759	5 947	153 012	² 143 973	156 947	158 830
Idrettslag/skytarlag	5 677	4 605	-	-	238 349	255 531	-	-
Andre foreiningar ³	6 040	5 452	14 711	15 052	75 289	65 412	424 859	456 029

¹ Skjema 17 vart endra i 2007. På grunn av moglege dobbelrapporteringar, kan ikkje tala utan vidare samanliknast med tidlegare år. ² Berekningsgrunnlaget for tilskot til frivillige barne- og ungdomsforeiningar er endra i 2007. Beløpet for 2007 og 2008 er henta frå kommunerekneskapen funksjon 231/art470. ³ Frå 2009 er song- og danseforeiningar, frivillige barne- og ungdomsforeiningar og idrettslag/skytarlag med i summen.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

2. Privat forbruk


2.1. Nokre resultat

12,5 prosent av hushaldsbudsjettet til kultur og fritid

Forbruksundersøkinga 2007-2009 viser at utgiftene til kultur og fritid var den tredje største utgelta, med 49 000 kroner, og utgjorde 12,5 prosent av dei årlege utgiftene til hushalda. Til samanlikning gjekk 31 prosent av hushaldsbudsjetten til bustad, lys og brensel, 16 prosent til transport og 12 prosent til matvarer og alkoholfri drikke.

Samanlikna med tidlegare år har forbruket til kultur og fritid halde seg relativt stabilt i forhold til det totale forbruket per hushald. I perioden 1999-2009 har delen til kultur og fritid variert mellom 12,0 til 12,8 prosent, jamfør figur 2.1. På 2000-talet har forbruket til kultur og fritid med andre ord auka nokolunde jamt med det totale forbruket per hushald. Ser ein heile perioden under eitt, har forbruket til kultur og fritid auka med 37 prosent, mens det totale forbruket har auka med 36 prosent, frå 1999-2001 til 2007-2009.

Figur 2.1. Del til kultur og fritid per hushald av total forbruksutgift. Frå 1999-2001 til 2007-2009. Prosent



Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Innanfor tenestegruppa kultur og fritid var dei årlege utgiftene for 2007-2009 følgjande på dei ulike grupperingane:


- Audiovisuelt utstyr – 8 900 kroner
- Andre varer, kultur og fritid – 5 500 kroner
- Anna utstyr, fritid og hage – 9 300 kroner
- Tenester, kultur og fritid – 11 200 kroner
- Aviser, bøker og skrivemateriell – 5 800 kroner
- Feriereiser, pakketurar – 8 700 kroner

Ser ein på dei ulike typane hushald, er det til dels store skilnader. Hushald beståande av par med barn, der yngste barnet er mellom 7 og 19 år, brukte mest pengar på kultur og fritid, 91 000 kroner, eller 14,7 prosent av totale forbruksutgifter. Dei som brukte minst på kultur og fritid i forhold til totalt forbruk, var einslege med barn under 20 år, med 39 400 eller 11,2 prosent. Jamfør tabell 2.1.

For gruppa tenester, kultur og fritid syner tala at einpersonshushald brukte forholdsvis meir enn dei andre hushaldstypane. 30 prosent av kulturbudsjetten til einpersonshushald gjekk til tenester, kultur og fritid, mens dei andre

hushaldstypene brukte mellom 18 og 23 prosent. Innanfor gruppa tenester, kultur og fritid bruker hushald med barn minst på spel og lotteri, mens dei andre hushaldstypene bruker minst på sports- og fritidstenester. Par med barn, der yngste barn er mellom 7 og 19 år brukte derimot mest på sports- og fritidstenester. Jamfør figur 2.2.

Figur 2.2. Årlege utgifter per hushald til tenester, kultur og fritid, etter type hushald. 2009-prisar. Kroner




Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Ser ein på forholdet mellom typar hushald i dei andre gruppene, skil einpersonshushald seg ut ved at dei bruker relativt mykje på bøker (5,2 prosent av totalt kulturforbruk) og aviser og tidsskrift (8,2 prosent). Par utan barn bruker også relativt mykje på aviser og tidsskrift (8,3 prosent), men ikkje på bøker (3,4 prosent). Par med barn, der yngste barn er mellom 0 og 6 år, bruker relativt mykje på spel, leiker og hobby (9,3 prosent av totalt kulturforbruk), men også ein del på utstyr til sport og camping (6,4 prosent). Einslege med yngste barn under 20 år bruker også ein del på spel, leiker og hobby (5,0 prosent), men dei bruker meir på utstyr til sport og camping (9,0 prosent). Par med barn, der yngste er mellom 7 og 19 år er dei klart største forbrukarane av større gjenstandar for utandørs rekreasjon, med 19,5 prosent av totalt kulturforbruk. Par utan barn bruker forholdsvis mest på feriereiser, pakketurar (21,0 prosent).


Nasjonalrekneskapen – Konsum i hushald til ulike kulturgode og fritidstenester

Førebelse tal frå nasjonalrekneskapen (jamfør kapittel 2.2) syner at dei norske hushalda brukte til saman over 126 milliardar kroner i 2010 til ulike typar kulturgode og fritidstenester. Dette er ein auke på 7 milliardar kroner, eller 6 prosent frå 2009. Veksten ligg litt høgare dette siste året enn dei to åra før. I 2010 utgjorde fritidstenester 51 milliardar kroner, eller 41 prosent, av det totale kulturkonsumet. Aviser, blomster og anna ikkje-varige fritidsvarer kom på 25 milliardar kroner, eller 20 prosent. Foto- og IT-utstyr utgjorde 22 milliardar, eller 18 prosent, og sportsutstyr, hobbyartiklar, leiker mv. utgjorde 20 milliardar, eller 16 prosent. Jamfør tabell 2.2 og figur 2.3.

Figur 2.3. Konsum i hushald, etter type kulturgode. 2010. Prosent

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

Konsumet til fritidstenester auka med 5 milliardar kroner, eller 11 prosent, frå 2009. Auken i prosent har aldri vore så stor sidan 1999, sjølv om han frå 1999 til 2000 ikkje var langt unna, med 9 prosent. Konsumet til fritidstenester stod klart for den største delen av auken i kulturkonsumet frå 2009 til 2010, da auken i dei fire andre gruppene låg mellom 1 og 4 prosent. Jamfør figur 2.4.


Figur 2.4. Konsum i hushald, hovudgrupper, gjeldande prisar. 1999- 2010. Millionar kroner

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

Dei reviderte tala for gruppa fritidstenester i perioden 2000-2009 syner at konsumet i gjeldande prisar har auka frå 32 milliardar til over 46 milliardar kroner. Konsumet til gruppa kulturelle tenester og underhaldning har auka mest og var på nesten 17 milliardar kroner i 2009. Konsumet til pakketurar hadde ein liten nedgang frå 2008 til 2009. Konsumet til lotteri- og totalisatorspel har halde seg stabilt, men ser ein tilbake på 2005, har konsumet gått ned med heile 4 milliardar. Delen til kulturelle tenester og underhaldning utgjorde 36 prosent av forbruket for gruppa fritidstenester. Til samanlikning var delen til denne gruppa 26 prosent i år 2000. Delen til dei andre tre store gruppene – pakketurar, lotteri- og totalisatorspel

og sport og fritidstenester har i same tidsrom gått ned, frå høvesvis 30 til 27 prosent, 24 til 18 prosent og 19 til 16 prosent. Jamfør figur 2.5.

Figur 2.5. Konsum i hushald, gruppa fritidstenester, gjeldande prisar. 1997-2008. Millionar kroner



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

2.2. Om statistikken – privat forbruk

Statistisk sentralbyrå (SSB) nyttar to ulike metodar for å kunne syne det private forbruket til ulike kulturgode og tenester i det norske samfunnet. Den eine er forbruksundersøkinga, den andre er nasjonalrekneskapen. Inndelinga i hovudgrupper er noko ulik i desse to kjeldene, men undergruppene er nesten heilt like.

Forbruksundersøkinga

Statistisk sentralbyrås forbruksundersøking er lagt om frå å vere ei årleg til ei periodisk undersøking. Dei nyaste tala er frå 2009, og det blir dermed ikkje presentert nyare tal i dette kapittelet. Neste datainnsamling vil bli i 2012, med publisering av resultat i 2013.

Nasjonalrekneskapen

Nasjonalrekneskapen viser utviklinga i norsk økonomi. Utviklinga blir målt ved bruttonasjonalproduktet og andre hovudstorleikar. Rekneskapen inneheld også mange tal for ulike delar av samfunnsoøkonomien, mellom anna om næringer, hushald, arbeidsmarknad og utanrikshandel. Nasjonalrekneskapen byggjer på tal frå dei fleste av SSBs økonomiske statistikkar. Det finst tal frå nasjonalrekneskapen heilt tilbake til 1865. Nasjonalrekneskapen er viktig for utforminga av den økonomiske politikken.

Meir informasjon

Temaside - forbruket i hushalda (<http://www.ssb.no/forbruk>).
Temaside - nasjonalrekneskap (<http://www.ssb.no/regnskap>).

Tabell 2.1. Utgift per hushald, etter type hushald og etter vare- og tenestegruppe. 2007-2009. Kroner

09 Vare- og tenestegruppe	Alle hus-haldninger	Enperson-hus-haldninger	Par utan barn	Par med barn, yngste barn 0-6 år	Par med barn, yngste barn 7-19 år	Mor eller far med barn, yngste barn 0-19 år	Andre hus-haldninger
Forbruksutgift i alt	395 093	251 601	437 098	567 062	617 984	352 276	426 663
Kultur og fritid i alt	49 343	30 885	53 363	65 897	90 955	39 427	49 449
Personar per hushaldning	2,19	1,00	2,00	4,06	3,92	2,39	2,88
091 Audiovisuelt utstyr	8 894	5 980	8 980	11 773	14 296	8 634	10 439
Udstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilet	4 347	3 014	4 890	5 833	6 698	3 266	4 557
Norsk scenekunstbruk formidlar fri profesjonell scenekunst. I 2010 blei det formidla 64 produksjonar gjennom Norsk scenekunstbruk sitt nettverk, 8 fleire enn i 2009 og er no på same nivå som i 2007 og 2009. Desse 64 produksjonane hadde til saman 2 911 framsyningar, 2 533 av desse var for barn og unge. Talet på framsyningar i 2010 representerer ein auke på drygt 350. Framsyningane hadde totalt ei oppslutning på 269 500 tilskodarar, ein auke på godt over 30 000 tilskodarar. Etter nokre år med nedgang i talet på barn og unge ser det no ut til at dette talet er stigande. Både i 2009 og 2010 er det blitt fleire barn og unge publikumarar. I 2009 var 91 prosent av tilskodarane barn og unge. I 2010 var prosentdelen gått ned til 83, men som nemnt over er både det totale tilskodartalet gått opp og tilskodartalet for barn og unge. Også talet på framsyningane retta mot barn og unge auka med 150 frå 2009 til 2010. Sidan 2000 har talet på framsyningar firedobla seg, og tilskodarar på framsyningane til Norsk scenekunstbruk har meir enn tredobla seg (jamfør tabell 5.4).

53 prosent på teater, musical eller revy siste tolv månader i 2008

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå denne og tidlegare undersøkingar er presenterte i kulturstatistikk 2008 og 2009. Figur 5.4 gir eit bilete av kor mange prosent som hadde vore på teater, musical eller revy, opera eller operette og ballett- eller danseframsyning siste tolv månader i åra 1997, 2000, 2004 og 2008.

Figur 5.4. Personar som har vore på ballett eller danseframsyning, opera- eller operetteframsyning og teater, musical dei siste tolv månadene. 1997-2008. Prosent



Kjelde: Norsk kulturbartometer.

5.2. Om statistikken og dei ulike scenekunstorganisasjonane

Norsk teater- og orkesterforening (NTO)

NTO, jamfør avsnitt 6.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO har 44 medlemmer innanfor teater, dans, opera, kor og orkester- og folkemusikk. Medlemmene består av nasjonale og regionale institusjonar innanfor teater, opera, orkester og dans og offentleg støtta programmerande teater, produserande teater og scener,

profesjonelle kor, ensemble og orkester. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekke arbeidstakarorganisasjonar (<http://www.nto.no>).

Tala som blir presenterte i tabellar og figurar, kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, då medlemstalet i NTO har auka nesten kvart år med eitt medlem. I statistikken for 2010 har talet på medlemsinstitusjonar halde seg stabilt frå 2009. Også talet på framsyningar har vore utilfredsstillande rapportert for nokre teater dei siste åra, men for 2010 har alle dei 31 teatra rapportert både framsyningar og tilskodartal.

*Danse- og teatersentrum
(DTS)*

Danse- og teatersentrum (DTS) er eit kompetansesenter som fremmar profesjonell scenekunst nasjonalt og internasjonalt. DTS arbeider primært med fri scenekunst i Noreg. Organisasjonen blei etablert som interesseorganisasjon i 1977, på initiativ frå kunstnarar i det frie scenekunstfeltet. Hovudmålet var å få etablert ei støtteordning for scenekunstgrupper som arbeidde utanfor institusjonane. DTS er organisert som ein nettverksorganisasjon. (Danse- og teatersentrum, Om DTS). Heller ikkje tala for det frie scenekunstfeltet kan heilt samanliknast då talet på medlemmer som sender rapportar til DTS, varierer noko frå år til år. I 2009 var 93 produksjonseiningar/samanslutningar medlemmer i DTS. Tala som er rapporterte i tabellen, gjeld både medlemmer av DTS og ikkje-medlemmer.

Norsk scenekunstbruk

Norsk scenekunstbruk er den største og viktigaste landsdekkjande formidlaren av scenekunst for aldersgruppa 0-20 år. Norsk scenekunstbruk er også den nasjonale aktøren i formidling av scenekunst i Den kulturelle skolesekken (DKS). Norsk scenekunstbruk har eit medlemsnettverk av fylkeskommunar og deira lokale arrangørar. Det blir lagt stor vekt på aktive og medverkande arrangørar for å auke kompetansen og interessa for scenekunst lokalt. Nettverket omfatta i 2010 18 fylke (ikkje Oslo) og 429 kommunar. Frå 2009 er forvaltninga av produksjonsmidlane til scenekunst for barn og unge innanfor DKS flytta frå Norsk kulturråd til Norsk scenekunstbruk AS. Nokre av gruppene rapporterer òg tal på produksjonar og tilskodarar gjennom DTS (<http://www.scenekunstbruket.no> – 2011).

Norsk teaterråd

Norsk teaterråd er ein landsomfattande paraply- og interesseorganisasjon på det frivillige scenekunstfeltet. Organisasjonen har 16 medlemsorganisasjonar i 2010, enkelte er landsdekkjande, andre er regionale. Tala frå Norsk teaterråd er ikkje oppdaterte for 2009. Tabell 5.5 syner derfor tala for 2008, den same tabellen som i Kulturstatistikk 2009. I 2008 rapporterte elleve medlemsorganisasjonar aktivitet til Norsk teaterråd. Nokre av medlemmene driv berre med amatørteater, andre arbeider på fleire kulturområde. Norsk teaterråd har fylkesråd i fleire fylke. Norsk teaterråd forvaltar fleire offentlege tilskotsordningar, under dette Frifond teater, Scenetekstfondet og Spelfondet (<http://www.teater.no> – 2010).

Frifond teater

Frifond teater er ein del av Frifond, ei støtteordning oppretta av Stortinget for å betre dei økonomiske rammevilkåra for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokalsamfunn. Frifond teater har som mål å gi støtte til amatørgrupper innanfor teater, levande rollespel og dans. Det blir òg gitt tilskot til framsyningar og kurs i eigen regi, men òg til større arrangement. Målsetjinga med ordninga Frifond teater er å medverke til at interessa for teater og dans på lokalt plan aukar (<http://www.frifond.no/teater>).

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildel. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008 (<http://www.ssb.no/kulturb>) og i Kulturstatistikk 2008 og 2009 (http://www.ssb.no/nos_kultur).

Referansar

Danse- og teatersentrum (<http://www.danseogteatersentrum.no>).
Frifond teater (<http://www.frifond.no/teater>).
Norsk scenekunstbruk (<http://www.scenekunstbruket.no>).
Norsk teater- og orkesterforening (<http://www.nto.no>).
Norsk teaterråd (<http://www.teater.no>).

Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive» (<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>).
Taule, Liv (red) (2010): Kulturstatistikk 2009, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).
Vaage, Odd Frank (2009): Norsk kulturbarmometer 2008, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/kulturbar>).
Vaage, Odd Frank (2009): Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 5.1. Framsyningar og tilskodarar ved teater¹ og opera. 2003-2010

	Framsyningar		Tilskodarar		Tilskodarar per framSYNING		TurnéframSYNINGAR ²	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Fram- syningar	Til- skodarar
2003	7 522	3 304	1 549 064	663 119	206	201	2 339	414 486
2004	8 149	3 455	1 621 290	670 996	198	194	2 668	448 377
2005	8 677	4 065	1 561 253	687 328	180	169	2 901	421 860
2006	9 624	3 884	1 781 755	651 160	185	168	3 346	461 115
2007	9 268	3 664	1 792 395	663 901	193	181	3 119	459 295
2008	9 803	4 198	1 858 855	717 027	190	171	3 125	452 732
2009	9 721	4 254	1 785 255	646 920	184	152	3 277	432 205
2010	9 721	3 408	1 830 175	584 779	188	172	2 890	388 533
2010								
Agder Teater	220	102	40 051	17 809	182	175	67	4 868
Akershus teater	417	328	46 956	39 512	113	120	417	46 956
Avant Garden	270	15	16 373	675	61	45	9	1 085
BIT Teatergarasjen	177	-	16 034	-	91	-	-	-
Black Box Teater	182	30	12 040	1 428	66	48	-	-
Brageteatret	555	555	51 954	51 954	94	94	483	44 766
Carte Blanche Norges nasjonale kompani for samtidsdans	111	20	20 903	5 275	188	264	50	13 109
Dansens hus	134	16	19 996	2 794	149	175	39	5 356
Den Nationale Scene	699	309	146 050	66 811	209	216	31	3 939
Den Norske Opera & Ballett	413	67	275 518	14 421	667	215	25	7 980
Den Nye Opera	29	-	32 066	-	1 106	-	-	-
Det Norske Teatret	947	140	163 684	38 023	173	272	45	6 182
Det samiske nasjonalteatret Beaivvás .	87	-	9 070	-	104	-	60	5 214
Dramatikkens hus ³	114	33	5 998	1 894	53	57	-	-
Haugesund Teater	161	155	29 086	28 738	181	185	2	9 274
Hordaland Teater	142	101	16 839	10 992	119	109	63	8 022
Hålogaland Teater	399	147	58 064	26 968	146	183	84	14 168
Nationaltheatret	707	90	195 004	65 785	276	731	45	5 706
Nordland Teater	212	85	24 530	12 116	116	143	119	13 097
Nord-Trøndelag Teater	64	34	5 423	2 769	85	81	36	2 673
Opera Sør	58	47	23 566	20 883	406	444	4	629
Oslo Nye Teater	546	-	131 904	-	242	-	-	-
Riksteatret	667	260	162 251	56 798	243	218	468	118 385
Rogaland Teater	674	301	122 413	53 443	182	178	131	6 555
Sogn og Fjordane Teater	139	45	10 300	1 090	74	24	127	9 300
Teater Ibsen	257	174	33 228	18 572	129	107	174	22 532
Teater Innlandet ⁴	316	152	22 978	11 316	73	74	265	20 648
Teater Manu - norsk tegnspråkteater ...	54	-	4 238	-	78	-	-	-
Teatret Vårt	301	143	30 684	19 408	102	136	140	17 779
Trøndelag Teater	445	59	86 745	15 305	195	259	6	310
Østfold teater	224	-	16 229	-	72	-	-	-

¹ Gjeld dei teatra som er medlemmer i NTO. ² Medrekna turnéar i utlandet. ³ Frå 1.1.2010 inngår Det Åpne Teater i Dramatikkens Hus. ⁴ Endra namn frå Hedmark teater til Teater Innlandet i 2009.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening og dei enkelte teatra.

Tabell 5.2. Økonomiske nøkkeltal for tilskotsteatra. 2003-2010. 1 000 kroner

	Tilskot frå staten	Regionale driftstilskot	Andre inntekter	Driftskostnader	Årsverk
2003	676 677	79 247	190 493	928 878	1 492
2004	713 929	83 109	210 210	997 988	1 536
2005	741 239	86 885	220 121	1 041 651	1 594
2006	787 079	94 119	274 664	1 144 229	1 636
2007	851 288	103 411	247 350	1 198 479	1 671
2008	946 586	131 709	373 110	1 473 136	1 791
2009	1 026 506	142 884	350 556	1 467 137	1 810
2010	1 139 253	153 463	379 659	1 619 602	1 849
2010					
Agder Teater ¹	19 633	8 421	8 553	36 041	47
Beaivvás Sámi Teáhter ²	-	16 407	495	16 360	21
Carte Blanche A/S	20 030	8 585	2 020	29 064	32
Den Nationale Scene ³	95 623	-	31 807	128 154	161
Den Norske Opera og Ballett	440 422	-	149 115	581 600	625
Det Norske Teatret	137 077	-	43 273	169 788	180
Haugesund Teater	8 662	3 714	3 178	15 205	15
Hedmark Teater ⁷	4 672	1 001	1 926	9 223	-
Hordaland Teater	9 229	3 980	1 167	13 878	9
Hålogaland Teater	41 098	17 613	8 572	61 331	71
Nationaltheatret ⁴	155 590	-	56 151	205 882	254
Nord-Trøndelag Teater ⁵	7 577	5 304	1 419	13 734	13
Nordland Teater	22 407	9 603	4 614	33 022	30
Peer Gynt-stemnet ⁶	3 512	2 088	10 260	14 939	8
Rogaland Teater	46 893	21 391	25 457	86 925	114
Sogn og Fjordane Teater	15 761	6 755	1 227	21 566	23
Teater Ibsen	20 805	8 916	2 022	31 350	31
Teater Innlandet ⁷	14 016	7 008	5 934	23 020	28
Teatret Vårt	18 331	7 856	4 725	30 886	33
Trøndelag Teater	57 915	24 821	17 744	97 634	154

¹Tala for Agder Teater gjeld berre teaterdrifta så nær som årsverk, der drift av kulturhuset i Kristiansand kommune er inkludert. ² Beaivvás Sámi Teáhter får fast årleg driftstilskot frå Sametinget og Kautokeino kommune, som i 2010 utgjorde respektive 15,6 millionar kroner og 0,8 millionar kroner. ³ Den Nationale Scene fekk i 2010 eit ordinært driftstilskot på 96 623 000 kroner. Av dette er 1 million kroner ikke inntektsført i resultatrekneskapen, men avsatt som kortsiktig gjeld i balansen til framtidige kostader knyttet til lånefinansiering. ⁴ Nationaltheatret fekk i 2010 eit ordinært driftstilskot på 155 086 000 kroner. Av dette er 496 000 kroner ikkje inntektsført i resultatrekneskapen, men avsatt som kortsiktig gjeld i balansen til framtidige kostnader knyttet til å lånefinansiere utbetringsbehov. Teatret inntektsførte i rekneskapen for 2010 ekstratilskudd på 1 mill. kroner avsatt til framtidige pensjonsplikter som blei tildelte i 2009. ⁵ Nord-Trøndelag Teater er organisert som ei fylkeskommunal verksemd. ⁶ For Peer Gynt-stemnet er oppførte tal henta frå prosjektrekneskapen for stemnet, bortsett frå eigenkapital, som gjeld Peer Gynt AS. ⁷ Teater Innlandet har teke over verksemda til Hedmark Teater per 01.04.2010.

Kjelde: KUD, Prop. 1 S.

Tabell 5.3. Frie teater- og danseggrupper. 1993-2010

Grupper i alt	Teater-grupper	Danse-grupper	Medlemmer i alt	Nye produksjonar i alt	Framsynningar		Besøkjande i alt	Besøk per framsyning
					I alt	Av dette for barn		
1993	31	28	3	111	78	2 153	2 177	202 478
1994	37	33	4	119	65	1 998	1 278	208 141
1995	35	31	4	101	42	1 686	1 270	163 189
1996	34	29	6	101	42	1 914	1 285	203 664
1997	34	23	11	1 777	869	221 080
1998	38	33	5	110	45	1 356	869	177 259
1999	51	42	9	..	37	1 928	900	227 186
2000	56	46	10	109	35	1 591	861	263 130
2001	59	48	11	142	40	2 366	1 318	279 550
2002	79	66	13	254	59	2 865	1 859	379 960
2003 ²	81	64	17	227	40	3 167	2 482	348 658
2004 ¹	84	65	19	243	37	3 422	2 511	376 575
2005 ³	72	55	17	199	75	3 862	2 781	496 070
2006 ⁴	95	69	26	231	67	3 649	2 948	415 597
2007 ⁵	98	74	24	247	52	3 938	3 202	481 990
2008 ⁶	86	66	20	312	35	5 648	3 407	635 729
2009	110	61	49	5 392	3 831	561 762
2010 ⁷	106	82	24	6 057	4 012	878 002

¹Tala inkluderer rapport frå 65 av 65 medlemmer, dessutan rapport frå 18 ikkje-medlemmer. ²Tala inkluderer rapport frå 70 av 70 medlemmer, dessutan rapport frå 11 ikkje-medlemmer gjennom talmateriale frå Norsk scenekunstbruk. ³Tala inkluderer rapport frå 51 av 77 medlemmer, dessutan rapport frå 21 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁴Tala inkluderer rapport frå 82 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 13 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁵Tala inkluderer rapport frå 81 av 83 medlemmer, dessutan rapport frå 17 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁶Tala inkluderer rapport frå 60 av 88 medlemmer, dessutan rapport frå 26 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk. ⁷Tala inkluderer rapport frå 49 ikkje-medlemmer gjennom Norsk scenekunstbruk.

Kjelde: Danse- og teatersentrum.

Tabell 5.4. Norsk scenekunstbruk. Produksjonar. Framsyningar og tilskodarar, etter aldersgrupper. 2000-2010

	Produksjonar	Framsyningar			Tilskodarar		
		I alt	Barn/unge 0-14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over	I alt	Barn/unge 0- 14 år	Ungdom/ vaksne 15 år og over
2000	695	430	265	76 443	47 056	29 387
2001	983	795	188	103 774	85 223	18 551
2002	902	727	175	87 258	66 818	20 440
2003	1 384	1 280	104	135 834	119 980	15 854
2004	53	1 946	1 782	164	190 519	175 471	15 048
2005	53	2 148	2 088	60	222 834	213 502	9 332
2006	57	2 350	2 223	127	228 383	212 637	15 746
2007	68	2 191	1 960	231	211 434	190 028	21 406
2008	65	2 649	2 213	436	243 159	197 869	45 290
2009	56	2 556	2 382	174	239 214	217 803	21 411
2010	64	2 911	2 533	378	269 518	222 582	46 936

Kjelde: Norsk scenekunstbruk.

Tabell 5.5. Norsk teaterråd. Talet på produksjonar, framsyningar, aktørar og tilskodarar. 2007-2008

	2007				2008			
	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Tilskodarar	Produk- sjonar	Fram- syningar	Aktørar	Tilskodarar
AOF Noreg	47	244	1 506	62 500	30	95	998	9 000
Hålogaland amatørselskap	176	2 142	302	40 054
Juvente	2	133	6	32 000	2	91	11	19 000
Norges bygdeungdomslag	24	33	249	7 741	8	8	72	675
Norges døveforbund	7	7	44	400
Norges KFUK-KFUM	33	53	1 155	3 465	31	49	1 070	3 211
Noregs ungdomslag	182	463	3 224	57 483	180	451	3 598	51 696
Norsk amatørteterforbund	185	918	5 755	108 469	187	779	5 983	130 567
Norsk frilynt ungdomsforbund ..	61	61	3 440	89 000	112	514	6 071	107 533
Norsk teaterverksted
4H Norge	447	563	5 171	27 637	610	809	7 592	48 723
Ravn	9	35	284	9 940	10	45	312	312
Studieforbundet Solidaritet	4	5	34	225	15	15	95	232
Vestlandske teatersenter	75	293	1 220	83 100

Kjelde: Norsk teaterråd.

Tabell 5.6. Frifond teater. Talet på søknader, framsyningar og aktørar. 2004-2010

	Søknader	Innvilga søknader	Framsyningar	Aktørar			
				I alt	0-12 år	13-26 år	27 år og over
2004	711	487	2 844	28 671	5 998	18 379	4 294
2005	659	442	2 636	27 642	5 400	16 924	5 318
2006	573	396	2 292	27 939	5 021	17 230	5 688
2007	580	385	2 402	28 567	6 168	14 256	8 143
2008	656	449	3 006	32 653	7 064	17 809	7 780
2009	676	450	3 017	34 173	8 551	16 910	8 712
2010	737	481

Kjelde: Norsk teaterråd.


6. Musikk

6.1. Nokre resultat

Over tusen konsertar

For første gong har talet på konsertar, haldne av medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening, passert 1 000 i løpet av eit år. Det er 250 fleire konsertar enn i 2009. Over halvparten av auken i konsertar er konsertar for barn og ungdom. Til saman var nær 415 000 til stades på konsertane til medlemmene i Norsk teater- og orkesterforening i 2010. Samanlikna med 2009 er det ein nedgang i talet på tilhøyrarar med 18 800, eller 4 prosent. 104 000 tilhøyrarar var barn og ungdom. Dette representerer ein auke på 33 prosent, eller 26 400 fleire tilhøyrarar, samanlikna med 2009. Denne store auken kan delvis forklaraast med at i 2009 var talet på barn og ungdom på konsert lågt i høve til tidlegare år. Figur 6.1 syner talet på tilhøyrarar per konsert for dei ulike institusjonane. I fleire år har det totalt vore godt over 500 tilhøyrarar til stades per konsert, men i 2010 var det 381 tilhøyrarar per konsert. Ikkje alle institusjonane rapporterer tal på konsertar kvart år. Jamfør tabell 6.3 og punkt 6.2.

Figur 6.1. Orkester. Tilhøyrarar per konsert. 2006-2010



¹Talet på konsertar er ikkje rapportert for 2008.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Nær 1 milliard kroner frå staten til musikk

Dei statlege utgiftene til musikk var til saman 904 millionar kroner i 2010. Det er ein auke på drygt 92 millionar kroner frå 2009. Denne auken utgjer 11 prosent. Kulturdepartementets utgifter til musikkformål ligg på 11,4 prosent av totale utgifter, litt høgare del enn året før (korrigert for utgifter til Den norske kyrkja). 15 prosent av utgiftene til programkategorien kulturformål gjekk til musikk.

Løyvingane til musikkformål har auka kvart år dei siste ti åra. Sidan 2001 har dei statlege utgiftene til musikk blitt godt og vel fordobla. Dei tre siste åra er det i tillegg til orkestra og institusjonane også løyvd midlar til Norsk kulturfond – eittårig prosjekttildskot. Tabell 6.1 syner rekneskapstala over dei statlege utgiftene til musikk. Tabell 6.2 gir ei meir detaljert oversikt over dei statlege utgiftene til dei ulike orkestra og institusjonane. Rikskskonsertane er den institusjonen som fekk tildelt mest pengar i 2010, med 162 millionar kroner i 2009. Tildskot til opera, sjå tabell 5.2.

Tabell 6.1. Statlege utgifter til musikkformål. Rekneskap. 2008-2010. 1 000 kroner

	2008	2009	2010
I alt	708 472	811 465	904 311
Driftsutgifter (Rikskonsertane)	137 465	161 337	161 926
Norsk kulturfond-eittårig prosjektilskot	93 743	114 969	126 277
Nasjonale institusjonar	185 436	199 394	221 259
Region-/landsdelsinstitusjonar	156 790	174 992	219 154
Knutepunktinstitusjonar	52 120	60 795	64 409
Landsdelsmusikere i Nord-Norge	14 163	16 163	17 163
Ymse faste tiltak	68 755	83 815	94 123


Kjelde: Kulturdepartementet.

**Nær 1,3 millionar tilhøyrarar
på Rikskonsertane**

Totalt arrangerte Rikskonsertane drygt 10 100 konserter i 2010. Mesteparten av konserterne var skolekonserter, 9 241 konserter siste år. 648 konserter var for barnehagebarn og 242 var offentlege konserter. Totalt var det 1 294 300 tilhøyrarar på konserterne til Rikskonsertane, 93 prosent av dette var på skolekonserter. Samanlikna med 2009 blei det halde fleire konserter i 2010, men det totale tilhøyrartalet gjekk noko ned. Både på skolekonserter og barnehagekonserter var det fleire som deltok, mens dei offentlege konserterne mista om lag 6 000 tilhøyrarar i høve til 2009. Dei siste åra har Akershus hatt flest tilhøyrarar på Rikskonsertane, i 2010 om lag 154 000 tilhøyrarar. I 2010 passerte Oslo så vidt Rogaland i talet på tilhøyrarar med nær 300. Tabellane 6.5 og 6.6 gir fleire tal for verksemda til Rikskonsertane.

**Medlemsorganisasjonar i
norsk musikkliv**

I 2010 var det nær 147 000 medlemmer i *Norsk musikkråd*, ein auke på nær 4 800 medlemmer siste året. Medlemstalet for 2010 er det høgaste i perioden 2002-2010. Norsk Rockforbund er framleis den største medlemsorganisasjonen, med 50 000 medlemmer i 2010. Etter ein stor auke i medlemstalet i 2009 har veksten vore noko svakare i dette forbundet siste året. To forbund, BandORG og Norsk Viseforum, har hatt vekst i talet på medlemmer med om lag 1 000. Halvparten av medlemsorganisasjonane har hatt nedgang eller inga endring i medlemstalet siste året. Tabell 6.7 gir nærmare detaljar.

Figur 6.2. Medlemmer i Norges Musikkorps Forbund. 1999-2010

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Sidan byrjinga på 2000-talet har talet på korps som er medlem i *Norges Musikkorps Forbund*, gått ned. I same tidsrom har også totalt tal på medlemmer gått ned. I 2010 var det 64 700 medlemmer, nær 1 400 færre enn i 2009. Nedgangen finn ein både i talet på korps og i talet på medlemmer. Det er talet på utøvande medlemmer som ser ut til å falle, totalt er det 1 500 færre utøvande medlemmer i 2010 samanlikna med 2009. Dei 1 068 skolekorpsa hadde totalt 44 100 medlemmer i 2010, mens dei 581 amatørkorpsa hadde 20 600 medlemmer. Ein region, Nordvest, har hatt ein svak auke i talet på korps, to regionar har halde

seg stabile i talet på korps, men det ser ut som alle regionane mistar medlemmer. Sjå figur 6.2 og tabell 6.8.


Det kan sjå ut som det blir fleire songglade menneske i Noreg. Både talet på medlemmer og talet på kor som var medlemmer i *Norges Korforbund* i 2010 har auka. Talet på medlemmer har auka med drygt 600, til nær 29 400 medlemmer, og talet på kor utgjer nær 1 000, ein auke på 9 frå året før. Ser ein ti år attende, var det nok fleire kormedlemmer, men etter ein markant nedgang i 2003, har talet igjen vore aukande. Det er ikkje lenger mogeleg å få fordelingar på type kor eller krinsar.

Kommunale musikk- og kulturskolar – 109 000 elevar

Dei kommunale musikk- og kulturskolane gav tilbod til 109 375 elevar i 2010. Dette talet representerer ein svak auke samanlikna med året før. Tala er henta frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem) og publisert av SSB i KOSTRA-samanhang (KOSTRA, sjå kapittel 1.2). I 2010 nytta 17,7 prosent av primærmålgruppa (innbyggjarar i alderen 6–15 år) dette tilboden, den same delen som året før. I Sogn og Fjordane hadde 29 prosent av 6–15-åringane plass i kommunanenes musikk- og kulturskolar. I fleire fylke har delen 6–15-åringar i kulturskolen auka med i underkant av 1 prosentpoeng.

I tillegg til talet på elevar i kulturskolane syner også KOSTRA utgifter for dei kommunale musikk- og kulturskolane. Rekneskapane frå kommunane syner at netto driftsutgifter til musikk- og kulturskolane i 2010 ligg på drygt 1,1 milliardar kroner, ein auke på 3 prosent frå 2009. 13 prosent av kommunanenes utgifter til kultur går til kulturskolane. For fleire detaljar om kultur- og musikkskolar, sjå tabell 6.10 og kapittel 1.3, tabellane 1.3.2 og 1.3.3.

Figur 6.3. Elevar i kommunale musikk- og kulturskolar, etter fylke. 2006, 2008 og 2010



¹Elevar på Svalbard.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Den kulturelle skolesekken – 29 000 enkeltarrangement

Tabell 6.11 syner tal for produksjonar og arrangement i regi av Den kulturelle skolesekken som fylkeskommunane har ansvaret for. I skoleåret 2010/2011 var det over 1 000 produksjonar for grunnskolen og drygt 29 000 enkeltarrangement. Det er 10 000 færre arrangement enn i førra skoleåret, men på nivå med skoleåret 2008/2009. Totalt var 1,9 millionar deltakarar til stades på desse arrangementa i skoleåret 2010/2011. Gjennomsnittleg var det 65 deltakarar per arrangement. Musikk er sjangeren med flest deltakarar, drygt 940 000 deltakarar, mens arrangementa innanfor scenekunst hadde drygt 416 000 deltakarar. I tillegg til dei fylkeskommunale arrangementa kjem tiltak i regi av kommunen. For skoleåret

2010/2011 utgjorde det om lag 2 500 produksjonar, meir enn 20 000 enkelthendingar, og meir enn 750 000 deltagarar.


Tabell 6.11 syner for første gong også tal for Den kulturelle skolesekken i den vidaregåande skolen for skoleåret 2009/2010 og 2010/2011. 234 000 elevar deltok på til saman 2 800 arrangement for skoleåret 2010/2011. Også i den vidaregåande skolen var det flest deltagarar på musikkarrangementa. Inntekter og utgifter for Den kulturelle skolesekken er vist i kapitel 1, tabell 1.1.4.

62 prosent på konsert siste tolv månader i 2008

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå denne og tidlegare undersøkingar er presenterte i kulturstatistikk 2008 og 2009.

Figur 6.4 gir eit bilet av kor mange prosent som hadde vore på konsert siste tolv månader i åra 1997, 2000, 2004 og 2008.

Figur 6.4. Personar som har vore på konsert dei siste tolv månadene, etter alder. 1997-2008. Prosent



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

6.2. Om statistikken – ulike organisasjonar i musikklivet

Norsk teater- og orkesterforening (NTO)

NTO, jamfør avsnitt 5.2, er ein arbeidsgivar- og interesseorganisasjon for profesjonell musikk og scenekunst. NTO hadde 44 medlemmer innanfor teater, dans, opera og orkestermusikk. I 2010 var det elleve medlemmer innanfor musikk. Medlemmene representerer nasjonale institusjonar, region-/landsdelsinstitusjonar og produserande musikkensemble. Som arbeidsgivarorganisasjon sluttar NTO avtaler med og/eller hjelper medlemmene sine i forhandlingar med ei rekke arbeidstakarorganisasjonar. (Norsk teater- og orkesterforening, www.nto.no). Tala kan ikkje heilt samanliknast frå år til år då medlemstalet i NTO nesten kvart år har auka, eller at nokre institusjonar ikkje har rapportert fullstendig. I 2009 kom det til ein ny institusjon, Nordnorsk Opera og Symfoniorkester. Nordnorsk Opera og Symfoniorkester er ein samanslutning av den tidlegare NTO-medlemmen Tromsø Symfoniorkester og Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikteatret i Bodø. Ein institusjon har ikkje rapportert tal på konsertar, korkje i 2009 eller i 2010.

Riksconsertane

Riksconsertane skal formidle konsertar som er produserte internt eller eksternt i samarbeid med utøvarar og aktørar innanfor norsk og internasjonalt musikkliv. Riksconsertane har eit spesielt ansvar for norske musikk- og utøvartradisjonar. Riksconsertane har i samarbeid med fylkeskommunane ansvaret for skolekonsertordninga. Alle kommunar får tilbod om skolekonsertar for sine grunnskoleelevar. Riksconsertane er både produsent og leverandør av konsertar innanfor

alle musikksjanger til konsertarrangørar over heile landet, og samarbeider med Den kulturelle skolesekken, som også formidlar musikktilbod til elevar i grunnskolen og i den vidaregåande skolen.

Norsk musikkråd (NMR)

Norsk musikkråd er eit samarbeidsnettverk og ein interesseorganisasjon for norsk musikkliv. Norsk musikkråd blei oppretta i 1976 og har blant anna som oppgåve å koordinere og initiere fagleg og organisatorisk samarbeid innanfor musikklivet – lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt – og koordinere og initiere interessepolitiske samarbeid for musikklivet. I 2010 hadde organisasjonen 33 ulike landsomfattande musikkorganisasjonar. Tre av desse organisasjonane er assoserte medlemmer i Norsk musikkråd. I 2010 hadde Norsk musikkråd 146 772 medlemmer.

Norges Musikkorps Forbund (NMF)

Norges Musikkorps Forbund, NMF, blei stifta i 1918. NMF er ein landsomfattande, demokratisk musikkorganisasjon for musikantar og andre interesserte som er tekne opp som medlemmer gjennom musikk- og drillkorps. NMF er inndelt i regionar og krinsar. Denne inndelinga følgjer dei grensene som landsmøtet vedtek. I 2008 blei krinsane slått saman til større regionar.

Norges Korforbund

Norges Korforbund er ein landsomfattande interesseorganisasjon for kor og kordirigentar med om lag 1 000 kor. Verksemda til Norges Korforbund er tufta på frivillig medverknad. Det overordna målet til Norges Korforbund er å gjere korsangen meir kjend og auke kvaliteten. Gjennom Norges Korforbund har kora tilgang på ei rekkje opplæringstilbod, både for koristar, dirigentar og tillitsvalde (<http://www.kor.no>).

Musikk- og kulturskolar

Dei kommunale musikk- og kulturskolane er eit tenestetilbod innanfor kultursektoren som er fastsett ved lov. Kommunar som ikkje har eigen musikk- og kulturskole, tek del i interkommunale musikkskolar eller samarbeider med andre kommunar. Aktiviteten til musikk- og kulturskolane blir rapportert gjennom GSI (Grunnskolenes Informasjonssystem), og tala blir publiserte på ssb.no via KOSTRA.

Den kulturelle skolesekken

Den kulturelle skolesekken er ei nasjonal satsing som skal medverke til at alle elevar i grunnskolen og den vidaregående opplæringa skal få møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. Opplæringssektoren har ansvaret for å leggje føre- og etterarbeid pedagogisk til rette for elevane, medan kultursektoren har ansvaret for kulturinnhaldet (<http://denkulturelleskolesekken.no>). Sekretariatet for Den kulturelle skolesekken ligg i Norsk kulturråd. Tala i tabell 6.11 baserer seg på rapportering til sekretariatet for Den kulturelle skolesekken. Rapporteringa følgjer skoleåret.

Kulturburuksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9–79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kultubarometer 2008.

Grammofonplategrossistenes Forening

Tala i tabell 6.12 er henta frå Grammofonplategrossistenes Forening, som er ein interesseorganisasjon for dei største platedistributørane i Noreg.

Referansar

Den kulturelle skolesekken (<http://denkulturelleskolesekken.no>).

IFPI Norge (<http://www.ifpi.no>).

Norges Korforbund (<http://www.kor.no>).

Norges Musikkorps Forbund (<http://www.spilledele.no>).

Norsk musikkråd (<http://www.musikk.no>).

Norsk teater- og orkesterforening (<http://www.nto.no>).

Rikskonsertene: Årsrapport 2010 (<http://www.rikskonsertene.no>).

Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive» (<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>).

Taule, Liv (red) (2010): *Kulturstatistikk 2009*, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).

Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarometer 2008*, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/kulturbar>).

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 6.2. Statlege utgifter til orkester og musikkinstitusjonar. Rekneskap. 2008-2010. 1 000 kroner

	2008	2009	2010
I alt	394 346	446 974	504 822
Orkester og musikkinstitusjonar			
Oslo-Filharmonien	99 265	107 921	117 921
Stiftelsen Harmonien	86 171	91 473	103 338
Trondheim Symfoniorkester ¹	48 447	57 961	65 250
Stavanger Symfoniorkester	45 898	53 199	59 815
Kristiansand Symfoniorkester	33 063	36 463	38 280
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester ²	-	10 668	36 323
Det Norske Blåseensemble	16 986	18 186	19 486
Festspillene i Bergen	15 530	17 030	17 575
Festspillene i Nord-Norge	10 835	11 335	11 698
Molde International Jazz Festival	4 567	5 067	5 229
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival	3 228	4 000	4 128
Olavsfestdagene i Trondheim	6 309	7 809	8 309
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival	3 789	4 289	4 789
Festspillene i Elverum	1 732	2 000	2 064
Notodden Blues Festival ³	1 565	2 326	2 315
Øyafestivalen	1 565	1 700	1 754
Stiftelsen Horisont/Mela ⁴	3 000	4 000	5 000
Riddu Ruddu Festivala	-	1 500	1 548

¹ Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår nå som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemnd. I 2009 fekk musikkteaterverksemda eit statleg tilskot på 4,2 mill kroner. ² Nordnorsk Opera og Symfoniorkester AS blei etablert i 2009 basert på at Tromsø Symfoniorkester, Bodø Sinfonietta, Opera Nord og Musikkteater i Bodø gjekk inn i selskapet. For Tromsø Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. januar til 30. september 2009. Statens tilskot til Tromsø Symfoniorkester for 2009 var 13,3 millionar kroner. For Nordnorsk Opera og Symfoniorkester er det rapportert for perioden frå 1. oktober til 31. desember 2009, inkludert symfoniorkesteret, einingane Bodø Sinfonietta og Tromsø Kammerorkester og operavirksomhet.

³ Statens tilskot til Notodden Blues Festival for 2009 var 2,1 million kroner. ⁴ 2,1 million kroner av Stiftelsen Horisont/Melas driftsresultatet vart overført til prosjekter til disposisjon i 2010.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Tabell 6.3. Kor og orkester. Konsertar, turnékonsertar og tilhøyrarar. 2003-2010

Orkester	Konsertar		Tilhøyrarar		Tilhøyrarar per konsert		Turnékonsertar	
	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	I alt	Av dette for barn og ungdom	Turné-konsertar i alt	Til-høyrarar
2003	568	134	333 103	71 197	586	531	103	57 269
2004	696	179	368 159	96 099	529	537	192	67 727
2005 ¹	692	151	509 873	84 879	737	562	200	111 713
2006	717	154	400 790	78 260	559	508	144	58 351
2007	770	175	455 156	101 905	591	582	155	105 566
2008	759	216	389 572	89 282	513	413	100	63 846
2009	842	269	433 370	79 574	515	296	215	58 513
2010	1 087	405	414 552	103 561	381	256	256	75 794
2010								
Bit 20 ensemble ²	22	6	8 935	6 525	406	1 088	5	1 603
Det Norske Blåseensemble ²	95	44	13 074	6 010	138	137	1	1 175
Det Norske kammerorkester ² ...	34	-	21 780	-	641	-	24	17 162
Det Norske Solistkor	-	-	6 500	-	..	-	-	-
Kristiansand Symfoniorkester ..	247	136	50 841	21 224	206	156	141	20 936
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester ⁴	108	10	20 433	3 156	189	316	21	4 012
Oslo-Filharmonien	197	122	82 000	9 600	416	79	4	2 400
Riksscenen ³	39	1	2 576	166	66	166	-	-
Stavanger Symfoniorkester	128	35	66 277	21 070	518	602	33	9 707
Stiftelsen Harmonien	96	23	78 018	19 404	813	844	14	7 306
Trondheim Symfoniorkester ⁵ ...	121	28	64 118	16 406	530	586	13	11 493

¹ Publikum på billetterte arrangement i Oslo-Filharmonien var 87 275 i 2005. ² Ny i statistikken frå og med 2005. ³ Ny i statistikken frå og med 2008. ⁴ Ny i statistikken frå 2009. Frå 1.10.2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. ⁵ Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemrd.

Kjelde: Norsk teater- og orkesterforening.

Tabell 6.4. Orkester. Inntekter og utgifter. 2003-2010. 1 000 kroner

Orkester	Inntekter i alt	Statstilskot	Regionale tilskot	Andre inntekter	Andre inntekter i prosent av inntekter i alt	Driftsutgifter
2003	347 867	254 485	48 146	45 236	13,0	-
2004	363 912	262 200	47 414	54 298	14,9	-
2005 ¹	398 860	285 795	54 337	58 728	14,7	-
2006 ¹	429 999	302 088	59 063	68 848	16,0	-
2007 ⁴	469 416	321 050	62 139	86 288	18,4	477 288
2008 ⁴	494 418	347 665	67 588	79 165	16,0	493 438
2009	544 294	385 918	80 904	77 472	14,2	541 707
2010	595 835	440 413	93 923	61 499	10,3	560 318
2010						
Det norske Blåseensemble ³	29 425	19 486	8 351	1 588	5,4	29 337
Det Norske Kammerorkester
Kristiansand Symfoniorkester ³ .	57 965	38 280	16 406	3 279	5,7	57 878
Oslo Filharmonien ²	140 733	117 921		22 812	16,2	117 024
Nordnorsk Opera og Symfoniorkester ⁵	56 115	36 323	15 567	4 225	7,5	55 011
Stavanger Symfoniorkester	94 449	59 815	25 635	8 999	9,5	92 778
Stiftelsen Harmonien	116 350	103 338		13 012	11,2	107 232
Trondheim Symfoniorkester ⁶ ...	100 798	65 250	27 964	7 584	7,5	101 058

¹ To nye orkester. ² Inkl. både Stiftelsen Oslo-Filharmonien og Støttefondet for Filharmonien. ³ Inkl. tilskot til drift frå Forsvarsdepartementet. ⁴ Eit orkester har ikkje levert tal og er ikkje med i oversikta. ⁵ Ny i statistikken frå 2009. Frå 1.10.2009 er denne slått saman med Tromsø Symfoniorkester. ⁶ Musikkteater i Trondheim og operasatsingen i Trondheim inngår no som ein del av Trondheim Symfoniorkesters verksemrd.

Kjelde: Kulturdepartementet og dei enkelte orkestra.

Tabell 6.5. Rikskonsertane. Talet på konsertar og tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2000-2010

	Konsertar	Tilhøyrarar	Tilhøyrarar i gjennomsnitt per konsert
2000	7 177	766 577	107
2001	7 720	818 093	106
2002	7 606	816 582	107
2003	7 727	835 641	108
2004	8 911	1 002 982	113
2005	9 436	1 175 453	125
2006	9 624	1 305 479	136
2007	10 114	1 306 335	129
2008	10 209	1 291 561	127
2009	10 011	1 298 824	130
2010	10 131	1 294 282	128
Konserttype			
Skolekonsertar	9 241	1 197 522	130
Barnehagekonsertar	648	27 818	43
Offentlege konsertar	242	68 942	285
Østfold	506	71 391	141
Akershus	921	153 956	167
Oslo	780	124 558	160
Hedmark	366	46 589	127
Oppland	482	55 350	115
Buskerud	574	68 491	119
Vestfold	442	61 315	139
Telemark	437	48 919	112
Aust-Agder	263	30 947	118
Vest-Agder	397	45 931	116
Rogaland	995	124 274	125
Hordaland	1 025	119 018	116
Sogn og Fjordane	365	33 534	92
Møre og Romsdal	559	67 246	120
Sør-Trøndelag	476	75 354	158
Nord-Trøndelag	375	40 093	107
Nordland	592	65 471	111
Troms Romsa	378	41 566	110
Finnmark Finnmark	193	19 811	103
Svalbard	5	468	94

Kjelde: Rikskonsertane.

Tabell 6.6. Rikskonsertane. Tilhøyrarar, etter konserttype og fylke. 2009-2010

	Tilhøyrarar i alt	Skolekonsertar	Barnehagekonsertar	Offentlege konsertar
Heile landet				
2009	1 298 824	1 196 982	26 640	75 202
2010	1 294 282	1 197 522	27 818	68 942
2010				
Østfold	71 391	68 106	1 000	2 285
Akershus	153 956	145 660	-	8 296
Oslo	124 558	105 198	-	19 360
Hedmark	46 589	45 166	738	685
Oppland	55 350	45 026	8 000	2 324
Buskerud	68 491	64 132	3 300	1 059
Vestfold	61 315	57 126	-	4 189
Telemark	48 919	40 936	4 100	3 883
Aust-Agder	30 947	27 956	1 400	1 591
Vest-Agder	45 931	44 766	1 000	165
Rogaland	124 274	115 656	2 880	5 738
Hordaland	119 018	115 824	-	3 194
Sogn og Fjordane	33 534	29 322	2 400	1 812
Møre og Romsdal	67 246	65 812	-	1 434
Sør-Trøndelag	75 354	70 382	-	4 972
Nord-Trøndelag	40 093	35 588	3 000	1 505
Nordland	65 471	61 354	-	4 117
Troms Romsa	41 566	39 794	-	1 772
Finnmark Finnmark	19 811	19 250	-	561
Svalbard	468	468	-	-

Kjelde: Rikskonsertane.

Tabell 6.7. Norsk musikkråd. Talet på medlemmer i dei ulike medlemsorganisasjonane. 2003-2010

Medlemsorganisasjonar	Talet på medlemmer							
	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Medlemmer i alt	126 268	141 283	141 751	141 483	136 327	137 925	141 979	146 772
AKKS Norge	665	798	628	803	833	822	807	839
BandORG ⁴	-	-	-	-	927	1 602	1 751	2 934
De Unges Orkester forbund ³	3 438	3 817	3 923	3 793	3 705	3 818	3 885	4 031
Foreningen Musikk fra livets begynnelse	516	526	553	532	512	500	506	504
Foreningen Norske Kordirigenter	142	314	302	358	401	525	581	397
GramArt ¹	1 701	1 913	-	-	-	-	-	-
Korpsnett Norge	1 854	2 031	1 994	2 123	2 212	2 264	2 148	2 649
Dissimilis Norge	746	746	825	825	726	770	738	807
Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen ⁵	4 938	5 154	5 232	5 145	5 205	4 594	5 101	4 627
Musikk i Skolen	1 471	13 393	14 175	13 160	13 200	14 520	12 991	12 604
Musikkens Venners Landsforbund	4 425	4 497	4 442	4 332	3 924	3 921	4 061	4 227
Norges Barne- og Ungdomskorforbund	7 626	7 914	8 000	7 556	8 545	9 218	9 000	9 500
Norges Kirkesangforbund	3 500	3 700	3 700	3 700	3 800	3 350	3 250	3 300
Norsk Country-Musikk forbund	3 867	3 537	3 516	3 516	3 596	3 548	3 000	3 000
Norsk Festivalsangerforbund	1 021	1 044	1 003	920	930	854	787	767
Norsk forening for musikkterapi	230	256	278	285	291	301	325	349
Norsk jazzforum	10 200	10 550	11 300	11 690	11 910	12 025	12 050	13 040
Norsk Kammermusikkforbund	112	114	130	120	117	124	114	101
Norsk Mandolin- og Balalaikaorkesterforbund ..	92	92	100	84	79	71	83	83
Norsk Munnspillforum	59	63	68	71	76	77	79	80
Norsk musikkbibliotekforening	80	82	82	84	85	86	83	88
Norsk Rockforbund	51 282	51 500	51 500	51 500	43 085	43 085	49 342	50 000
Norsk Sangerforbund ²	1 870	1 850	1 640	1 779	1 670	1 651	1 515	1 415
Norsk sangerforum	5 625	6 166	6 544	6 632	7 525	7 439	8 046	8 106
Norsk Viseforum	1 498	1 400	1 500	1 820	2 500	2 235	1 500	2 500
Norsk Suzukiforbund	144	189	172	209	170	160	192	212
Norske Musikklæreres Landsforbund	381	366	360	360	356	329	332	304
Norske Symfoni-Orkestres Landsforbund	2 300	2 300	2 300	2 200	2 200	2 200	2 300	2 300
Norske Trekkspilleres Landsforbund	3 564	3 270	3 154	3 215	3 258	3 163	3 102	3 049
Rytisk Musikkforum	114	116	120	120	110	110	0	0
Ung Kirkesang	5 943	6 527	6 975	7 084	7 026	6 985	6 953	7 500
Assoserte medlemmer i Norsk musikkråd (NMR)								
Kulturforbundet	390	335	449	449	363	383	250	244
Musikernes fellesorganisasjon	6 394	6 643	6 706	6 938	6 900	7 110	7 018	7 129
Norsk kulturhusNettverk	80	80	80	80	90	85	89	86

¹ Utmeld 2005. ² Endra namn frå Norsk Arbeidersangerforbund til Norsk Sangerforbund i 2004. ³ Endra namn frå Norsk Skoleorkesterforbund til De Unges Orkesterforbund 2006. ⁴ BandORG blei medlem i Norsk musikkråd i mai 2007. ⁵ Nytt namn i 2009 etter at Landslaget for Spelemenn og Norsk Folkemusikk- og Danselag slo seg saman til ein organisasjon.

Kjelde: Norsk musikkråd.

Tabell 6.8. Norges Musikkorps Forbund. Korps og medlemmer, etter region. 1999-2010

Region	Skolekorps/generasjonskorps				Amatørkorps			
	Talet på korps	Talet på medlemmer i alt	Utvandende medlemmer	Andre medlemmer	Talet på korps	Talet på medlemmer i alt	Utvandende medlemmer	Andre medlemmer
1999	1 150	47 612	41 119	6 493	613	20 146	19 376	770
2000	1 132	46 949	40 475	6 474	607	19 881	19 180	701
2001	1 131	48 173	41 610	6 563	586	19 446	18 764	682
2002	1 119	49 997	43 392	6 605	584	18 851	18 234	617
2003	1 128	50 311	43 783	6 528	584	20 007	19 366	641
2004	1 128	50 003	43 476	6 527	583	20 304	19 697	607
2005	1 117	49 579	43 101	6 478	583	18 726	18 054	672
2006	1 118	47 522	40 090	7 432	585	20 511	19 723	788
2007	1 115	46 235	39 819	6 416	590	20 883	20 118	765
2008	1 107	45 542	38 553	6 989	589	20 813	19 977	836
2009	1 076	45 342	38 151	7 191	583	20 773	19 875	898
2010	1 068	44 092	36 819	7 273	581	20 643	19 686	957
	-8	-1 250	-1 332	82	-2	-130	-189	59
2010								
Viken (Østfold, Akershus, Oslo, Buskerud)	248	11 961	9 930	2 031	133	5 636	5 403	233
Hedmark/Oppland	85	3 425	2 878	547	81	2 624	2 527	97
Sør (Telemark, Agder, Vestfold) ...	112	5 136	4 281	855	59	2 120	1 997	123
Rogaland	102	4 193	3 461	732	43	1 489	1 395	94
Hordaland	122	4 639	3 813	826	71	2 639	2 498	141
Nordvest (Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal)	156	5 730	4 778	952	68	2 118	2 025	93
Trøndelag	107	4 685	3 949	736	74	2 449	2 355	94
Nord-Norge(Nordland, Nordre Nordland, Sør-Troms, Troms, Finnmark)	136	4 323	3 729	594	52	1 568	1 486	82

Kjelde: Norges Musikkorps Forbund.

Tabell 6.9. Norges Korforbund. Talet på medlemmer og kor. 1997-2010

	Talet på kor	Kormedlemmer			
		I alt ¹	Blandakor	Damekor	Mannskor
1997	1 015	33 000
1999	994	33 500
2001	1 037	31 962	24 526	2 220	5 216
2002	930	27 501	20 666	1 980	4 855
2003	937	28 914	21 842	2 129	4 943
2004	950	29 037	21 741	2 306	4 990
2005	949	28 133	20 869	2 324	4 940
2006	963	28 039	20 624	2 447	4 968
2007	986	28 367	20 822	2 758	4 788
2008	971	28 552	20 908	2 781	4 863
Medlemmer ¹ i alt		Talet på kor			
		Kor i alt	Blandakor	Damekor	Mannskor
2009	28 773	989	690	128	171
2010	29 387	998

¹ Dirigentar ikkje medrekna.

Kjelde: Norges Korforbund.

Tabell 6.10. Kommunale kultur- og musikkskolar. Elevar, etter fylke. 2001, 2005-2010

	2001	2005	2006	2007	2008	2009	2010	Del elevar i kultur- og musikkskolar, av kommunen sine innbyggjarar 6-15 år. 2010
Totalt	97 579	108 587	105 313	107 238	109 150	109 326	109 375	17,7
Østfold	3 168	3 062	2 862	2 961	3 040	3 037	3 156	9,1
Akershus	10 794	10 819	10 563	10 813	10 838	11 106	11 071	14,6
Oslo	1 570	4 286	4 145	4 312	5 639	5 891	5 784	9,9
Hedmark	3 774	4 025	4 379	4 269	4 464	4 657	4 572	19,9
Oppland	4 334	5 043	5 061	5 254	5 009	5 037	5 076	22,5
Buskerud	3 256	3 881	4 032	4 010	3 985	4 002	4 282	13,2
Vestfold	5 809	6 020	4 614	4 209	4 376	4 512	3 804	12,9
Telemark	2 981	4 391	4 630	4 658	4 722	4 623	4 524	21,9
Aust-Agder	2 220	2 365	2 395	2 124	2 267	2 269	2 419	16,8
Vest-Agder	2 766	3 046	3 125	3 086	3 162	3 206	3 226	14,0
Rogaland	9 753	11 291	10 462	10 995	11 334	11 545	11 900	19,9
Hordaland	8 783	10 212	9 751	11 738	11 943	9 944	10 146	16,3
Sogn og Fjordane	3 954	3 600	4 056	4 129	3 715	4 200	4 198	29,0
Møre og Romsdal	7 203	8 039	8 174	8 354	8 502	8 786	8 678	26,2
Sør-Trøndelag	7 731	8 257	8 118	8 409	8 144	8 127	8 184	22,7
Nord-Trøndelag	4 563	4 938	4 671	4 840	4 649	4 739	4 840	27,3
Nordland	7 165	6 592	5 918	6 391	6 186	6 149	6 225	20,6
Troms Romsa	5 517	6 599	6 165	4 610	4 914	5 030	4 920	25,0
Finnmark Finnmark	2 238	2 121	2 192	2 076	2 125	2 339	2 259	23,5
Svalbard	111	..
Uoppgett	136	127

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 6.11. Den kulturelle skolesekken i grunnskolen og vidaregående skole. Fylkeskommunale tilbod. 2007/2008-2010/2011

	Talet på produksjonar				Talet på enkeltarrangement				Deltakarar totalt				Deltakrar per enkeltarrangement
	2007/ 2008	2008/ 2009	2009/ 2010	2010/ 2011	2007/ 2008	2008/ 2009	2009/ 2010	2010/ 2011	2007/ 2008	2008/ 2009	2009/ 2010	2010/ 2011	2010/ 2011
————— 1 000 —————													

Grunnskolen

Totalt	1 029	1 159	998	1 021	28 811	29 219	39 221	29 186	2 427	2 042	2 755	1 905	65,0
Sjanger													
Film	86	113	81	94	1 592	1 433	2 641	1 713	77	93	107	73	42,6
Litteratur	137	160	142	150	3 364	4 046	4 160	3 561	148	142	159	138	38,8
Kulturarv	105	103	88	86	2 468	2 121	3 750	2 312	104	73	117	78	33,7
Visuell kunst	162	182	147	167	6 685	7 984	8 870	8 512	272	246	234	192	22,5
Scenekunst	177	188	173	194	4 442	4 343	5 408	4 498	464	392	504	416	92,5
Musikk	293	326	278	278	8 229	8 008	11 891	7 487	1 146	1 011	1 482	940	125,6
Kunstartar i samspel	53	61	51	52	995	1 015	1 774	1 103	75	77	116	69	62,2
Ikkje fordelt sjanger	16	26	38	-	1 036	269	727	-	141	8	36	-	-

Vidaregående skole

Totalt	257	297	2 337	2 819	223	234	83,0
Sjanger													
Film	51	67	273	398	19	30	75,2
Litteratur	40	36	477	538	19	30	55,3
Kulturarv	18	27	220	291	7	9	31,0
Visuell kunst	33	37	323	587	14	23	39,7
Scenekunst	63	72	666	548	95	66	120,4
Musikk	44	45	349	335	65	68	204,4
Kunstartar i samspel	7	10	29	107	3	7	67,6
Ikkje fordelt sjanger	1	3	-	15	-	1	40,6

Kjelde: Den kulturelle skolesekken, Norsk Kulturråd.

Tabell 6.12. Grammofonplategrossistenes Forening. Sal av musikkfonogram, volum¹ og verdi i utsalspris. 1996-2010

	Volum (1 000 einingar)				Verdi (i NOK mill., fra lager eks. mva)			
	I alt	Internasjonal pop	Norske produksjonar	Klassisk musikk	I alt	Internasjonal pop	Norske produksjonar	Klassisk musikk
1996	11 001	7 462	2 765	774	724,1	512,8	175,3	35,9
1997	12 012	8 154	3 096	762	821,4	575,4	209,0	37,1
1998	13 738	10 513	2 558	667	941,2	736,3	170,2	34,7
1999	13 393	10 115	2 536	743	924,0	726,0	159,9	38,1
2000	13 130	10 246	2 269	615	942,0	748,7	161,5	31,9
2001	13 076	10 256	2 298	522	920,9	729,6	161,6	29,7
2002	14 764	11 403	2 762	599	960,8	732,9	192,9	35,0
2003	13 307	9 977	2 849	481	870,9	655,8	187,9	27,2
2004	13 995	9 975	3 440	580	893,1	624,3	235,8	33,1
2005	11 738	7 026	4 195	517	771,0	465,0	276,0	30,0
2006	10 363	5 724	4 184	455	669,0	357,0	287,0	25,0
2007 ²	9 910	-	-	-	631,0	369,0	232,0	30,0
2008 ³	8 783	-	-	-	532,0	307,0	202,0	23,0
2009	7 998	-	-	-	484,0	226,0	233,0	26,0
2010	6 848	-	-	-	360,0	166,0	184,0	10,0

¹ Inkluderer album. ² Frå og med 2007 offentleggjer GGF/IFPI berre tal for fonogramomsetnad i kroner, ikkje i talet på einingar. ³ Til og med 2008 reknas volum i units. Derefter blir volum oppgitt i package, det vil seie sett, og units er talet på einingar i settet. Ein dobbelt-cd=ein package og to units.

Kjelde: Grammofonplategrossistenes Forening.

7. Festivalar

7.1. Nokre resultat


Dei siste ti åra har talet på festivalar og festivaldeltakarer auka jamleg. Festivalane er viktige arenaer for formidling og oppleveling av kunst og kultur og set framleis sitt preg på Kultur-Noreg. Festivalane representerer ulike sjangrar, men musikkfestivalane er i fleirtal og er ein viktig arena for musikklivet i Noreg. Det er framleis vanskeleg å talfeste festivalmangfaldet, både når det gjeld innhald, aktørar, tilslutning og økonomi. Mange festivalar er små lokale hendingar som i stor grad baserer seg på frivillig medverknad og lokalt initiativ. Dette gjer at det er vanskeleg å få dei med i nokon statistikk. Tilskotsordninga som Norsk kulturråd forvaltar for musikkfestivalar, har gitt ei viss oversikt sidan ordninga starta i 2001. I tillegg gir organisasjonen Norske Festivaler nokre nøkkeltal for sine medlemmer.

*31,5 millionar til
musikkfestivalar*

Festivaltilskotsordninga er ei viktig tilskotsordning for musikkfestivalar som vert arrangerte årleg eller annakvart år, og som varar minst to dagar. I 2010 fekk 103 musikkfestivalar tilskot frå denne ordninga (jamfør kapittel 4). Festivalstøtta til desse 103 festivalane var på til saman 31,5 millionar kroner. Det var fem fleire festivalar enn i 2009, og samla tilskot var om lag 1,5 millionar kroner høgare. Sidan ordninga starta i 2001 har talet på musikkfestivalar som får støtte, auka kvart år, bortsett frå i 2003 og 2008. 20 festivalar fekk festivaltilskot for første gong i 2010. Blant dei 20 festivalane som er nye i ordninga i 2010, er seks innanfor folkemusikk/verdsmusikk. I tillegg kom det med ein ny festival både i sjangeren folkemusikk og jazz, og to festivalar for klassisk musikk og tre festivalar utan klar tilknyting til sjanger (Norsk Kulturråd, pressemelding 15.12.09).

I 2010 fekk 17 jazzfestivalar og 16 folkemusikkfestivalar tilskot frå festivaltilskotsordninga, med til saman 14 millionar kroner. Populärmusikken er den sjangeren som framleis er representert med flest festivalar. 45 festivalar i denne sjangeren fekk til saman 7,7 millionar kroner i støtte i 2010. Gjennomsnittleg støtte per populärmusikkfestival var 170 000 kroner, mot 177 000 kroner i 2009. Dei 17 jazzmusikkfestivalane som fekk støtte i 2010, fekk i gjennomsnitt 556 000 kroner per festival, litt meir per slik festival enn i det føregående året. Nokre av kategoriane er vanskelege å samanlikne da nokre festivalar skiftar kategori frå eitt år til eit anna. I 2009 blei det skipa ein ny kategori for festspel utan klar tilknyting til sjanger.

Figur 7.1. Tilskot til musikkfestivalar. Gjennomsnitt per festival, etter kategori. 2001-2010
Kroner



Kjelde: Norsk kulturråd.

Knutepunktfestivalane – 64 millionar kroner i støtte

Ingen nye festivalar blei innlemma som knutepunktfestivalar i 2010. Det er såleis framleis elleve festivalar som blir rekna som knutepunktfestivalar. Desse festivalane får statleg støtte over Kulturdepartementets budsjett. Til saman fekk desse elleve festivalane drygt 64 millionar kroner i støtte i 2010. Sjå også kapittel 6, tabell 6.1. Knutepunktfestivalane stod for nær 1 550 arrangement i 2010. På billetterte arrangement var det 244 000 publikumarar, om lag 15 000 færre enn året før.

Tabell 7.1. Knutepunktfestivalar. Tal på arrangement og publikum på billetterte arrangement¹. 2006-2010

	Arrangement					Tal på publikum på billetterte arrangement				
	2006	2007	2008	2009	2010	2006	2007	2008	2009	2010
I alt	804	982	1 697	1 542	1 533	160	464	183	304	250
Festspillene i Bergen	194	275	327	266	130	40	233	33	401	32 035
Festspillene i Elverum	36	45	42	48	48	10	306	10	150	33 813
Festspillene i Nord-Norge ..	149	150	193	249	311	15	320	16	023	24 518
Førde Internasjonale										24 999
Folkemusikkfestival	102	98	102	97	86	14	295	13	000	13 000
Molde International Jazz										14 000
Festival	141	136	132	74	75	27	801	29	889	30 173
Notodden Blues Festival ..	-	80	95	95	95	-	23 000	16	668	34 132
Olavsfestdagene i										27 812
Trondheim	135	116	291	208	189	43	117	46	179	48 958
Riddu Riddu Festivala	-	-	-	82	97	-	-	-	-	37 347
Stiftelsen Horisont/Mela ² ..	-	-	127	83	132	-	-	-	-	4 385
Ultima - Oslo Contem-										1 478
porary Music Festival	47	82	128	64	78	9	392	11	662	14 370
Øyafestivalen	-	-	260	276	292	-	-	62	330	8 240
										5 268
										68 926


¹For ein skilde institusjonar kan talet inkludere formidling i samarbeid med andre kulturaktørar. ²Alle arrangementa under Melafestivalen var gratis for publikum. Totalt tal på publikum i 2008 var stipulert til om lag 350 000, i 2009 og 2010 var talet på publikum stipulert til om lag 300 000.

Kjelde: Kulturdepartementet.

Norske Festivaler – 1,4 millionar festivalbesök

Nøkkeltala frå Norske Festivaler dekkjer 55 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2010, og som har rapportert tal. Fleire av medlemsfestivalane får støtte av festivaltilskotsordninga i Norsk kulturråd, og nokre er også knutepunktfestivalar. Resultatet deira inngår difor også i talmaterialet ovanfor. 84 ulike kulturfestivalar og festspel var medlemmer i Norske Festivaler i 2010, det same medlemstalet som i 2009. Førebelse tal viser at desse 55 festivalane som har rapportert for 2010, hadde til saman om lag 1,4 millionar besök. Dette gir eit gjennomsnitt på om lag 25 000 besök per festivalorganisasjon. Desse tala kan tyde på at interessa for festivalar framleis er stor.

Figur 7.2. Norske Festivaler. Talet på festivalar som er medlemmer, etter kategori. 2004-2010



Kjelde: Norske Festivaler.


Nær 12 000 kunstnarar og artistar medverka til at festivalane blei fine kulturopplevelingar for mange menneske. Drygt 7 000 medarbeidarar gjorde ein frivillig innsats på desse 55 festivalane i 2010. Bruttoomsetnaden i 2010 var på drygt 330 millionar kroner, ein tredjedel (33 prosent) av dette var statlege tilskot. Billettinntektene utgjorde 25 prosent, mens sponsormidlar utgjorde 21 prosent av inntektene. 21 prosent av inntektene var regionale og lokale tilskot.

32 prosent på kulturfestival siste tolv månader

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå denne og tidlegare undersøkingar er presenterte i kulturstatistikk 2008 og 2009.

Figur 7.3 gir eit bilet av kor mange prosent som hadde vore på festival dei siste tolv månadene, etter utdanning, i åra 2004 og 2008.

Figur 7.3. Personar som har vore på festival dei siste tolv månadene, etter utdanning. 2004 og 2008. Prosent



Kjelde: Norsk kultubarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

7.2. Om statistikken – festivalar

Tilskotsordninga for musikkfestivalar

Norsk kulturråd forvaltar gjennom tilskotsordninga midlar til musikkfestivalar. Tilskot blir gitt til musikkfestivalar som blir arrangerte årleg eller annakvart år, som går over minst to dagar, og som får offentleg tilskot frå eigen region. Tilskotsordninga har som føremål å halde i gang og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå, gjere sitt til at musikk kan bli tilgjengeleg for eit breitt publikum, stimulere til kunstnarisk fornying, fremje bruken av samtidsmusikk og formidle musikk til barn og unge (Norsk kulturråd).

Oversikta over tildelingane for 2010 er henta frå Norsk kulturråd sine heimesider på Internett (<http://www.kulturrad.no>).

Knutepunktfestivalane

Festivalane i tabell 7.1 er dei som har fått status som knutepunktinstitusjonar, og får løyvingar over Kulturdepartementets budsjett, kapittel 323, post 72.

Norske Festivaler

Norske Festivaler er ein sjangerovergripande paraply- og nettverksorganisasjon for norske kunst- og kulturfestivalar og festspel. Organisasjonen ønskjer å vere ei samlande eining for alle kulturfestivalane i Noreg, også for dei festivalane som ikkje har sin eigen sjangerspesifikke organisasjon. Norske Festivaler gjennomfører kvart år ei undersøking blant medlemsorganisasjonane sine. Av dei 84 medlemsorganisasjonane har 55 organisasjonar rapportert i 2010. Talet på medlemsorganisasjonar er det same som i 2009. Talet på organisasjonar som har rapportert, er også likt med året før, men ein kan ikkje seie om det er dei same

organisasjonane. Ein bør derfor vere varsam med for bastante samanlikningar frå år til år.

Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der personar i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtildø. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarmeter 2008. Undersøkinga i 2004 var første gongen spørsmålet om deltaking på kulturfestival var med.

Referansar

Norsk Kulturråd (15. desember 09): «Festivalsommeren er sikret», Pressemelding (http://www.kulturrad.no/presse_og_arkiv/pressemeldinger/2009/festivalsommeren-er-sikret).

Norske Festivaler (<http://www.norwayfestivals.com>).

Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive» (<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>).

Taule, Liv (red) (2010): *Kulturstatistikk 2009*, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).

Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarmeter 2008*, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/kulturbar>).

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 7.2. Utdelingar til musikkfestivalar, etter kategori. Talet på festivalar og tilskot. 2003-2010. 1 000 kroner

	2003		2005		2007		2008		2009		2010	
	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr										
I alt	40	20 780	59	23 865	80	28 650	79	27 687	98	30 012	103	31 550
Festspel	6	4 150	6	4 300	6	3 750	5	3 350	3	3 150	3	3 350
Folkemusikk	5	2 875	6	1 850	10	3 050	11	3 550	12	3 850	16	4 500
Jazz	7	4 800	11	5 900	16	7 350	16	8 700	18	9 300	17	9 450
Klassisk/kammermusikk	8	3 500	10	4 600	11	5 125	8	2 100	10	2 300	9	2 300
Kyrkjemusikk	2	750	4	1 450	4	1 850	4	1 950	4	1 700	3	1 650
Populærmusikk	9	3 655	19	4 415	28	6 125	29	6 237	41	7 250	45	7 650
Samtidsmusikk	3	1 050	3	1 350	5	1 400	6	1 800	4	1 650	6	1 900
Festspel utan klar sjangertilknyting	-	-	-	-	-	-	-	-	6	812	4	750

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 7.3. Hovudtal frå medlemmer av Norske Festivaler. Rapporterte tal¹. 2004-2010

	2004 ²	2005 ³	2006 ⁴	2007 ⁵	2008 ⁶	2009 ⁷	2010 ⁸
Omtrentlege besøkstal	705 684	1 058 737	1 065 729	1 192 823	1 454 687	951 443	1 366 453
Talet på artistar, kunstnarar	11 171	13 165	13 729	15 286	13 227	.	11 624
Talet på framsyningar	2 200	3 444	2 711	4 160	4 792	.	.
Talet på frivillige	:	9 560	9 800	9 979	9 461	8 920	7 320
Total omsetnad, 1 000 kroner	140 198	252 368	283 000	315 977	347 973	.	331 584
Statlege tilskot, 1 000 kroner	:	48 327	57 608	72 672	99 102	60 913	110 616
Kultur- og kyrkjedepartementet	:	:	:	50 405	70 707	48 538	83 312
Norsk Kulturråd	:	:	:	22 267	28 395	12 375	12 361
Andre nasjonale tilskot, 1 000 kroner	:	:	:	10 896	17 168	7 462	14 943
Andre tilskot ⁸ , 1 000 kroner	:	42 120	50 163	54 589	70 243	41 395	70 123
Sponsormidlar	:	:	:	63 315	71 044	45 080	68 416
Billettinntekter	:	:	:	89 747	84 094	76 500	82 429

¹ Førebels tal. ² Rapporterte tal frå 35 av dei 49 festivalane som blei arrangerte i 2004. ³ Rapporterte tal frå 33 av medlemsfestivalane. ⁴ Rapporterte tal frå 56 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2006. ⁵ Rapporterte tal frå 60 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2007. ⁶ Rapporterte tal frå 62 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2008. ⁷ Rapporterte tal frå 55 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2009. ⁸ Regionale og lokale tilskot (regionråd, fylke, kommune etc.)

⁹ Rapporterte tal frå 55 av dei 84 festivalane som blei arrangerte i 2010.

Kjelde: Norske Festivaler.


8. Museum og samlingar

8.1. Nokre resultat

Over 10 millionar museumsbesök

I 2010 var det over 10,5 millionar besök i musea i Noreg. Talet på museumsbesök har auka med nesten 1,5 millionar, eller 16 prosent, frå 2005. Musea i Oslo hadde nesten 4 millionar besök og står for 38 prosent av alle museumsbesøka i Noreg i 2010. Frå 2005 har besøka ved musea i Østfold, Rogaland og Troms auka med høvesvis 80, 61 og 52 prosent. Besøka ved musea i Østfold har likevel gått ned med 20 prosent frå 2009. Frå 2005 har besøkstala ved musea i Aust-Agder og Sogn og Fjordane gått ned med 18 prosent. Desse to fylka hadde også ein nedgang i besøkstalet det siste året. Jamfør tabell 8.2 og figur 8.1.


Figur 8.1. Besök i norske museum. Fylke, etter endringar i prosent i talet på besök det siste året og dei siste fem åra



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Halvparten av besøka er betalte

Talet på betalande besøkjande har auka med 1 prosentpoeng frå året før, til 49 prosent i 2010. Sidan 2005 har prosentdelen betalande vore omrent den same, det vil seie han har variert mellom 48 og 53 prosent. Skilnadene mellom musea og mellom fylka er store når ein ser på delen av betalande besök. Noko av dette kjem av at ikkje alle musea tek betaling. Musea i Svalbard og Hordaland hadde størst prosentdel betalande i 2010, med høvesvis 87 og 82 prosent betalande av det totale besøket. Telemark og Aust-Agder var på den andre sida fylka med færrest betalande besök, med høvesvis 30 og 33 prosent. Jamfør figur 8.2.

Figur 8.2. Besøkjande, betalande og andre¹, etter fylke. 2010.

¹Andre besøkjande er lik totalt besøk minus betalande besøkjande. ²Musea i Østfold har ikke rapportert betalande besøkjande i 2010.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Litt færre utstillingar


Det var litt over 2 900 utstillingar i dei norske musea i 2010. Dette er ein nedgang på 1 prosent frå året før, og det er første gong sidan 2002 det er ein nedgang i talet på utstillingar. Det har likevel vore ein auke i basisutstillingane, som no utgjer 54 prosent av utstillingane. Dei temporære utstillingane utgjer 37 prosent, og eigenproduserte vandreutstillingar utgjer 9 prosent av utstillingane.

Dersom vi går tilbake til 2005, er det ein auke i talet på utstillingar på 10 prosent. Auken frå 2005 er størst for dei eigenproduserte vandreutstillingane, nemleg på 41 prosent. Basisutstillingane har auka med 10 prosent, og dei temporære utstillingane har hatt ein auke på 4 prosent sidan 2005. Jamfør tabell 8.3.

43 millionar
museumsgjenstandar

I 2010 var over 43 millionar objekt registrerte i musea i Noreg. Fotografi utgjorde over halvparten av objekta og var i 2010 oppe i 24,7 millionar. Frå 2009 har talet på fotografi auka med 1,8 millionar, eller 7 prosent. Det var 4,4 millionar arkeologiske gjenstandar i musea. Dette var ein auke på 125 000, eller 3 prosent. Talet på kulturhistoriske gjenstandar var nær 3,6 millionar, som er ein auke på nesten 50 000, eller 1 prosent. Talet på kunsthistoriske gjenstandar har vore stabilt på litt over 450 000 dei siste fire åra. Dei naturhistoriske gjenstandane har hatt ein nedgang på nesten 1,6 millionar, eller 14 prosent, frå året før. Dette gjer at talet på naturhistoriske gjenstandar var på litt under 10 millionar. Jamfør tabell 8.1 og figur 8.3.

Musea i Noreg forvaltar nær 5 000 kulturhistoriske bygningar, og nesten 2 900 av desse er opne for publikum. Frå 2009 er dette ein auke på over 100 kulturhistoriske bygningar og samstundes ein nedgang på over 100 opne kulturhistoriske bygningar. Jamfør tabell 8.4.

Figur 8.3. Samlingar i norske museum¹. 2007-2010. 1 000

¹Omfattar dei musea som var opne for publikum.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Stabil del frivillige årsverk


Det vart utført over 3 900 årsverk i musea i 2010, ein auke på nesten 100 årsverk frå 2009. Frå 2005 gir dette ein auke på over 370 årsverk, eller 11 prosent. Over 3 700 årsverk var lønte og utgjer 95 prosent av dei totale årsverka i 2010. Sidan 2005 har delen av dei lønte årsverka vore den same. Det vil seie at kvart år sidan 2005 har 5 prosent av årsverka i musea vore frivillig arbeid. Litt under 2 800 av årsverka var faste, dette utgjer 75 prosent av dei lønte årsverka i 2010. Frå 2005 er dette ein auke på 3 prosentpoeng. Jamfør tabell 8.6.

Rundt rekna står kvinner for fire av ti årsverk utførte av daglege leiarar, seks av ti årsverk utførte av vitskaplege, kunst- og kulturfaglege stillingar, sju av ti årsverk utførte av administrativt personale og tre av ti årsverk utførte av teknisk personale. Sjølv om det er små variasjonar frå år til år, har tendensen vore slik dei siste fire åra. Når det gjeld styreleiarar, har det derimot blitt færre kvinner. Frå 2006 har prosentdelen gått ned frå 25 til 18 prosent. Kjønnsfordelinga blant styremedlemmer og varamedlemmer har halde seg nokolunde stabil sidan 2006. Jamfør tabell 8.7 og 8.8.


Auke i offentlege løyvingar

Driftsinntektene for musea i Noreg låg på 3,73 milliardar kroner, mens dei offentlege løyvingane var på 2,60 milliardar kroner. Dette er ein auke frå 2009 på 210 millionar, eller 6 prosent, for driftsinntektene og 80 millionar, eller 3 prosent, for offentlege løyvingar. Auken i offentlege løyvingar i 2010 er ein mindre prosentvis auke enn tidlegare år, da den prosentvise auken per år låg mellom 9 og 13 prosent frå 2005 til 2009. Driftskostnadene for musea utgjorde 3,66 milliardar kroner. Det gir eit positivt driftsresultat på 72 millionar kroner i 2010. I 2009 var driftsresultatet på 104 millionar kroner. Jamfør tabell 8.5 og figurane 8.4 og 8.5.

Figur 8.4. Driftsinntekter, etter inntektstype og museumstype. 2008-2010. Prosent

¹Medrekna Andre eigeninntekter og Varer og tenester.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Figur 8.5. Driftsutgifter, etter kostnadstype¹ og museumstype. 2008-2010. Prosent¹Dei offentlege refusjonane er ikkje trekte ifrå.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*Færre administrative
einingar*

Det var 137 administrative einingar blant dei norske musea i 2010. Dette er ei halvering sidan 2002, og samanlikna med 2009 var det ein nedgang på 11 administrative einingar. Med andre ord har det i likskap med tidlegare år vore ein del samanslåingar av musea i Noreg i 2010.

8.2. Om museumsstatistikken

Formålet med museumsstatistikken er å gi ei årleg oversikt over aktiviteten på området. Statistikken gir også naudsynt informasjon for stat, fylke, kommune og andre som er involverte i drifta eller finansieringa av musea. Statistisk sentralbyrå (SSB) har publisert statistikken årleg sidan 1983, med unntak av åra 1984 og 1990. Statistikken har vore publisert i samarbeid med Statens museumsråd, Norsk Museumsutvikling (NMU) og ABM-utvikling (Statens senter for arkiv, bibliotek og museum). Frå statistikkåret 2010 samarbeider SSB med Norsk kulturråd.

8.2.1. Omfang og publisering

Frå og med statistikkåret 2002 består statistikken i Statistisk sentralbyrå av ein delpopulasjon av dei norske musea. I tillegg til at musea skal vere opne for publikum, har vi avgrensa populasjonen til å gjelde berre dei musea som har minst eitt fast lønt årsverk. Ein har slik fått ein meir stabil populasjon å halde seg til. Dei siste åra har museumssektoren vore gjennom ei stor reform. Museum over heile landet er gjennom regionale konsolideringsprosesser slegne saman til sterke faglege einingar. Dette har ført til at talet på einingar som rapporterer inn statistikk, er reduserte dei seinare åra. Likevel representerer desse einingane i hovudsak det same landskapet og populasjonen som tidlegare, i høve til gjenstandar, bygningar, utstillingar, tilsette, økonomi og så vidare.

Museumsstatistikken i SSB blir publisert på Internett(<http://www.ssb.no/museer>). Norsk kulturbarmeter 2008 publiserte tal frå kultur- og mediebruksundersøkingane (<http://www.ssb.no/kulturbarmeter>). Norsk kulturråd publiserer òg museumsstatistikk (<http://www.norskkulturrad.no>).

8.2.2. Datakjelder og datainnsamling

Det er Norsk kulturråd som har ansvaret for å samle inn data frå dei enkelte museumseiningane. Fram til 2004 blei data rapporterte på skjema. SSB stod for registrering, revidering, kvalitetssikring og publisering av data. Dei siste åra har datainnsamlinga gått føre seg elektronisk, og SSB får ei samla elektronisk datafil for heile populasjonen via Norsk kulturråd. Fila dannar grunnlaget for publisering frå SSB.

8.2.3. Omgrep og definisjonar

Museum

I hovudsak bygger definisjonen av museum seg på International Council of Museums (ICOM) sin definisjon:

«Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt, som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn, bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om mennesker og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.» (Norsk ICOM).

Til og med 2001-statistikken var det slik at alle samlingar som var opne for publikum, kunne vere inkluderte i museumsstatistikken. Frå 2002 er museumsstatistikken i SSB avgrensa til ein delpopulasjon (sjå 8.2.1). Kravet til einingar i delpopulasjonen er at musea skal vere opne for publikum og ha minst eitt fast lønt årsverk. Dei følgjande definisjonane er henta frå Norsk kulturråds hjelpetekst til utfylling av statistikkskjema (<http://www.abm-utvikling.no/museum/museumsstatistikk>).

Type museum

Musea er frå statistikkåret 2007 delte inn i fem museumstypar. Musea definerer sjølv kva gruppe dei høyrer til. Typen blir fastsett ut frå den verksemda musea meiner er hovudarbeidsområdet deira.

Kunst- og kunstindustrimuseum: Museum som samlar, tek vare på, forskar i og formidlar kunst og/eller kunsthåndverk og designprodukt.

Kulturhistorisk museum: Museum som samlar, tek vare på, forskar i og formidlar kulturhistorisk materiale.

Naturhistorisk museum: Museum som samlar, tek vare på, forskar i og formidlar naturhistorisk materiale.

Blanda kultur- og naturhistorisk museum: Museet skal ha ei aktiv verksemd på begge sektorane for å krysse av i rubrikken «blanda kultur- og naturhistorisk».

Blanda kunst- og kulturhistorisk: Museet skal ha ei aktiv verksemd på begge sektorane for å krysse av i rubrikken «blanda kunst- og kulturhistorisk».

Besøk i museumsstatistikken

Med besøk meiner vi besøk av personar som kjem til museet for å sjå på og bruke museet sine utstillingar og formidlingstenester. For friluftsmuseum reknar vi med besøk av personar som kjem til museet sitt område i opningstida for å gjere seg bruk av museet si formidling på området. Besøk av personar som oppheld seg i museet sine lokale og friluftsområde i samband med arrangement som ikkje aktivt er knytta til museet si formidling og verksemd, vert ikkje rekna med. For utstillingar i andre lokale enn museet sine eigne, reknar ein med besøk av personar dersom dei kjem for å oppsøkje museet si utstilling. Personar som berre passerer gjenstandar/fotografi i eit offentleg lokale utan å oppsøkje utstillinga på ein aktiv måte, skal ikkje rekna med. Virtuelle besøk (internettutstillingar og liknande) vert ikkje rekna med.

Funksjonshemmning

«*Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon taler om funksjonshemmning som ein konflikt mellom individets føresetnader og miljøets og samfunnets krav til funksjon på område som er vesentlege for å etablere og halde oppe mennesket sitt sjølvstende og sosiale tilvære. [...] Tilrettelegging av lokale kan for eksempel vere teleslynge, heis for rullestolbrukarar, rullestolrampe. [...] Tilrettelegging av formidling kan for eksempel vere merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlest informasjon. [...] WAI-standarden (Web Accessibility Initiative) er ein standard for universelt tilgjengelege nettstader. Nærare informasjon kan de finne mellom anna på <http://www.w3.org/WAI/>. WAI-standarden er retningslinjer for korleis ein presenterer informasjon mest mogleg tilgjengeleg på nettsider. Norge.no har KVALITETSKRITERIER for vurdering av kvalitet på offentlege nettstader.»*

Andre omgrep

Inntekter totalt: Inkluderer offentlege løyvingar, billettinntekter, gåver og andre inntekter.

Lønte årsverk i alt: Omfattar faste stillingar, mellombels engasjerte (ikkje på arbeidsmarknadstiltak), engasjerte gjennom arbeidsmarknadstiltak, lærlingar og sivilarbeidrarar.

Utgifter i alt: Inkluderer lønn, sosiale utgifter, andre driftsutgifter og investeringar.

Gjenstandar/objekt: Kan vere kunsthistoriske, kulturhistoriske, naturhistoriske, arkeologiske og fotografi. Kategorien arkeologiske gjenstandar blei innført i 2007. Desse gjenstandane har hovudsakleg tidlegare vore rapporterte i kategorien kulturhistoriske gjenstandar.

Basisutstillingar: Fast utstilling som er ein del av museets faste opplegg for formidling.

Vandréutstilling: Utstilling som er laga for å kunne transporterast og visast på fleire stader.

Temporær utstilling: Utstilling som er montert, og som skal visast ei avgrensa tid. Visingstida kan variere frå nokre få dagar og inntil eit år.

Kulturhistoriske bygningar: Med kulturhistoriske bygningar meiner ein bygningar som har kunnskaps- og kjeldeverdi ved at dei vitnar om lokal kunnskap, estetikk, tradisjonar, levesett, arkitektur og økonomiske føresetnader. Bygningane kan vere ein sjølvstendig del av utstillingane til museet og formidling (friluftsmusea), men også kulturhistorisk viktige bygningar som rommar utstillingar, skal ein telje her. Begrepet «kulturhistoriske bygningar» bruker ein her både for bygningar som er freda eller blir vurderte som verneverdig.

8.2.4. Feilkjelder og uvisse

Det kan oppstå feil ved utfylling av skjema i dei enkelte musea. Dei fleste slike feil blir funne og retta ved maskinelle og manuelle kontrollar. Dei siste åra er kvaliteten i museumsstatistikken blitt betre.

8.2.5. Samanlikningar

Av di populasjonen ikkje har vore eintydig, og på grunn av svært varierande svarprosent frå år til år, har det vore vanskeleg å samanlikne aktivitetene over tid. Frå og med statistikkåret 2002 er populasjonen meir eintydig, og samanlikningar vil difor kunne gjerast frå og med 2002. Med avgrensinga av populasjonen, jamfør 8.2.1, er museumsstatistikken også blitt enklare å samanlikne med dei andre nordiske landa.

8.3. Kulturbruksundersøkingane

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der folk i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008. Sjå også Kulturstatistikk 2009.

Referansar

Norsk ICOM (<http://www.icom-norway.org/definisjon.html>).

Norsk kulturråd: «Hjelpetekst på nynorsk» (<http://www.abm-utvikling.no/museum/museumsstatistikk>).

Norsk kulturråd: *Statistikk for arkiv og museum 2010* (<http://www.norskulturrad.no/om-kulturradet/publikasjoner>).

Meir informasjon

Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive» (<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>).

Statistisk sentralbyrå (23. juni 2011): «Halvparten av besøka er betalte» (<http://www.ssb.no/museer>).

Taule, Liv (red) (2010): Kulturstatistikk 2009, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).

Vaage, Odd Frank (2009): Norsk kulturbarometer 2008, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/kulturbar>).

Vaage, Odd Frank (2009): Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 8.1. Museum¹ og samlingar. Storleik på samlingane. 2002-2010

	I alt	Kunst-historiske	Arkeo-logiske	Kultur-historiske	Natur-historiske	Fotografi	Gjenstandar/objekt	Del av materialet som er elektronisk registrert
2002	26 775 867	551 165	-	5 137 055	11 225 769	9 861 878	-	
2003	26 925 141	560 179	-	4 883 866	11 284 219	10 196 877	-	
2004	32 097 587	314 231	-	5 350 045	11 545 829	14 887 482	-	
2005	34 297 470	470 768	-	6 141 348	11 639 872	16 045 482	-	
2006	35 103 293	505 181	-	6 287 267	11 220 116	17 090 729	8 450 955	
2007	38 377 510	452 661	4 658 042	3 469 430	11 855 590	17 941 787	8 700 386	
2008	43 484 229	450 762	4 191 631	3 489 294	11 921 261	23 431 281	9 230 788	
2009	42 732 026	453 305	4 279 451	3 542 745	11 542 271	22 914 254	28 375 725	
2010	43 129 650	451 895	4 404 473	3 588 710	9 953 467	24 731 105	11 265 530	
Museumstype								
Kunst- og kunstindustri-museum	539 691	302 114	-	75 121	-	162 456	15 677	
Kulturhistorisk museum	16 224 578	26 924	1 452 587	1 951 609	9 672	12 783 786	3 493 794	
Naturhistorisk museum	6 210 643	-	-	300	6 100 043	110 300	1 901 524	
Blanda kultur- og naturhistorisk museum	14 111 932	4 733	2 950 915	724 841	3 819 668	6 611 775	5 350 735	
Blanda kunst- og kulturhistorisk museum	6 042 806	118 124	971	836 839	24 084	5 062 788	503 800	
Fylke								
Østfold	862 455	4 945	314	86 779	1 047	769 370	77 450	
Akershus	534 985	4 387	2	66 859	680	463 057	123 166	
Oslo	14 475 311	302 362	1 449 986	833 487	6 001 462	5 888 014	4 073 495	
Hedmark	4 097 535	3 264	6 387	198 791	1 855	3 887 238	262 198	
Oppland	1 891 403	1 385	387	199 086	1 469	1 689 076	317 317	
Buskerud	449 338	4 834	-	157 355	6 333	280 816	77 778	
Vestfold	1 733 159	445	728	81 628	192	1 650 166	70 465	
Telemark	1 731 560	2 626	971	127 944	800	1 599 219	146 323	
Aust-Agder	222 390	47	440	86 215	11 067	124 621	65 382	
Vest-Agder	427 096	1 791	206	69 808	100 091	255 200	104 613	
Rogaland	1 594 530	14 502	12 959	243 602	14 492	1 308 975	168 001	
Hordaland	4 232 545	41 725	1 385 057	402 825	1 949 839	453 099	1 805 743	
Sogn og Fjordane	178 781	4 090	-	106 398	7 465	60 828	68 810	
Møre og Romsdal	1 685 535	794	-	209 985	555	1 474 201	236 177	
Sør-Trøndelag	5 150 148	31 076	1 221 257	221 577	1 378 833	2 297 405	2 361 926	
Nord-Trøndelag	757 604	2 908	2	105 009	43	649 642	56 754	
Nordland	1 473 170	456	110	251 016	19 324	1 202 264	329 221	
Troms Romsa	1 346 778	28 701	287 434	82 669	456 350	491 624	866 733	
Finnmark Finnmark	228 517	1 460	233	53 128	1 406	172 290	46 133	
Svalbard	56 810	97	38 000	4 549	164	14 000	7 845	

¹Tala i tabellen omfattar dei opne musea. ²På grunn av endring i spørreskjemaet for 2009, kan dette talet vere misvisande.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.2. Museum¹ og samlingar. Besøk. 2002-2010

	Einingar i alt	Besøk I alt	Av desse som enkeltbesøk	Betalande besøkjanende	Besøk i alt per innbyggjar ²
2002	274	8 336 172	4 128 103	3 872 401	1,8
2003	263	8 523 048	4 591 615	4 119 047	1,9
2004	234	8 552 799	5 680 903	4 564 014	1,9
2005	188	9 060 639	6 343 510	4 731 733	2,0
2006	175	9 330 587	6 786 383	4 462 322	2,0
2007	173	10 193 903	7 409 121	5 387 033	2,2
2008	166	10 195 986	7 552 901	5 054 537	2,2
2009	148	10 183 842	7 632 755	4 869 775	2,1
2010	137	10 548 193	8 070 117	5 141 837	2,2
Fylke					
Østfold	2	159 614	106 343	..	0,6
Akershus	4	292 023	246 617	114 080	0,5
Oslo	25	3 960 475	3 146 134	1 585 574	6,7
Hedmark	3	303 910	224 315	197 897	1,6
Oppland	11	466 551	370 679	302 182	2,5
Buskerud	7	366 223	276 509	182 808	1,4
Vestfold	2	148 687	101 011	61 937	0,6
Telemark	3	200 377	169 234	60 072	1,2
Aust-Agder	4	62 948	41 358	20 859	0,6
Vest-Agder	7	191 430	140 516	86 721	1,1
Rogaland	11	582 663	399 708	253 911	1,3
Hordaland	12	1 066 142	790 210	875 258	2,2
Sogn og Fjordane	3	142 628	98 673	61 160	1,3
Møre og Romsdal	6	371 702	259 630	209 268	1,5
Sør-Trøndelag	8	1 144 001	926 950	437 160	3,9
Nord-Trøndelag	4	257 664	213 597	145 336	2,0
Nordland	10	445 634	308 136	321 709	1,9
Troms Romsa	7	210 012	128 979	103 151	1,3
Finnmark Finnmárku	6	138 820	97 397	90 778	1,9
Svalbard	2	36 689	24 121	31 976	-

¹ Tala i tabellen omfattar dei opne musea. ² Frå og med 2010 er innbyggjartala basert på middelfolkemengde og ikkje på tal per 1. januar.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.3. Utstillingar i norske museum¹. 2002-2010

	Einingar i alt	Utstillingar i alt	Basisutstillingar	Temporære utstillingar	Eigenproduserte vandreutstillingar i drift
2002	274	2 387	1 383	754	237
2003	263	2 420	1 377	795	248
2004	234	2 452	1 398	892	162
2005	188	2 658	1 434	1 028	196
2006	175	2 737	1 471	1 040	226
2007	173	2 858	1 559	1 073	226
2008	166	2 881	1 523	1 119	239
2009	148	2 964	1 541	1 139	284
2010	137	2 922	1 578	1 068	276
Museumstype					
Kunst- og kunstindustrimuseum	16	266	51	129	86
Kulturhistorisk museum	66	1 158	686	387	85
Naturhistorisk museum	10	97	71	17	9
Blanda kultur- og naturhistorisk museum	22	775	472	252	51
Blanda kunst- og kulturhistorisk museum	23	626	298	283	45
Fylke					
Østfold	2	64	31	29	4
Akershus	4	181	93	79	9
Oslo	25	372	167	137	68
Hedmark	3	167	111	45	11
Oppland	11	141	81	53	7
Buskerud	7	127	90	33	4
Vestfold	2	59	28	28	3
Telemark	3	105	81	17	7
Aust-Agder	4	60	41	9	10
Vest-Agder	7	110	62	41	7
Rogaland	11	167	92	67	8
Hordaland	12	296	167	112	17
Sogn og Fjordane	3	69	34	28	7
Møre og Romsdal	6	156	71	55	30
Sør-Trøndelag	8	144	64	62	18
Nord-Trøndelag	4	121	42	73	6
Nordland	10	324	197	107	20
Troms Romsa	7	145	67	40	38
Finnmark Finnmark	6	99	54	43	2
Svalbard	2	15	5	10	-

¹ Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.4. Kulturhistoriske bygningar, etter type museum og fylke. 2006-2010

	Einingar i alt ¹	Kulturhistoriske bygningar	Opne kulturhistoriske bygningar
2006	175	4 894	2 942
2007	173	4 785	2 971
2008	166	4 782	2 918
2009	148	4 866	2 970
2010	137	4 974	2 862
Museumstype			
Kunst- og kunstindustrimuseum	16	48	36
Kulturhistorisk museum	66	2 431	1 475
Naturhistorisk museum	10	10	5
Blanda kultur- og naturhistorisk museum	22	1 507	765
Blanda kunst- og kulturhistorisk museum	23	978	581
Fylke			
Østfold	2	78	47
Akershus	4	188	157
Oslo	25	247	101
Hedmark	3	659	308
Oppland	11	605	272
Buskerud	7	387	232
Vestfold	2	46	29
Telemark	3	243	179
Aust-Agder	4	95	57
Vest-Agder	7	117	82
Rogaland	11	219	144
Hordaland	12	491	240
Sogn og Fjordane	3	198	94
Møre og Romsdal	6	306	170
Sør-Trøndelag	8	206	95
Nord-Trøndelag	4	144	126
Nordland	10	419	295
Troms Romsa	7	205	194
Finnmark Finnmark	6	119	39
Svalbard	2	2	1

¹Tala i tabellen omfattar dei opne musea.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.5. Museum og samlingar. Driftsinntekter og driftskostnader, etter museumstype. 2010. Millionar kroner

	I alt	Kunst- og kunstindustr- museum	Kulturhistorisk museum	Naturhistorisk museum	Blanda kultur- og naturhistorisk museum	Blanda kunst- og kulturhistorisk museum
Driftsresultat	71,5	-5,2	45,4	-1,0	12,7	19,6
Totale driftsinntekter	3 732,6	506,4	1 430,5	283,3	806,6	705,8
Totale eigeninntekter	1 133,3	80,3	503,7	117,8	256,6	175,0
Billettinntekter	258,5	12,9	108,2	61,2	37,9	38,3
Varer og tenester	307,8	41,6	137,8	18,5	72,2	37,7
Sponsorinntekter	115,5	11,1	46,1	18,5	15,4	24,5
Andre eigeninntekter	451,5	14,8	211,6	19,5	131,1	74,5
Totalt ordinært offentleg driftstilskot	2 398,5	421,1	845,1	131,2	524,2	476,9
Ord. driftstilskot staten	1 733,7	320,1	615,4	113,7	435,3	249,2
Ord. driftstilskot fylkeskommune	300,1	12,6	117,0	8,0	49,1	113,4
Ord. driftstilskot kommune	364,7	88,3	112,6	9,6	39,9	114,3
Totalt andre offentlege tilskot	200,8	5,1	81,7	34,4	25,8	53,9
Andre offentlege tilskot, staten	155,2	4,8	66,2	29,1	18,7	36,4
Andre offentlege tilskot, fylke	22,1	0,0	7,8	2,0	3,5	8,7
Andre offentlege tilskot, kommune	23,5	0,3	7,7	3,2	3,6	8,7
Totale driftskostnader	3 661,1	511,6	1 385,1	284,3	793,9	686,2
Varer/ tenester	304,9	51,7	103,7	27,1	79,4	43,0
Lønn	1 742,9	172,7	716,7	130,2	427,6	295,5
Pensjon	155,7	6,8	60,1	3,2	49,1	36,6
Avskrivningar	84,2	16,7	31,9	22,3	4,9	8,4
Drift lokale	201,5	24,2	83,3	20,9	20,9	52,2
Vedlikehald lokale	146,8	8,2	86,9	2,3	19,8	29,6
Husleige	403,2	115,8	114,2	33,8	84,7	54,6
Andre driftskostnader	671,0	119,3	210,5	47,7	119,0	174,5
- Offentlege refusjonar	49,0	3,8	22,3	3,2	11,6	8,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.6. Museum og samlingar. Årsverk, etter museumstype og kjønn. 2006-2010

	I alt	Kunst- og kunstindustri- museum	Kulturhistorisk museum	Naturhistorisk museum	Blanda kultur- og naturhistorisk museum	Blanda kunst- og kulturhistorisk museum
2006	3 578,6	421,1	2 235,9	222,9	698,6	..
2007	3 768,1	375,5	2 026,3	249,6	800,7	315,9
2008	3 842,0	389,3	2 011,3	241,3	826,8	373,4
2009	3 840,8	312,6	1 892,2	246,9	849,4	539,7
Årsverk i alt 2010	3 934,2	349,5	1 667,1	251,3	992,0	674,4
Årsverk, lønt personale	3 726,9	346,9	1 548,6	247,5	947,8	636,1
Av dette						
Årsverk, faste stillingar	2 792,3	270,1	1 188,4	177,4	657,0	499,4
Frivillige årsverk	207,4	2,6	118,5	3,8	44,3	38,3
Årsverk, lønt personale, kjønn ¹						
Kvinner	1 946,3	224,3	783,1	97,3	493,8	347,8
Menn	1 778,9	122,6	764,7	150,2	453,1	288,3

¹ Frivillige årsverk er ikke inkluderte.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.7. Årsverk, etter type stilling og kjønn. 2006-2010. Prosent

	Dagleg leiar		Vitskapleg kunst- og kulturfagleg personale		Administrativt personale		Teknisk personale	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2006	35,5	64,5	53,2	46,8	73,2	26,8	29,9	70,1
2007	39,3	60,7	55,1	44,9	72,8	27,2	31,4	68,6
2008	36,8	63,2	57,3	42,7	71,2	28,8	31,0	69,0
2009	40,4	59,6	58,8	41,2	74,8	25,2	29,5	70,5
2010	40,9	59,1	57,6	42,4	73,1	26,9	27,4	72,6
2010								
Østfold	50,0	50,0	70,6	29,4	70,3	29,7	31,0	69,0
Akershus	25,0	75,0	65,7	34,3	79,8	20,2	5,8	94,2
Oslo	30,8	69,2	57,4	42,6	68,5	31,5	29,6	70,4
Hedmark	10,0	90,0	53,7	46,3	68,5	31,5	25,5	74,5
Oppland	30,0	70,0	64,2	35,8	77,2	22,8	19,8	80,2
Buskerud	82,5	17,5	55,6	44,4	86,7	13,3	25,8	74,2
Vestfold	56,5	43,5	75,9	24,1	87,7	12,3	46,2	53,8
Telemark	33,3	66,7	57,3	42,7	75,3	24,7	11,5	88,5
Aust-Agder	75,0	25,0	50,2	49,8	64,3	35,7	29,3	70,7
Vest-Agder	21,7	78,3	49,4	50,6	83,2	16,8	29,5	70,5
Rogaland	22,2	77,8	65,7	34,3	79,5	20,5	26,5	73,5
Hordaland	50,4	49,6	55,3	44,7	74,2	25,8	36,7	63,3
Sogn og Fjordane	50,0	50,0	58,5	41,5	85,1	14,9	23,6	76,4
Møre og Romsdal	19,4	80,6	56,0	44,0	79,1	20,9	17,8	82,2
Sør-Trøndelag	12,5	87,5	52,1	47,9	74,2	25,8	19,8	80,2
Nord-Trøndelag	75,0	25,0	49,7	50,3	65,8	34,2	23,8	76,2
Nordland	21,1	78,9	56,6	43,4	61,0	39,0	9,7	90,3
Troms/Romsdalsfjorden	68,4	31,6	57,0	43,0	68,1	31,9	36,7	63,3
Finnmark/Finnmark	82,6	17,4	63,5	36,5	85,6	14,4	23,2	76,8
Svalbard	50,0	50,0	100,0	0,0	100,0	0,0	75,0	25,0

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.8. Samansetjing av styra i musea, etter kjønn og fylke. 2006-2010. Prosent

	Styreleiar		Styremedlem		Varamedlem	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
2006	25,0	75,0	40,0	60,0	47,0	53,0
2007	24,5	75,5	42,0	58,0	47,1	52,9
2008	22,9	77,1	42,3	57,7	48,0	52,0
2009	18,5	81,5	40,7	59,3	50,3	49,7
2010	18,3	81,7	43,2	56,8	48,2	51,8
2010						
Østfold	100,0	0,0	41,7	58,3	66,7	33,3
Akershus	0,0	100,0	42,3	57,7	56,5	43,5
Oslo	11,1	88,9	42,2	57,8	50,8	49,2
Hedmark	33,3	66,7	29,4	70,6	50,0	50,0
Oppland	0,0	100,0	43,6	56,4	38,6	61,4
Buskerud	28,6	71,4	40,0	60,0	51,4	48,6
Vestfold	0,0	100,0	63,6	36,4	50,0	50,0
Telemark	0,0	100,0	47,1	52,9	58,8	41,2
Aust-Agder	50,0	50,0	39,1	60,9	47,1	52,9
Vest-Agder	0,0	100,0	46,4	53,6	46,2	53,8
Rogaland	33,3	66,7	39,7	60,3	37,9	62,1
Hordaland	8,3	91,7	40,7	59,3	53,4	46,6
Sogn og Fjordane	33,3	66,7	57,1	42,9	53,8	46,2
Møre og Romsdal	14,3	85,7	46,2	53,8	60,7	39,3
Sør-Trøndelag	25,0	75,0	37,7	62,3	41,7	58,3
Nord-Trøndelag	25,0	75,0	56,5	43,5	33,3	66,7
Nordland	10,0	90,0	45,5	54,5	35,8	64,2
Troms Romsa	28,6	71,4	38,9	61,1	53,3	46,7
Finnmark Finnmark	28,6	71,4	59,4	40,6	51,4	48,6
Svalbard	0,0	100,0	20,0	80,0	80,0	20,0

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.9. Museum på Internett, etter museumstype. 2010

	I alt	Museumstype				
		Kunst- og kunstindustri- museum	Kulturhistorisk museum	Naturhistorisk museum	Blanda kultur- og naturhistorisk museum	Blanda kunst- og kulturhistorisk museum
Talet på museum med eigne						
Internettutstillingar	133	16	62	10	22	23
Talet på Internettutstillingar	168	4	65	5	62	32
Talet på museum med samlingskatalog på Internett som ein kan søkje i ¹	50	2	26	3	12	7

¹ Medrekna både dei som har og delvis har samlingskatalogar på Internett.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.10. Museum og samlingar, etter storlek. 2010

	Talet på museum		Besök		Utstillingar		Gjenstandar/objekt		Årsverk		Driftskostnader i alt. Millionar krone		Driftsinntekter i alt. Millionar krone			
	I alt	Pro- sent	I alt	Pro- sent	I alt	Pro- sent	I alt	Pro- sent	I alt	Pro- sent	I alt	Pro- sent	I alt	Pro- sent		
I alt	137	100,0	10 548	193	100,0	2 922	100,0	43 129	650	100,0	3 934	100,0	3 661,1	100,0	3 732,6	100,0
Totale drifts- kostnader. 1 000 kroner																
0 - 4 350	27	19,7	415 891	3,9	174	6,0	352 262	0,8	106	2,7	42,2	1,2	45,8	1,2		
4 351 - 10 000 ..	28	20,4	632 914	6,0	285	9,8	2 299 588	5,3	270	6,9	202,6	5,5	223,4	6,0		
10 001 - 16 350 ..	28	20,4	1 438 696	13,6	514	17,6	2 985 138	6,9	423	10,7	373,1	10,2	387,9	10,4		
16 351 - 38 000 ..	27	19,7	2 201 344	20,9	765	26,2	6 402 091	14,8	825	21,0	674,9	18,4	694,0	18,6		
38 001 -	27	19,7	5 859 348	55,5	1 184	40,5	31 090 571	72,1	2 310	58,7	2 368,4	64,7	2 381,6	63,8		

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Tabell 8.11. Museum som er lagde til rette for funksjonshemma. 2006-2010

	Talet på museum	Er museets lokaler lagde til rette for funksjonshemma?		Er museets formidling lagt til rette for funksjonshemma?	
		Ja	Nei	Ja	Nei
2010	137	102	35	76	61
Museumstype					
Kunst- og kunstindustrimuseum	16	13	3	11	5
Kulturhistorisk museum	66	46	20	37	29
Naturhistorisk museum	10	9	1	5	5
Blanda kultur- og naturhistorisk museum	22	16	6	8	14
Blanda kunst- og kulturhistorisk museum	23	18	5	15	8
Fylke					
Østfold	2	2	-	1	1
Akershus	4	2	2	2	2
Oslo	25	20	5	16	9
Hedmark	3	2	1	-	3
Oppland	11	9	2	6	5
Buskerud	7	5	2	3	4
Vestfold	2	2	-	2	-
Telemark	3	2	1	-	3
Aust-Agder	4	3	1	2	2
Vest-Agder	7	6	1	5	2
Rogaland	11	8	3	6	5
Hordaland	12	9	3	6	6
Sogn og Fjordane	3	2	1	2	1
Møre og Romsdal	6	5	1	6	-
Sør-Trøndelag	8	4	4	3	5
Nord-Trøndelag	4	3	1	2	2
Nordland	10	7	3	5	5
Troms Romsa	7	5	2	4	3
Finnmark Finnmárku	6	5	1	4	2
Svalbard	2	1	1	1	1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

9. Bibliotek

9.1. Nokre resultat


5.1 utlån per innbyggjar frå folkebiblioteka

Etter fleire år med stabile tal på utlån frå folkebiblioteka ser det ut som tala for 2010 syner ein svak nedgang på litt over 1 prosent. Det totale utlånet av bøker og andre medium frå folkebiblioteka i 2010 utgjorde 24,9 millionar utlån, ein nedgang på nær 270 000 utlån. Utlån per innbyggjar ligg på 5,1 utlån i gjennomsnitt, om lag det same som i 2009. Etter ein auke i bokutlåna i 2008 og 2009 syner tala for 2010 at det har vore 99 000 færre bokutlån i 2010 samanlikna med året før. Denne reduksjonen i utlån viser seg også som ein liten nedgang i totalt bokutlån per innbyggjar, 3,5 bokutlån per innbyggjar i 2010, mot 3,6 i 2009.

Etter fleire år med auke i utlån av bøker for vaksne har utlånet av vaksenlitteratur gått ned med 2,8 prosent samanlikna med 2009. Denne prosentdelen utgjer ein nedgang på om lag 261 000 utlån. Litt over ein tredel av nedgangen er reduksjon i utlånet av skjønnlitteratur. Utlånet av barnelitteratur har derimot stig med 2 prosent og utgjer 160 000 fleire utlån i forhold til året før. Omløpssnøggleiken for barnebøker var 1,3 i 2010, det same som i året før.

Utlånet av andre medium totalt har gått ned 2,1 prosent sidan 2009, etter fleire år med auke i tala for utlån av andre medium enn bøker. Både utlån av musikk og lydbøker gjekk ned med respektive 18 og 3 prosent, mens utlån av film har halde seg stabilt. Utlån av anna bibliotekmateriale steig med 91 000 einingar. Figur 9.1 syner totalt utlån i biblioteka dei siste ti åra. Tabellane 9.2 og 9.3 syner fleire detaljar om utlåna i biblioteka.


Figur 9.1. Folkebibliotek. Millionar utlån. 2000-2010



Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

4,5 besök i gjennomsnitt per innbyggjar i folkebiblioteka

På landsbasis ser besøkstala for folkebiblioteka ut til å ha gått svakt ned siste året. Etter fleire år med stabile besøkstal, med rundt 4,7 besök per innbyggjar i gjennomsnitt, syner landstala for 2010 4,4 besök per innbyggjar. Nokre fylke har likevel ein svak auke, eller opplever stabilitet i besøket i folkebiblioteka. Biblioteka i Vest-Agder og Troms har det høgaste besøkstalet per innbyggjar, med 5,5. Biblioteka i Finnmark har hatt den største auken i besøk, fra 3,4 til 4,5 per innbyggjar. Tabell 9.4 syner nærmere detaljar.

Figur 9.2. Folkebibliotek. Besøk per innbyggjar, etter fylke. 2010

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

22 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka

Tala i tabellane 9.5 og 9.6 syner at det var 768 folkebibliotek i 2010, ein nedgang på 16 bibliotek frå 2009. Det var nær 21,5 millionar bøker og anna materiale i folkebiblioteka 2010. Totalt representerer dette ein svak nedgang frå 2009. Siste året blei bokbestanden i folkebiblioteka redusert med drygt 200 000, og sidan 2006 har han falle med i underkant av 900 000, eller 4 prosent. Bestanden av aviser (avis- og tidsskriftabonnement) er gått ned med om lag 9 prosent, mens bestanden av andre medium som til dømes musikk, lydbøker og film har gått opp sidan 2009.

Fylkesbiblioteka – 10 prosent nedgang i utlåna

Samla utlån frå fylkesbiblioteka i 2010 var 544 000 utlån. Dei siste åra har det vore nedgang i utlåna kvart år. Nedgangen i samla utlån siste året var på 10 prosent. Det ser ut til å vere utlåna frå dei mobile einingane som fell, 24 prosent frå året før. Totalt fjernlån av alle medium har stigi sidan 2006, siste året har auken vore på om lag 12 prosent. Statistikken for fylkesbiblioteka kan ikkje heilt samanliknast frå år til år, da nokre fylkesbibliotek heilt eller delvis har sett bort utlån og fjernlån til eit folkebibliotek (Nasjonalbiblioteket 2011). Oversikta (jamfør tabell 9.8) frå fylkesbiblioteka for 2010 syner at brutto driftsutgifter var 127 millionar kroner, om lag det same som året før.

Nær 7 millionar utlån frå grunnskolebiblioteka

Bokmengda i grunnskolebiblioteka har stigi dei siste tre åra, og bestanden tel no over 10 millionar bøker. Dette talet utgjer ei bokmengd på 20,1 per elev i grunnskolen i 2010. Utlånstala i grunnskolebiblioteka har i fleire år stigi, bortsett frå ein svak nedgang i 2009. I 2010 var det nær 7 millionar utlån frå grunnskolebiblioteka.

Dette representerer 13,8 utlån per elev, 0,8 utlån høgare enn i året før. Statistikken for 2010 omfattar data frå om lag 2 340 skolar, jamfør tabell 9.9 og kap. 9.2.1.

*Svak nedgang i utlånet i
biblioteka i vidaregåande
skolar*

Det totale utlånet ved skolebiblioteka i vidaregåande skolar ligg på nær 1,1 millionar i 2010, som svarer til seks utlån per elev i dette året. Etter fleire år med stabil vekst i utlånstala viser tala for 2010 ein svak nedgang frå 2009.

Det kan sjå ut som nedgangen er størst i utlånet av AV-medium, nær 5 prosent reduksjon, mens nedgangen i utlånet av bøker var 2 prosent, eller 13 000 færre bøker. Utlån av bøker utgjer 69 prosent av det totale utlånet.

Bokbestanden har auka med nær 32 000 bøker og tel i 2010 drygt 3,2 millionar bøker. Dette gir ein bokbestand på 17,7 bøker per elev i skolebiblioteka for den vidaregåande skolen. Sidan 2000 har bokmengda i biblioteka i den vidaregåande skolen auka med om lag 1 million einingar.

*Nedgang i talet på bøker i
fag- og forskingsbibliotek*


Fag- og forskingsbiblioteka hadde i 2010 ein nedgang i talet på trykte bøker og tidsskrift på 660 000, eller 3 prosent, frå året før. Talet på trykte bøker og tidsskrift var på 19,9 millionar, og var dermed for første gong sidan 2005 på under 20 millionar. Reknar ein med e-bøker og elektroniske tidsskrifttitlar, respektive 1,7 og 0,5 millionar, blir den totale nedgangen i bøker og tidsskrift 1,9 prosent. Nedgangen var størst blant biblioteka ved helseinstitusjonane og universitetsbiblioteka, høvesvis på 11 prosent og 8 prosent frå året før for trykte bøker og tidsskrift. På den andre sida var det ein auke i talet på elektroniske tidsskrifttitlar på 10 prosent for fag- og forskingsbiblioteka samla, og ein auke i talet på trykte bøker og tidsskrift blant andre private spesialbibliotek på 25 prosent frå 2009. Universitetsbiblioteka hadde likevel klart størst bestand trykte bøker og tidsskrift, med 47 prosent av total bestand.

Fag- og forskingsbiblioteka hadde 7,7 millionar besøk, og det var 200 000 aktive låntakarar, det same som året før både når det gjeld besøk og låntakarar. Det var nesten 4,6 millionar utlån i 2010. Sidan 2000 har utlåna auka med nesten 1 million. Det totale utlånet dekkjer lokale lån, kopiar for lån og fjernlån.

Talet på lokale lån var på 4,1 millionar, ein auke på 3 prosent frå 2009, og talet på fjernlån var litt over 552 000 lån, jamfør kapittel 9.4. Alle bibliotektypane, bortsett frå Nasjonalbiblioteket, har ein større del lokale lån enn fjernlån. Fjernlån utgjer mellom 7 og 11 prosent av totale utlån innanfor desse bibliotektypane. Ved Nasjonalbiblioteket var derimot 70 prosent av utlåna fjernlån i 2010.

Fag- og forskingsbiblioteka utfører også innlån av dokument. I 2010 var det 260 000 innlån, ein nedgang på 7 prosent frå året før. 39 prosent av innlåna fann stad ved universitetsbiblioteka, og 28 prosent ved høgskolane.

I 2010 var dei totale utgiftene på nesten 1,6 milliardar kroner. Ikkje alle biblioteka fører kostnader til løn i rekneskapane sine, i nokre tilfelle vert løn dekt av eigar-institusjonen. Det blei utført 1 400 årsverk. 66 prosent av årsverka var i bibliotekfaglege stillingar, den same delen som i 2009. Jamfør tabellane 9.12 og 9.13.

Figur 9.3. Bøker og periodika i fag- og forskingsbibliotek, etter bibliotekstype. 2010

Nasjonalbiblioteket og pliktavleveringa

Nasjonalbiblioteket er representert i statistikken over fag- og forskingsbibliotek, men har òg andre oppgåver enn dei bibliotekfaglege. Nasjonalbiblioteket er ansvarleg for registrering av pliktavlevert materiale i Noreg. Etter at innhaustinga av nettsider på det norske internettdomenet (.no) blei sett i operativ drift i 2005, blei det til og med 2007 årleg registrert rundt 300 millionar vevdokument. I 2008 blei det registrert over 480 millionar norske vevdokument, mens i 2009 blei registreringstakta noko lågare, med 20 millionar dokument, og i 2010 drygt 17 millionar dokument. Årsaka til nedgangen er at innhaustinga frå det norske internettdomenet er konsesjonspliktig etter personvernlova, og Nasjonalbiblioteket hadde ein mellombels konsesjon frå Datatilsynet til og med 2008. I 2009 kom Datatilsynet med nye konsesjonskrav med vilkår som gjer at Nasjonalbiblioteket ikkje haustar inn vevdokument i dag. I påvente av revisjon av pliktavleveringslova har Nasjonalbiblioteket enno ikkje gjennomført domeneinnhausting. Men det er gjort nokre mindre tematiske innhaustingar i perioden.

Mens avlevering av filer for digital radio og digitalt fjernsyn auka med respektive 64 og 50 prosent samanlikna med 2009, har avlevering av kringkasta materiale falle med 50 prosent i 2010. Denne utviklinga viser endring i lagringsmedium. Jamfør kapittel 9.3, avlevering av kringkasting. Det er levert ut 51 fleire lydbøker i 2010 enn i 2009, og til saman blei det levert 502 lydbøker. 169 filmar blei pliktavleverte til Nasjonalbiblioteket i 2010. Nær 10 500 bøker og drygt 21 600 småtrykk blei pliktavleverte i 2010. Dette utgjer ein svak nedgang i avlevering av bøker og ein liten oppgang i avlevering av småtrykk. Desse tala er henta frå statistikken over pliktavlevert materiale til Nasjonalbiblioteket, jamfør tabell 9.1.

Tabell 9.1. Pliktavlevering av materiale til Nasjonalbiblioteket. 2004-2010

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
I alt	69 539	310 084	789 315	118 452	280 146	804 485	126 420
Periodika, løpende	12 650	13 451	12 917	12 249	12 216	11 962	11 605
Periodika, Internett	52	²
Bøker	9 988	10 106	11 463	10 835	10 710	10 458	10 421
Nettmonografier	659	²	2	19	27
Videoar	129	186	257	264	289	325	496
Film ¹	105	110	169
Kombidokument	64	11	33	31	48	14	6
Lydbøker	188	486	435	459	513	451	502
Småtrykk	23 182	21 600	30 939	23 818	24 750	21 478	21 668
Postkort	1 230	2 890	2 606	3 781	3 694	2 420	1 721
Plakatar	670	704	550	703	1 432	2 176	1 643
Kringkasta materiale	19 517	23 783	21 486	20 071	13 313	7 774	3 838
Digital radio, talet på filar	35 833	36 096	72 272	46 055	53 904	88 600
Digital fjernsyn, talet på filar	11 088	75 000	112 587
Notetrykk	181	480	498	443	440	467	388
Kart	159	317	153	373	268	325	541
Lydopptak musikk	479	665	542	958	1 218	2 210	1 915
CD-Rom og diskettar	157	159	³ 224	294	23	19	32
Aviser	234	240	253	253	256	254	252
Norske vevdokument	309 973	878 315 000 000	280 000 000	485 000 000	20 000 000	17 000 000


¹ Nasjonalbiblioteket overtok som mottaksinstitusjon for film i 2008 etter Norsk Filminstitutt. ² Frå 2005 er tala for monografier og periodika på Internett med i talet for innhenta URLer (filer) under Norske vevdokument. ³ inkluderer både monografier og periodika på cd-rom, dvd-rom eller diskett.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

51 prosent på folkebibliotek siste 12 månader i 2008

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå tidlegare undersøkingar er presenterte i Kulturstatistikk 2008 og 2009.

Figur 9.4 gir eit bilete av kor mange prosent, etter alder, som hadde vore på eit folkebibliotek siste tolv månader i åra 1997, 2000, 2004 og 2008. Det er heller ikkje kome til oppdaterte/tilgjengelege data frå Levekårsundersøkinga 2011 og Tidsbruksundersøkinga i 2010.

Medlemsforlaga selde drygt 24 millionar bøker i 2010, ein nedgang på 2,3 prosent frå 2009. Over 4 millionar av dei selde bøkene er lærebøker (grunnskole, vidaregåande skole og lærebøker for høgare utdanning). Dette var ein nedgang frå 2009 på 500 000 bøker, i 2009 var reduksjonen på nær 800 000 bøker. I 2009 fann ein den største nedgangen i gruppa lærebøker for grunnskolen. I 2010 har nedgangen vore størst i gruppa lærebøker for vidaregåande, med 35 prosent. Ei av årsakene til denne reduksjonen er at skolereforma Kunnskapsløftet har gitt vesentleg reduksjon i skolebokmarknaden (Den norske Forleggerforening).

Det vart selt nær 1,2 millionar norske skjønnlitterære bøker for barn og 1,5 millionar omsette skjønnlitterære bøker for barn i 2010. Dette gir ein auke på høvesvis 6 og 11 prosent frå 2009. Brutto omsetnad steig med 13 prosent for den norske og 10 prosent for den omsette skjønnlitteraturen for barn. Norsk sakprosa for barn har også hatt ein auke både i talet på selde bøker og brutto omsetnad, talet på selde bøker har i denne bokgruppa auka med 62 prosent og bruttoomsetnaden med 9 prosent. Omsett skjønnlitteratur for vaksne auka også i talet på selde eksemplar med 23 prosent eller over 200 000 fleire selde eksemplar. Norsk

skjønnlitteratur for vaksne viser ein svakare vekst i talet på eksemplar, mens omsetnadstala viser ein svak nedgang.

Figur 11.3. Bruttoomsetnad fordelt på bokgruppe. 2008- 2010. Millionar kroner



¹Bruttoomsetnaden er estimert på bakgrunn av nettoomsetnaden.

Kjelde: Den norske forleggarforening.

Tabell 11.1. Originale norske utgivingar¹ med norske opphavsmenn², fordelt på kjønn. 2009- 2010

	2009	2010 ³
Talet på titlar i alt	4 116	..
Opphavsmenn i alt	5 306	7 177
Menn	3 284	4 378
Kvinner	2 022	2 799
Av dette		
Barnebøker, totalt tal titlar	456	..
Opphavsmenn i alt	738	1 038
Menn	391	495
Kvinner	347	543

¹Utan omsyn til språk. ²Opphavsmenn er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiktarar (av poesi) og andre medarbeiderar som har hatt eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavsmenn, tel kvar person med i statistikken. ³Datagrunnlaget for 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Ein av fire les bøker ein gjennomsnittsdag

Tal frå Norsk mediebarometer 2010 syner at kvar nordmann i gjennomsnitt brukte 14 minutt på boklesing per dag. Det var 24 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år som las ei bok på fritida ein gjennomsnittsdag. Dette er ein nedgang frå det rekordhøge talet på 27 prosent i 2009. Frå undersøkinga starta i 1991 har prosentdelen legi mellom 17 og 27.

Det er fleire tendensar som har vore stabile dei siste åra. Det er som vanleg fleire kvinner enn menn som les bøker på fritida i 2010, 30 prosent av kvinner og 19 prosent av menn. Barn i alderen 9-15 år er stadig den aldersgruppa der flest les bøker i løpet av dagen, 31 prosent. Dei med høg utdanning les òg i større grad bøker. Derimot er det ein nokså liten samanheng mellom boklesing og hushaldsinntekt. Ser vi på yrkesstatus, er det særleg personar med yrke som krev høgare utdanning som er dei ivrigaste boklesarane. Dei som bur i meir tettbygde strøk, les i noko større grad bøker på fritida. Romanar og noveller er klart mest populært. Jamfør tabellane 11.11, 11.12 og 11.13.

11.2. Om bokstatistikken

Bokstatistikken er utarbeidd for å kunne gi eit bilet av kva som er kome inn til Nasjonalbiblioteket av norske pliktavleverte monografiske dokument.

Tilvekststatistikken frå Nasjonalbiblioteket omfattar alt som er kome inn i statistikkåret, medan bokstatistikken er basert på det som er avlevert og registrert i Norbok, nasjonalbibliografien for bøker, og som er utgitt i statistikkåret. Statistikken vert produsert frå BIBSYS når ein reknar med at alt som er utgitt året før er avlevert og registrert. Dette skjer normalt i mai året etter statistikkåret.

*Den norske
Forleggerforening*

Tal på bokomsetnad og tal på selde bøker er henta frå den årlege bransjestatistikken til Den norske Forleggerforening. Tala for bokomsetnad byggjer på opplysningar henta inn frå medlemsforlag, bokklubar og andre aktørar i bokmarknaden. Omsetnaden til forlag som ikkje er medlemmer av foreininga, byggjer dels på innrapporterte tal og dels på skjønn. Elles omfattar bransjestatistikken berre forlag som er medlemmer av foreininga. Tala i tabellane er henta frå bransjestatistikken 2010. Det var 90 medlemsforlag i foreininga ved utgangen av 2010, og dersom vi ser bort frå nokre mindre forlag som blei medlem i 2010, inngår alle forlaga i talgrunnlaget. Blant aktørane som har levert inn tal til statistikken i 2010, er det ein bokklubb meir enn det var i 2009.

Mediebruksundersøkingane

Tala som tek for seg bruk og lesevanar av bøker, er henta frå Norsk mediebarometer 2010. Termen *kvartil* representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Nokre kjennemerke nyttja i tabellane:

Yrkesstatus (16-79 år)

Yrkesgruppe 1-2: Administrative leiarar og politikarar, akademiske yrke
 Yrkesgruppe 3: Yrke med kortare høgskole- og universitetsutdanning og teknikarar
 Yrkesgruppe 4-5: Kontor- og kundeserviceyrke, sals-, service- og omsorgsyrke
 Yrkesgruppe 6-9: Yrke innanfor jordbruk, skogbruk og fiske, handverkarar o.l., prosess- og maskinoperatørar og transportarbeidarar o.l., yrke utan krav til utdanning

Yrkesgruppe 0, militære yrke og uoppgitte vert omkoda på denne måten: Meinige og uoppgitte blir plasserte i yrkesgruppe 9, befal 1 i yrkesgruppe 3, og befal 2 i yrkesgruppe 1-2.

Utdanning (16-79 år)

Ungdomsskole:	Utdanning med samla varigheit 7-9 år.
Vidaregåande skole:	Utdanning med samla varigheit 10-12 år.
Universitet/høgskole, kort:	Utdanning med samla varigheit 13-16 år.
Universitet/høgskole, lang:	Utdanning med samla varigheit meir enn 16 år.

Grupperinga for yrke byggjer på Standard for yrkesklassifisering (NOS C 521).

Grupperinga for utdanning byggjer på Standard for utdanningsgruppering i offentleg norsk statistikk (Standard for norsk statistikk nr. 7). Sjå Norsk mediebarometer 2010 for ytterligare forklaringar.

11.3. Omgrep

Ikkje lenger småtrykk

Statistikken omfattar bøker og hefter i monografiseriar, det vil seie bøker og hefter som ikkje er periodiske publikasjonar. Frå og med 2010 vil ikkje statistikken skilje mellom bøker og det som i tidlegare statistikk blei kalla småtrykk. Bøker under 49 sider blei før kalla småtrykk.

Tala i statistikken inngår i Norbokstatistikken og omfattar bøker som er gitt ut i førsteutgåver og i nye eller reviderte utgåver, men ikkje bøker i nye opplag. Klassifiseringa av bøker etter emne er gjord etter Deweys desimalsystem.

Skolebøker inkludert i statistikken

Skolebøker for grunnskole og vidaregåande skole er frå og med 2010 inkludert i statistikken.

11.4. Feilkjelder og uvisse

Restanse

På grunn av restansar i registreringa av bøker i Norbok bakover i tid vil ikkje alle tala stemme med kva som faktisk er gitt ut. Statistikken er à jour frå 2004 til i dag, men frå 2003 og bakover er det framleis materiale som ikkje er registrert.

Endelege tal frå 2010

Inntil 2009 var tala frå Nasjonalbiblioteket rekna som førebelse, og tal frå tidlegare år kunne dermed bli oppdaterte kvart år. Frå 2010 er tala frå Nasjonalbiblioteket endelege. Tala frå pliktavleveringa er likevel noko høgare enn tala frå Nasjonalbiblioteket. Ein grunn til dette kan vere at statistikken gjeld det året som bøker er gitt ut, og fell ikkje alltid saman med når bøkene er registrerte ved Nasjonal.

Referansar

Den norske Forleggerforening: *Bransjestatistikk 2010* (<http://www.forleggerforeningen.no/nor/bransjestatistik>).

Nasjonalbiblioteket: (<http://www.nb.no>).

Vaage, Odd Frank (20011): *Norsk mediebarometer 2010*, Statistiske analyser 121, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/medie>).

Meir informasjon

Medienorge: (<http://www.medienorge.uib.no>).

Taule, Liv (red) (2010): *Kulturstatistikk 2009*, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 11.2. Utgitte bøker, etter emne.Talet på titlar. 2000-2010

	I alt	Av dette førsteutgåver	Originalt norske utgivingar	Originalt utanlandske bøker i omsetjingar utgitt i Noreg
2000	6 477	5 524	4 443	2 034
2001	6 377	5 462	4 340	2 037
2002	6 864	5 745	4 670	2 194
2003	7 446	6 306	5 160	2 286
2004	7 164	5 984	4 747	2 417
2005	8 431	7 032	5 696	2 735
2006	8 477	7 123	5 696	2 781
2007	8 442	7 038	5 814	2 628
2008	8 835	7 483	6 288	2 547
2009	7 919	6 606	5 361	2 558
2010 ^{1,2}	8 374	..	5 846	2 528
2010				
Alminnelege skrifter	131	..	120	11
Filosofi	201	..	128	73
Religion	326	..	214	112
Samfunnsvitskap	1 402	..	1 276	126
Språk	122	..	102	20
Naturvitskap	356	..	322	34
Bruksretta vitskap	1 199	..	1 020	179
Kunst, rekreasjon	804	..	642	162
Litteratur	3 134	..	1 484	1 650
Historie og geografi	699	..	538	161

¹ Ein mindre del av utgivingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. ² Datagrunnlaget for 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.3. Bøker, etter utgivarspråk og emne. 2000-2010

	Bokmål	Nynorsk	Samisk	Engelsk	Andre språk
2000	4 612	411	36	579	4 685
2001	4 539	400	52	598	4 588
2002	4 789	409	66	792	4 840
2003	5 265	540	66	736	5 321
2004	5 145	332	56	794	5 200
2005	5 911	429	92	924	5 979
2006	5 864	439	67	976	5 937
2007	5 708	435	81	1 106	5 790
2008	5 881	446	60	1 298	5 968
2009	5 438	365	62	1 088	5 492
2010 ^{1,2}	6 637	598	59	1 389	223
2010					
Alminnelege skrifter	76	10	1	47	2
Filosofi	178	9	-	18	4
Religion	299	19	-	15	9
Samfunnsvitskap	1 087	104	11	282	41
Språk	81	28	7	21	38
Naturvitskap	107	11	4	232	3
Bruksretta vitskap	627	47	7	568	12
Kunst, rekreasjon	688	61	9	132	50
Litteratur	2 898	221	17	32	40
Historie og geografi	596	88	3	42	24

¹ Ei bok kan innehalde fleire emne og vere på fleire språk. ² Datagrunnlaget for 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.4. Norske og utanlandske skjønnlitterære bøker, etter genre/type. Talet på titlar. 2010

I alt	3 143
Dikt	176
Drama	87
Romanar	1 863
Barn og ungdom	881
Anna	136
 I alt	 3 143
Norske	1 472
Utanlandske	1 671

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.5. Omsette bøker, etter originalspråk. 2000-2010. Talet på titlar

	Svensk	Dansk	Engelsk	Tysk	Fransk	Andre språk og uoppgitt
2000	168	99	1 471	83	58	155
2001	202	79	1 462	61	83	150
2002	264	124	1 439	83	92	192
2003	323	107	1 517	90	78	171
2004	302	120	1 586	86	83	240
2005	347	155	1 753	120	101	259
2006	350	131	1 768	103	113	316
2007	366	121	1 648	125	112	256
2008	358	98	1 627	100	99	265
2009	291	99	1 775	97	80	216
2010 ^{1,2}	315	131	1 635	99	95	287

¹ Ein mindre del av utgivingane er ikkje klassifiserte. Dette gjeld publikasjonar av intern karakter eller med avgrensa omfang. ² Datagrunnlaget for 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.6. Andre typar utgivingar. 2001-2010. Talet på titlar

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010 ¹
I alt	213	225	297	303	409	377	420	484	405	503
Lydbøker	168	184	238	287	355	335	370	439	389	438
CD-ROM	42	39	37	13	20	14	20	16	5	63
Kombidokument	3	2	22	3	34	28	30	29	11	2

¹ Datagrunnlaget for 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.7. Barne- og ungdomslitteratur, etter genre og utgivarspråk. 2010. Talet på titlar

Bøker ¹		
I alt		1 584
Skjønnlitteratur		881
Fakta		703
 Bokmål		1 336
Nynorsk		217
Samisk		22
Engelsk		6
Andre språk		58

¹ Ei bok kan ha fleire språk.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.8. Originale norske utgivingar, (utan omsyn til språk) med norske opphavsmenn¹, etter emne og kjønn. 2009-2010

	Menn	Kvinner
2009	3 284	2 022
2010 ²	4 378	2 799
2010		
Alminnelege skrifter	85	52
Filosofi	77	63
Religion	188	81
Samfunnsvitskap	938	605
Språk	64	75
Naturvitenskap	198	106
Bruksretta vitskap	696	477
Kunst, rekreasjon	626	312
Litteratur	979	845
Historie og geografi	527	183

¹ Opphavsmenn er her forfattarar, medforfattarar, redaktørar, illustratørar (når meir enn halvparten av boka er illustrert), gjendiking (av poesi) og andre medarbeidarar som medverkar med eit større ansvar for verket. Verk der både menn og kvinner er opphavsmenn, tel kvar person med i statistikken.

² Datagrunnlaget for 2010 er produsert frå BIBSYS-databasen.

Kjelde: Nasjonalbiblioteket.

Tabell 11.9. Den Norske Forleggerforening. Bokomsetnad til utsalsprisar. 1990-2010

	I alt	Medlemsforlag	Andre forlag	Bokklubbar	Bokimportørar	Lydbøker
	Mill. kr					
1990	3 062	1 970	439	469	184	-
1997	4 624	2 708	646	948	322	-
1998	4 906	2 862	655	1 039	350	-
1999	4 916	2 846	628	1 091	351	-
2000	4 682	2 639	567	1 115	361	-
2001 ¹	4 645	2 529	491	1 250	375	-
2002	4 984	² 2 787	550	1 274	373	-
2003	5 443	3 061	600	1 323	381	78
2004	5 152	3 138	407	1 149	356	102
2005	5 306	3 260	494	1 087	354	111
2006	5 828	3 696	676	959	344	153
2007	6 204	4 137	727	841	310	189
2008	6 237	4 349	864	696	328	³ 261
2009 ⁴	6 071	4 326	829	631	285	245
2010	6 054	4 283	958	577	236	-

¹ Omsetnaden for 2001 er korrigert med den same multiplikator som er brukt i 2002. ² Talet er korrigert for bruttoomsetning til bokklubbar. ³ Frå 2008 er ikkje lydbøker inkludert i totaltalet. ⁴ Talet for bokimportørar er justert for dobbelregistrering på 158 mill.kr i 2009.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 11.10. Den Norske Forleggerforening. Omsetnaden og talet på selde eksemplar, etter bokgruppe. 2009-2010

Bokgruppe	Talet på selde eksemplar			Brutto omsetnad ¹			Pris per eksemplar	
	2009	2010	Endring i prosent	2009	2010	Endring i prosent	2009	2010
1 000 kroner								
I alt	24 942 592	24 381 320	-2,3	4 346 905	4 205 163	-3,3	174	172
Grunnskolen	2 789 412	2 702 057	-3,1	502 999	491 420	-2,3	180	182
Vidaregående	1 049 838	685 543	-34,7	389 627	255 982	-34,3	371	373
Lærebøker	785 503	699 395	-11,0	296 289	284 695	-3,9	377	407
Fagbøker	325 261	328 639	1,0	180 516	102 022	-43,5	345	310
Norsk sakprosa, vaksne	3 003 712	2 827 373	-5,9	584 090	602 181	3,1	194	213
Omsett sakprosa, vaksne	1 615 446	1 878 779	16,3	263 118	289 186	9,9	163	154
Norsk sakprosa, barn	219 915	356 733	62,2	36 054	39 311	9,0	164	110
Omsett sakprosa, barn	619 924	899 809	45,1	62 555	70 984	13,5	101	79
Norsk skjønnlitteratur, vaksne	1 043 652	1 074 762	3,0	276 893	254 800	-8,0	265	237
Omsett skjønnlitteratur, vaksne	1 045 105	1 287 151	23,2	215 864	229 999	6,5	207	179
Norsk skjønnlitteratur, barn	1 108 634	1 172 871	5,8	171 672	193 880	12,9	155	165
Omsett skjønnlitteratur, barn	1 349 353	1 501 215	11,3	181 128	199 751	10,3	134	133
Billegbøker	4 672 004	4 305 862	-7,8	550 805	560 130	1,7	118	130
Verk	71 453	40 545	-43,3	18 724	28 852	54,1	262	712
Kommisjonsbøker, lover	646 453	680 226	5,2	81 311	94 134	15,8	126	138
Fonogram (Plater, lydbøker mv.)	638 905	588 613	-7,9	139 543	113 431	-18,7	218	193
Norske serieromanar	2 743 568	2 251 087	-18,0	286 703	268 392	-6,4	105	119
Omsette underhaldningsromanar	1 214 454	1 100 660	-9,4	109 012	126 012	15,6	90	114

¹ Brutto omsetnad er estimert på bakgrunn av netto omsetnad.

Kjelde: Den norske Forleggerforening.

Tabell 11.11. Minutt brukt til boklesing i gjennomsnitt blant alle og blant lesarar, etter alder og kjønn. 1996-2010

	Gjennomsnitt blant alle							Gjennomsnitt blant dei som les bøker						
	1996	2001	2006	2007	2008	2009	2010	1996	2001	2006	2007	2008	2009	2010
Menn														
9-15 år	4	7	12	7	10	7	9	:	:	50	:	44	33	35
16-24 "	11	8	10	7	8	10	13	:	51	61	:	72	72	72
25-44 "	8	9	8	8	9	10	12	56	57	48	50	52	54	61
45-66 "	9	10	9	10	10	10	7	55	51	46	52	57	51	43
67-79 "	13	12	11	14	15	13	13	68	:	62	61	57	61	61
Kvinner														
9-15 år	10	11	18	12	12	16	13	38	43	47	35	41	37	37
16-24 "	18	7	12	18	12	15	16	55	:	75	74	:	77	69
25-44 "	12	16	17	18	17	20	19	61	63	58	67	58	55	61
45-66 "	20	16	19	16	22	20	18	77	56	56	52	71	57	61
67-79 "	8	16	24	19	12	27	20	:	65	84	96	61	75	68

Kjelde: Norsk mediebarometer 2010, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.12. Prosentdel boklesarar og minutt brukt til lesing av bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt, yrkesstatus og landsdel. 2004-2010

	Prosent						Minutt brukt til lesing av bøker					
	2000	2004	2006	2008	2009	2010	2000	2004	2006	2008	2009	2010
Alle personar	20	23	24	23	27	24	12	12	14	13	15	14
Menn	16	19	18	18	20	19	9	9	9	10	10	10
Kvinner	24	27	30	28	34	30	14	14	18	17	20	18
Alder												
9-15 år	18	28	31	27	32	31	7	9	15	11	11	11
16-24 "	19	16	36	15	16	20	13	10	11	10	12	14
25-44 "	19	22	23	24	27	25	11	12	13	13	15	15
45-66 "	23	25	27	24	28	22	14	13	14	16	15	12
67-79 "	20	23	22	22	30	26	13	14	18	13	21	17
Utdanning												
Ungdomsskole	10	14	20	12	18	21	6	7	12	8	12	14
Vidaregåande skole	17	19	18	17	22	18	10	10	11	11	12	11
Universitet/høgskole, kort	29	32	29	34	30	29	15	17	17	19	18	16
Universitet/høgskole, lang	31	33	34	35	43	34	20	19	16	21	24	21
Hushaldsinntekt												
1. kvartil	19	21	24	26	27	22	12	13	16	19	16	16
2. kvartil	19	23	26	21	26	25	12	12	16	11	14	17
3. kvartil	19	23	25	24	23	23	9	12	13	13	12	10
4. kvartil	27	26	26	30	34	29	13	12	12	14	17	15
Yrkesstatus (16-79 år)¹												
Yrkesgruppe 1-2	29	29	29	28	34	33	15	14	14	15	18	17
Yrkesgruppe 3	24	28	27	30	31	26	13	15	12	17	19	13
Yrkesgruppe 4-5	19	22	21	25	25	22	11	10	13	17	14	14
Yrkesgruppe 6-9	10	11	14	10	14	10	7	5	8	6	6	5
Elevar/studentar	19	17	20	16	21	24	14	12	15	12	16	20
Trygd/pensjonistar	21	24	25	21	30	24	15	15	18	13	20	17
Heimearbeidande	15	11	23	:	:	25	9	12	27	:	:	20
Landsdel												
Oslo/Akershus	26	27	26	28	30	31	15	13	14	17	19	18
Austlandet elles	17	22	25	21	24	23	11	11	14	13	14	13
Agder og Rogaland	19	17	21	23	29	20	11	9	13	12	15	10
Vestlandet	20	22	25	22	28	26	11	11	15	14	14	16
Trøndelag	18	30	24	21	26	22	8	14	11	11	13	15
Nord-Noreg	17	20	18	20	24	17	13	13	12	10	12	8

¹ For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2. Yrkesklassifiseringa var ikkje den same i 2000 som for resten av åra.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2010, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 11.13. Boklesarar som har lese ulike typar bøker ein gjennomsnittsdag, etter kjønn, alder, utdanning, hushaldsinntekt og landsdel. 2000-2010. Prosent

	Boktype							
	Roman/ novelle	Biografi/ memoarar	Samfunn/ politikk/ kunst/ historie	Natur/ teknikk/ friluft	Religiøs litteratur	Skodespel/ dikt	Barne-/ ungdoms- litteratur	Anna
2000	59	7	8	4	3	2	..	17
2001	64	7	8	2	4	1	8	5
2002	64	3	6	3	5	1	10	8
2003	63	7	6	4	3	1	8	9
2004	54	8	7	3	4	0	11	13
2005	67	3	6	3	4	0	8	8
2006	69	6	7	3	2	0	8	4
2007	67	6	5	3	3	0	8	8
2008	64	5	6	2	1	0	10	11
2009	64	6	7	4	3	0	9	7
2010	71	4	6	2	1	1	9	7
2010								
Menn	64	4	10	4	1	1	8	8
Kvinner	76	5	3	1	0	1	9	6
Alder								
9-15 år	34	0	2	1	0	0	54	7
16-24 "	73	6	4	4	3	2	5	3
25-44 "	77	2	6	3	1	0	1	10
45-66 "	80	4	7	0	1	1	0	7
67-79 "	76	15	7	2	0	0	0	0
Utdanning								
Ungdomsskole	78	7	2	0	3	0	5	5
Vidaregående skole	77	5	6	3	0	2	0	7
Universitet/høgskole, kort	81	5	4	1	1	0	0	8
Universitet/høgskole, lang	72	4	13	3	1	0	1	5
Hushaldsinntekt								
1. kvartil	77	8	7	3	0	0	3	3
2. kvartil	68	7	7	0	0	2	7	8
3. kvartil	75	2	3	3	4	0	10	3
4. kvartil	72	1	5	2	0	0	14	7
Landsdel								
Oslo/Akershus	68	3	8	2	1	0	8	9
Austlandet elles	69	7	3	2	1	1	11	5
Agder og Rogaland	71	4	6	2	2	2	7	5
Vestlandet	83	3	3	2	0	0	4	4
Trøndelag	69	5	11	2	0	0	5	8
Nord-Noreg	60	6	3	0	0	0	22	8

Kjelde: Norsk mediebarometer 2010, Statistisk sentralbyrå.

12. Aviser, vekepresse og fagpresse


12.1. Nokre resultat

3 prosent nedgang i avisopplaget

I 2010 var det 226 aviser i Noreg. Dette er ei avis meir enn i 2009, men det same talet aviser som i 2005. Det samla avisopplaget var på 2,57 millionar, ein nedgang på 87 000, eller 3 prosent, frå 2009. Sidan 2005 har nedgangen vore på 12 prosent. Nedgangen ser ikkje ut til å stoppe, frå 2005 til 2010 har nedgangen vore større enn frå 2000 til 2005. På den andre sida så er det stadig fleire som les på Internett.


Samla opplagstal i 2010 for dei to laussalsavisene i Noreg var 330 000. Opplaget gjekk dermed ned med 10 prosent frå 2009, den same nedgangen i prosent som året før. Sidan 2005 er opplagstalet for laussalsavisene redusert med 32 prosent.

Figur 12.1. Aviser. Opplagstal, etter type¹. 2005-2010



¹Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. ²Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. ³Aften (Aftenposten Aften) gjekk frå 5 til 3 utgåver per veka i 2009.
Kjelde: Avisåret 2010, Høgskulen i Volda.

Figur 12.2. Aviser. Opplagstal for dei største avisene. 2004-2010



Kjelde: Avisåret 2010, Høgskulen i Volda.

I 2010 var det også stor reduksjon i opplaget til nr. 2-aviser i store byar og avis Aften, med høvesvis 9 og 6 prosent. Sidan 2005 har desse avisene hatt ein reduksjon i opplagstalet med høvesvis 28 og 25 prosent.

Dei lokale vekeavisene har, etter to år med litt nedgang, igjen ein auke i opplaget på 2 prosent. Dette gir eit opplagstal på 134 000 og ein auke frå 2005 på 9 prosent. Ingen av dei andre avistypane har hatt ein auke i opplaget frå 2009. Samanlikna med 2005 finn vi derimot at dei riksspreidde meiningsberande avisene har hatt ein auke på 8 prosent. Jamfør tabell 12.4.

Stabilt tal på avisar som fekk produksjonstilskot

Som i dei to føregående åra var det 138 avisar som fekk produksjonstilskot i 2010. Tilskotet var på litt over 270 millionar kroner. Produksjonstilskot til dagsavisar er ei tilskotsordning under pressestøtteordninga som Medietilsynet forvaltar. Pressestøtta omfattar også blant anna tilskot til samiske avisar.

Tabell 12.1. Dagsaviser som fekk produksjonstilskot. 2004-2010

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Aviser i alt	135	138	138	139	138	138	138
Nr. 2-aviser, ekskl. rikspreidde avisar ¹	23	25	24	26	26	25	24
Rikspreidde meiningsbêrande avisar	5	5	5	5	5	5	5
Nr. 1 og aleineaviser	57	56	58	56	56	56	58
Vekeavisar, ekskl. nr. 2-aviser .	50	52	51	52	51	52	51
1 000 kr							
Tilskotsbeløp i alt	246 961	244 186	252 521	251 765	264 310	264 452	272 915

¹ inkluderer sju vekeavisar som er nr.2 -aviser på utgivarstaden.

Kjelde: Medietilsynet, årsrapport 2010.

Stadig fleire les avis på Internett

Det er stadig auke i delen som les nettavis ein gjennomsnittsdag, frå 27 prosent i 2005 til 43 prosent i 2010. Delen som berre las nettavis, har også auka, frå 7 prosent i 2005 til 16 prosent i 2010. Denne auken veg opp for den minkande delen som las trykt avis ein gjennomsnittsdag i 2010. Delen som las anten trykt avis eller nettavis, har dermed halde seg stabil rundt 80 prosent dei siste ti åra. Jamfør tabell 12.8.

Nesten alle avisene hadde i 2010 eit tilbod på Internett, det vil seie 216 av 225 avisar. 194 av desse avisene hadde eigne nyheter på sidane sine i 2010. Det har vore ein trend at stadig fleire avisar har oppdaterte nyheter på Internett, men med strengare krav til oppdatering har det vore ein tilbakegang frå 2008 til 2010. I 2010 hadde 111 avisar, eller 49 prosent oppdaterte nyheter, og i 2008 hadde 148 avisar, eller 65 prosent, oppdaterte nyheter på nettsidene sine. Jamfør tabell 12.2.

Tabell 12.2. Norske avisar på Internett¹, ved utgangen av året. 1996-2010

	1996	1999	2001	2003	2005	2006	2008	2010
Alle avisar (ikkje Aften)	219	222	216	221	224	227	227	225
Eige opplegg i alt	71	99	163	185	207	214	218	216
Eigen heimeside	17	19	13	24	24	17	21	16
Anna	9	3	3	5	2	2	1	6
Eigne nyheter i alt	45	77	147	156	181	195	195	194
Oppdaterte nyheter, dagsavis ²	-	12	39	23	38	60	69	64
Oppdaterte nyheter, fådagarsavis ³	-	-	7	16	36	58	79	47
Fyldig nettavis ⁴	16	47	63	66	44	28	22	39
Smal nettavis, notisavis	29	18	38	51	63	49	25	44

¹ Oversikta gjeld betalte (papir)aviser på Internett. Gratisavisar og reine nettavisar er ikkje med. Aften (tidlegare Aftenposten Aften) har ikkje eigne sider på nett og er ikkje rekna med. ² For 1999 gjeld registreringa berre dagsavisar. Krav til oppdatering for dagsavisar er litt strengare frå 2003 og framover. ³ Kravet til oppdatering for fådagarsavisar er strengare frå 2008, og praktiseringa er innskjerpa i 2010. ⁴ Minst fire nyheitssaker presenterte som meir enn ein kort notis.

Kjelde: Åvisåret 2010, Høgskulen i Volda.

Vekepressa

Mediebedriftenes Landsforening rapporterte i 2010 eit samla gjennomsnittleg nettooppdrag per nummer på 3 millionar. Etter ein nedgang i eit par år er dette ein

auke på 3 prosent frå 2009. Statistikken omfattar 80 magasin, 10 fleire enn i 2009. Familieblad utgjer den største gruppa med sine 32 blad og eit gjennomsnittleg opplag per utgiving på 1,8 millionar. Kategorien heim og hage hadde størst vekst frå 2009, ein auke frå 8 til 13 magasin, og det gjennomsnittlege opplaget gjekk opp med nesten 50 prosent.

Tabell 12.3. Vekepresse¹. Talet på blad og magasin og opplag per utgiving, etter gruppe. 2007-2010

Gruppe	2007		2008		2009		2010	
	Talet på blad/ magasin	Opplag	Talet på blad/ magasin	Opplag	Talet på blad/ magasin	Opplag	Talet på blad/ magasin	Opplag
I alt	71 3 174 758	75 3 132 222	70 2 910 293	80 2 986 848				
Familieblad og TV-guidar	32 2 065 252	33 1 984 329	30 1 831 253	32 1 801 227				
Heim og hage	7 260 196	9 288 541	8 285 033	13 425 414				
Data, audio og video	3 59 905	3 55 737	3 48 473	3 40 757				
Bil og båt	8 189 122	8 167 166	7 146 275	7 144 931				
Helse, mat og livsstil	6 140 510	6 126 662	5 104 782	7 112 808				
Sport, hobby og fritid	7 197 440	9 205 420	10 210 066	10 152 729				
Teikneseriar	1 111 367	2 184 161	2 176 871	2 164 474				
Anna	7 150 966	5 120 206	5 107 540	6 144 508				


¹ Omfattar vekepresse som er medlemmer av grupperingar innanfor Mediebedriftenes Landsforening. ² Rettet sidan førre utgåve.

Kjelde: Mediebedriftenes Landsforening.

Fagpresse

Opplagstala for medlemmer av Den Norske Fagpresses Forening har auka med 5 prosent frå 2009 til 2010. Totaltalet på periodika auka med 7 og var i 2010 oppe i 221. Sidan 2005 har det vore ein auke i periodika og opplag på høvesvis 21 og 20 prosent. Kategorien kultur og fritid hadde ein auke på 28 prosent både i tal på periodika og i opplagstal. Denne kategorien har lenge hatt størst opplag, og i 2010 hadde den også størst auke, både i absolutte tal og prosentvis. Kategorien offentleg verksemd, undervisning, forskning med vidare, som dei siste åra har hatt flest periodika, hadde frå 2009 til 2010 ein auke på 12 prosent i talet på periodika og 27 prosent i opplagstal. I figur 12.3 og i tabell 12.5 må ein merke seg at fleire av periodikaene er ført opp i fleire kategoriar, og det gir dermed ikkje mening å summere dei ulike kategoriane. Dette er grunnen til at totalsummen på periodika og opplag vert ein del lågare enn summen av kategoriane. Jamfør tabell 12.5.

Figur 12.3. Fagpresse. Opplag per utgjeving, etter gruppe^{1,2,3}. 2003-2010



¹Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. ²Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. ³Fleire periodika er ført opp under fleire kategoriar.


Kjelde: Den norske fagpresses forening.

**Avis, vekeblad,
teikneserieblad og tidsskrift**

Tal frå Norsk mediebarometer 2010 syner at det er stadig færre som les aviser, og minutt bruk til avislesing går også ned. Likevel var det avis som var det mest leste trykte mediet. I 2010 var det 64 prosent av befolkninga i alderen 9-79 år som las ei papiravis på ein gjennomsnittsdag, og i snitt brukte kvar person 23 minutt per dag til avislesing. I 2005 var tala på høvesvis 74 prosent og 29 minutt.

Kvinner og menn brukar om lag like mykje tid på å lese papiraviser. Lesing av papiraviser aukar med alderen. Mens 41 prosent av dei i alderen 9-15 år las ei papiravis ein gjennomsnittsdag i 2010, var delen 84 prosent blant dei i alderen 67-79 år. Delen som les avis, er også noko større blant dei med høg utdanning enn blant dei med låg utdanning. Delen som les papiravis, blir stadig mindre, men delen som les avis på Internett, har auka, høvesvis 64 og 43 prosent. Særleg gjeld dette dei unge. Jamfør tabell 12.6, 12.7 og 12.8.

**Figur 12.4. Avislesing blant personar 9-79 år ein gjennomsnittsdag, etter kjønn. 1991-2010.
Prosent**



Kjelde: Norsk mediebarometer 2010.

Det er også ein tendens til at litt færre les vekeblad og teikneserieblad. Tidsskrift har derimot hatt ein liten oppsving i lesardelen dei siste fem åra. På ein gjennomsnittsdag i 2010 var det 12 prosent som las vekeblad, 6 prosent las teikneserieblad, og 13 prosent las tidsskrift. Tala for 2005 var respektive 16, 7 og 11 prosent.

12.2. Om statistikken – aviser, vekepresse og fagpresse

Avisene

Statistikken over avislandskapet er utarbeidd av Sigurd Høst og baserer seg på publikasjonen Avisåret 2010 (Høst 2011). Formålet med rapportserien Avisåret er at han skal dekkje alle norske aviser, sjølv om dei ikkje er medlemmer av Mediebedriftenes Landsforening (MBL) eller Landslaget for Lokalaviser (LLA). Det viktigaste grunnlaget for statistikken er opplysningar frå MBL, LLA og Medietilsynet. Statistikken over aviser på Internett er utarbeidd spesielt for rapportserien Avisåret.

Pressestøtta

Pressestøtta er eit sentralt verkemiddel for å oppnå ulike mål på medieområdet, blant anna hjelp til å oppretthalde mangfaldet i avisutgivingar i heile landet og stimulere til lokal aviskonkurranse. Det er òg ei målsetjing at det blir gitt ut aviser og avissider på samisk og publikasjonar på minoritetsspråk. (Prop. 1 S, 2011-2012,).

Pressestøtta omfattar produksjonstilskot til dagsaviser, tilskot til nytta medieforsking og etterutdanning, tilskot til samiske aviser, tilskot til minoritetsspråklege

publikasjonar og distribusjonstilskot til avisene i Finnmark. Medietilsynet forvaltar desse tilskotsordningane.

Vekepressa Statistikken over norsk vekepresse baserer seg på opplysningar frå Mediebedriftenes Landsforening (MBL) og dekkjer dei magasina som er medlemmer. Magasin- og Ukepresseforeningen (MUF) blei lagd ned i 2009. MBL tok over MUFs aktivitetar. Innanfor MBL er det skipa ei eiga gruppering som tek vare på spesifikke oppgåver i bransjen. MBLs gruppering for vekepresse og magasin har som formål å behandle spørsmål av felles interesse for grupperinga sine medlemmer, og som ikkje blir behandla av MBL sentralt. Grupperinga er oppteken av at medlemmene får rammevilkår som gir lønnsame bedrifter og sikre arbeidsplassar (<http://www.mediebedriftene.no>). Kategoriseringa av vekepressa er utarbeidd etter forslag frå Norsk Medieindeks.

Fagpressa Statistikken for fagpressa er utarbeidd på grunnlag av materiale frå Fagpressens Informasjonskontor publisert i Fagpressekatalogen. Oppgåvene omfattar berre medlemmer av Den Norske Fagpresses Forening. Kategoriane som tidsskrifta er delte inn i, er utarbeidd av Den Norske Fagpresses Forening. Fagpressa består av eit stort mangfald av fagblad, interesse-, hobby- og bransjeblad. Det er vanskeleg å gi eit samla tal for opplaget til fagpressa fordi nokre periodika er ført opp under fleire kategoriar.

Mediebruksundersøkingane Tala som omhandlar bruk av aviser og blad, er henta frå Norsk mediebarometer 2010. Termen *kvartil* representerer om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga i kvar gruppe. Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabell 12.6 og 12.7. Sjå kapittel 11.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

12.3. Omgrep

Avis Med "avis" i denne statistikken meiner vi alle publikasjonar som kjem ut minst ein gong per veke, og som fyller dei opphavlege reglane for listeføring som avis. Det inneber at dei skal «orientere allmenta om hendingar og aktuelle spørsmål», ta reell betaling for abonnement og laussal, og ha mindre enn 50 prosent annonsar. (Institutt for Journalistikk, Rapport 3/2004).

Vekepressa Vekepresse er eit samleomgrep for vekeblad og andre magasin. Nokre av magasina kjem ut sjeldnare enn kvar veke. Tala som vert presenterte, er gjennomsnittleg nettoopplag per nummer.

Referansar

Den Norske Fagpresses Forening: (<http://www.fagpressen.no>).

Høst, Sigurd (2004): *Hva er en avis? : avisbegrepet fra Hellerudkomiteen til Se og Hør*, Rapport 3/2004, Institutt for Journalistikk.

Høst, Sigurd (2011): *Avisåret 2010*, Rapport 18, Høgskulen i Volda (<http://www.hivolda.no/rapport>).

Mediebedriftenes Landsforening (<http://www.mediebedriftene.no>).

Medietilsynet: *Årsrapport 2010* (<http://www.medietilsynet.no/no/Dokumenter/Rapporter/Arsmeldinger-og-arsrapporter>).

Prop. 1 S (2011-2012). Kulturdepartementet (<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/regpubl/prop/2011-2012/prop-1-s-20112012.html>).

Vaage, Odd Frank (2011): *Norsk mediebarometer 2010*, Statistiske analyser 121, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/medie>).

Meir informasjon

Aviskatalogen: (<http://www.aviskatalogen.no>).

Landslaget for Lokalavisar: (<http://www.ll.a.no>).

Medienorge: (<http://www.medienorge.uib.no>).

- Taule, Liv (red) (2010): *Kulturstatistikk 2009*, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).
- Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 12.4. Aviser, etter type og opplag. 2004-2010

	2004		2005		2006		2007		2008		2009		2010	
	Aviser i alt	Opp- lag, 1 000												
I alt	226	3 020	226	2 948	229	2 876	228	12 844	228	2 763	225	12 659	226	12 572
Laussalsaviser	2	548	2	506	2	462	2	445	2	408	2	368	2	331
Storbyaviser ³	4	493	4	488	4	482	4	486	4	477	4	467	4	460
Nr.2-aviser i store byar	3	80	3	80	3	76	3	73	3	68	3	64	3	58
Riksspreidde meiningsbêrande aviser	6	153	6	160	6	163	6	169	8	177	48	173	8	173
Leiande lokale dagsaviser	56	923	56	909	56	896	56	885	56	867	56	840	56	815
Lokale dagsaviser, nr. 2	2	33	2	33	2	33	2	33	2	32	2	31	2	30
Lokale 2-3 dagarsaviser	79	403	80	400	79	390	79	392	81	398	81	393	81	388
Lokale vekeaviser	57	123	57	123	62	140	62	140	63	136	61	132	62	134
Nasjonale fådagarsaviser	16	116	15	108	14	96	13	90	8	76	7	80	7	77
Aften ⁵	1	148	1	142	1	137	1	131	1	125	1	112	1	105

¹ På grunn av avrundingar stemmer ikkje summane heilt. ² Ei avis som før 2007 blei rekna som avis, er ikkje lenger med i statistikken. ³ Aftenposten, Bergens Tidende, Adresseavisen og Stavanger Aftenblad. ⁴ Avvir og Sagat er rekna som dagsaviser i 2008 sjølv om dei var fådagarsaviser meir enn halve året. ⁵ Aften gjekk frå 5 til 3 utgåver per veka i 2009.

Kjelde: Avisåret 2010, Sigurd Høst, Høgskulen i Volda.

Tabell 12.5. Fagpresse. Talet på periodika¹ og opplag per utgiving, etter gruppe². 2003-2010

Gruppe	2003		2005		2007		2009		2010	
	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag	Periodika	Opplag
I alt ³	193 3 995 845		183 3 768 486		232 4 213 562		214 4 294 609		221 4 519 392	
Landbruk og fiske	17	380 216	17	399 060	19	405 776	17	357 658	18	330 112
Industri, teknikk og handverk ...	66 1 094 594		69 1 239 585		79 1 341 429		61	7	65 1 314 399	
Bygg og anlegg	26	476 334	22	460 276	26	499 928	22	4 504 363	23	530 054
Varehandel, hotell og storkjøkken	25	171 036	27	189 968	28	194 336	423	4 169 049	23	170 210
Transport og samferdsel	11	485 518	8	481 680	11	533 617	10	505 490	13	525 107
Tenesteyting, økonomi mv.	31	510 943	33	578 231	38	664 450	31	549 821	30	555 064
Offentleg verksemd, undervisning, forskning mv.	58	992 343	55	941 803	82 1 239 600		77 1 199 906		86 1 523 546	
Helse-, sosial- og veterinærtenester	41	995 059	43	892 931	57	921 536	57	973 042	63 1 076 088	
Kultur og fritid	45 1 303 490		44 1 324 141		58 1 422 110		50 1 322 018		64 1 686 722	

¹ Omfattar berre medlemmer av Den norske fagpresses forening. ² Grupperinga er utarbeidd av Den norske fagpresses forening. ³ I alt summen stemmer ikkje overens med summen av alle kategoriene sidan fleire periodika er ført opp under fleire kategoriar. ⁴ Retta sidan førra utgåve.

Kjelde: Den Norske Fagpresses Forening.

Tabell 12.6. Minutt bruk til lesing av avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2005-2010

	Avis			Vekeblad			Teikneserieblad			Tidsskrift		
	2005	2009	2010	2005	2009	2010	2005	2009	2010	2005	2009	2010
Alle personar	29	25	23	5	4	3	2	1	1	3	3	4
Kjønn												
Menn	30	25	24	2	2	1	3	1	2	3	4	4
Kvinner	27	25	23	7	7	5	1	0	1	3	3	3
Alder												
9-15 år	7	5	5	3	2	1	11	4	5	0	1	0
16-24 "	14	10	10	4	1	2	3	1	3	2	2	1
25-44 "	24	19	16	4	3	3	1	1	1	3	3	3
45-66 "	42	35	35	6	4	4	0	0	0	4	4	6
67-79 "	53	51	47	7	11	5	0	0	0	4	6	6
Utdanning												
Ungdomsskole	31	22	23	7	7	5	1	0	2	1	1	3
Vidaregåande skole	30	25	22	5	5	3	1	1	1	3	4	4
Universitet/høgskole, kort	33	29	29	5	3	3	1	1	1	3	4	5
Universitet/høgskole, lang	36	37	33	2	3	2	1	1	0	8	6	6
Hushaldsinntekt												
1. kvartil	31	24	26	6	6	4	1	1	1	3	5	4
2. kvartil	34	29	26	6	4	3	2	1	1	3	3	5
3. kvartil	27	23	22	4	3	3	2	1	2	3	4	3
4. kvartil	30	28	24	3	3	2	2	1	1	3	3	4
Yrkesstatus (16-79 år)¹												
Yrkesgruppe 1-2	35	30	29	3	3	2	1	1	1	5	4	4
Yrkesgruppe 3	33	29	25	5	2	4	0	0	1	3	5	4
Yrkesgruppe 4-5	25	19	16	5	5	5	1	1	1	2	2	2
Yrkesgruppe 6-9	27	22	20	4	2	1	2	1	1	3	3	5
Elevar/studentar	14	9	11	3	2	1	3	1	2	4	4	1
Trygd/pensjonistar	47	44	44	9	11	7	0	0	0	4	5	7
Heimearbeidande	28	:	21	5	:	1	1	:	3	1	:	5

¹For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2010, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.7. Personar som les avis, vekeblad, teikneserieblad og tidsskrift ein gjennomsnittsdag. 2005-2010. Prosent

	Avis			Vekeblad			Teikneserieblad			Tidsskrift		
	2005	2009	2010	2005	2009	2010	2005	2009	2010	2005	2009	2010
Alle personar	74	65	64	16	13	12	7	5	6	11	12	13
Kjønn												
Menn	74	66	65	9	6	7	10	8	8	12	14	15
Kvinner	73	64	63	23	19	17	4	3	3	10	11	10
Alder												
9-15 år	43	38	41	15	7	6	34	21	21	3	4	2
16-24 "	56	46	48	14	6	9	12	6	9	7	8	6
25-44 "	73	63	57	16	12	10	5	5	6	12	13	14
45-66 "	90	81	80	16	15	15	1	2	1	13	16	17
67-79 "	89	82	84	19	22	16	1	0	0	14	16	16
Utdanning												
Ungdomsskole	76	62	62	22	19	15	6	3	6	5	6	11
Vidaregåande skole	77	65	65	16	13	14	3	3	5	11	12	12
Universitet/høgskole, kort	79	72	71	17	12	11	4	4	4	13	16	16
Universitet/høgskole, lang	82	84	72	8	11	8	5	3	1	21	23	21
Hushaldsinntekt												
1. kvartil	70	60	61	21	16	13	5	5	3	11	15	13
2. kvartil	76	68	64	18	13	13	6	4	5	12	11	16
3. kvartil	76	68	66	14	11	11	7	6	9	12	15	12
4. kvartil	78	71	72	12	10	10	8	6	6	11	13	14
Yrkesstatus (16-79 år)¹												
Yrkesgruppe 1-2	82	78	74	12	10	8	4	5	5	17	16	17
Yrkesgruppe 3	82	72	68	16	9	11	2	2	4	11	19	15
Yrkesgruppe 4-5	74	64	64	20	19	18	3	4	4	10	9	9
Yrkesgruppe 6-9	78	64	62	12	9	9	6	3	4	11	11	16
Elevar/studentar	53	43	46	16	6	7	11	6	7	6	11	6
Trygd/pensjonistar	86	77	79	23	25	19	1	0	0	14	15	17
Heimearbeidande	75	:	63	14	:	8	3	:	11	6	.	14

¹For ein definisjon på dei ulike yrkesgruppene, sjå kap. 11.2.

Kjelde: Norsk mediebarometer 2010 Statistisk sentralbyrå.

Tabell 12.8. Lesing av trykt avis og nettavis ein gjennomsnittsdag, etter kjønn og alder. 2001-2010. Prosent

	Trykt avis	Nettavis	Anten trykt avis eller nettavis	Berre trykt avis	Berre nettavis	Både trykt avis og nettavis
2001	78	10	79	69	2	9
2002	77	12	79	67	2	10
2003	77	17	80	63	4	14
2004	75	19	79	60	4	15
2005	74	27	81	54	7	20
2006	74	31	82	51	8	23
2007	72	34	81	47	8	25
2008	68	35	77	42	9	26
2009	65	40	78	38	13	27
2010	64	43	80	37	16	27
2010						
Kjønn						
Menn	65	51	83	31	18	34
Kvinner	63	35	77	42	14	21
Alder						
9-15 år	41	9	44	35	2	6
16-24 "	48	58	78	20	29	28
25-44 "	57	61	84	23	27	34
45-66 "	80	39	88	49	8	31
67-79 "	84	21	85	65	1	19

Kjelde: Norsk mediebarometer 2010, Statistisk sentralbyrå.


13. Film og kino

13.1. Nokre resultat

2,3 kinobesök per innbyggjar

Med totalt litt over 11 millionar kinobesök var det ein nedgang i besök på dei norske kinoane i 2010. Nedgangen frå året før var på 1,7 millionar, eller 13 prosent. Besökstalet svarar til 2,3 kinobesök per innbyggjar. Dette er det same talet på besök per innbyggjar som i 2007, det lågaste talet på heile 2000-talet. I toppåret 2003 var besökstalet per innbyggjar på 2,9. Besökstala på norske filmar var i 2010 på nesten 2,6 millionar, det utgjer 23,3 prosent av samla kinobesök. Dei norske filmane har klart seg betre sjølv om det også her er ein nedgang i besök på om lag 50 000, eller 2 prosent, frå året før. Jamfør figur 13.1.

Figur 13.1. Kinobesök. Utanlandske og norske filmar. 2000-2010. Millionar personar



Kjelde: Film & Kino.

Nedgangen i besökstalet gjeld for alle fylka. Kinoane i Vestfold hadde minst nedgang, med 5 prosent, mens kinoane i Hedmark og Sogn og Fjordane hadde størst nedgang, 21 prosent. Nedgangen i prosent har vore litt mindre ved dei private kinoane enn ved dei kommunale kinoane og ved Bygdekinoen, høvesvis 11, 14 og 14 prosent. Besøka på dei kommunale kinoane utgjorde 81 prosent av dei totale kinobesøka i 2010, mens besøka på dei private kinoane og på Bygdekinoen utgjorde høvesvis 18 og 1 prosent av totalen. Jamfør tabell 13.1.

Auke i framsyningar

Sjølv om besökstala har vore lågare, har det vore ein auke på 8 100 framsyningar på dei norske kinoane sidan 2009. Dette er ein auke på 3 prosent og gir totalt 316 000 framsyningar i 2010. Auken i framsyningar for norske filmar er på 11 000, eller 19 prosent. Ein nedgang i besökstala og ein auke i framsyningar gir sjølvsagt ein nedgang i besök per framsyning. Frå 2009 til 2010 var nedgangen frå 41 til 35 personar i gjennomsnitt per framsyning. Jamfør tabell 13.2.

Det var totalt 207 langfilmpremierar ved kinoane i Noreg i 2010. Dette er det lågaste talet dei siste seks åra, og frå 2009 er det ein nedgang på 16 premierar, eller 7 prosent. Talet på norske langfilmpremierar var på 26 i 2010. Dette er det høgaste talet på seks år og betyr ein auke på 4 premierar, eller 18 prosent, frå året før. Jamfør tabell 13.3.

Fleire digitale kinosalar

Av 430 kinosalar i Noreg var 250, eller 58 prosent, av salane digitaliserte ved utgangen av 2010. Dette avspeglar den store satsinga på digitalisering av kinoane og gir ein auke på 185 digitaliserte salar, eller nesten ei firedobling frå året før. Samstundes har det vorte to færre kinobygg, men åtte fleire kinosalar sidan 2009.

Dette er i tråd med trenden på 2000-talet, det blir stadig færre kinobygg men fleire salar. Sidan 2001 har det vore ein nedgang på 14 prosent i talet på kinobygg og ein auke på 9 prosent i talet på kinosalar. Frå 2009 har dei private kinoane fått 8 fleire salar, så i 2010 hadde dei 109 salar fordelt på 56 kinobygg. Dei kommunale kinoane hadde 154 kinobygg og 321 kinosalar, det same talet på salar som året før. Bygdekinoen hadde 221 framsyningssatar i 2010, 9 færre enn året før.

Frå 2009 har talet på sitjeplassar gått opp med 500 og var i 2010 oppe i 79 200. Dei private kinoane har hatt ein auke på 1 000 sitjeplassar mens dei kommunale kinoane har hatt ein reduksjon på 500 sitjeplassar. Sidan 2001 er talet på sitjeplassar totalt redusert med 6 prosent. Jamfør tabell 13.2.

Færre vurderte kortfilmar

Medietilsynet vurderte/registrerte 240 spelefilmar og 5 kortfilmar i 2010. Det er høvesvis to fleire spelefilmar og 32 færre kortfilmar enn i året før. Registrerte/vurderte filmar blir ikkje alltid viste på kino same året som dei er registrerte/vurderte. Jamfør tabell 13.4 og punkt 13.2.

Filmsamlingane aukar

Frå 2008 har Nasjonalbiblioteket ansvaret for forvaltninga av filmsamlingane. På slutten av 2010 inneholdt samlingane 22 780 registrerte filmtitlar, ein tilvekst på 956 filmar, eller 4 prosent, frå 2009. Dei tre siste åra er videofilmar inkluderte i filmsamlingane og utgjer 5 prosent av samlingane etter nesten ei dobling av talet frå 2009 til 2010. Dei norske kortfilmane og dei utanlandske spelefilmane utgjer størstedelen av samlingane med høvesvis 41 og 37 prosent av samlingane i 2010. Sidan 2005 har filmsamlingane auka med nesten 3 000 filmtitlar, eller 15 prosent. Jamfør tabell 13.5.

Tilskot til norsk filmproduksjon

Norsk filminstitutt forvaltar ulike tilskotsordningar til filmar, ulike tv-program og dataspel. I 2010 var desse tilskotsordningane på totalt 365 millionar kroner, ein auke på 3 millionar, eller 1 prosent, frå året før. Frå 2005 har auken vore på 131 millionar kroner, eller 56 prosent. Produksjonstilskotet utgjorde størstedelen av tilskota, med 202 millionar kroner fordelt på 90 prosjekt i 2010. Forutan produksjonstilskot blei det også gitt utviklingstilskot, billettstøtte og lanserings-tilskot til spelefilm/kinofilm. Billettstøtta i 2010 utgjorde 101 millionar kroner fordelt på 37 kinofilmar. Sidan billettstøtta vert gitt i inntil fem år etter premieren, er talet på filmar som fekk støtte etter denne ordninga, høgare enn talet på kinopremierar i 2010. Jamfør tabell 13.6.


7 av 10 går på kino i løpet av eit år

Kultur- og mediebruksundersøkinga i 2010 syner at 70 prosent av befolkninga hadde vore på ein kino dei siste tolv månadene, mot 73 prosent i 2009. Det var fleire kvinner enn menn som gjekk på kino, høvesvis 73 og 66 prosent. Ikkje uventa er det dei unge som går mest på kino. I aldersgruppene 9-15 år og 16-24 år var det høvesvis 88 og 90 prosent som gjekk på kino i 2010. Blant aldersgruppene er det størst nedgang for aldersgruppa 67-79 år som har hatt ei endring frå 42 prosent som gjekk på kino i 2009, til 30 prosent i 2010. Noko av grunnen kan vere den populære filmen *Max Manus* som blei vist i 2009.

Dei med høg utdanning og dei med størst hushaldsinntekt var meir ivrige til å gå på kino enn andre grupper. Det er i særleg grad elevar, studentar og personar i yrke som krev akademisk eller anna fagleg utdanning som går mykje på kino. Jamfør tabell 13.7.

I 2010 var salet av DVD og Blu-ray på 18,3 millionar. Dette er ein nedgang på 1,7 millionar, eller 9 prosent frå året før. Ikkje sidan 2006 har salet vore lågare. Jamfør tabell 13.8.

Figur 13.2. Personar som har vore på kino dei siste tolv månadene, etter kjønn. 1994-2010.
Prosent



Kjelde: Norsk mediebarometer 2010, Statistisk sentralbyrå.

13.2. Om statistikken og dei ulike organisasjonane

Film & Kino

Film & Kino er ein kombinasjon av ein medlemsorganisasjon for norske kommunar og ein bransjeorganisasjon for kino- og videobransjen. Organisasjonen forvaltar Norsk kino- og filmfond (NKFF) og driv i tillegg Bygdekinoen og tidskriftet Film & Kino. Tidsskriftet er frå 1. januar 2012 teke over av Pandora Forlag, under det nye namnet Cinema.

Norsk filminstitutt

Norsk filminstitutt forvaltar dei statlege tilskotsordningane for utvikling og produksjon av film, fjernsynsprogram og interaktive prosjekt. I 2010 forvalta Norsk filminstitutt 14 tilskotsordningar for tilskot til audiovisuelle produksjonar. Norsk filminstitutt er statens forvaltningsorgan på filmområdet og rådgivar i filmpolitiske spørsmål. Norsk filminstitutt er eit statleg forvaltningsorgan med løyving over statsbudsjettet og er underlagt Kulturdepartementet.

Nasjonalbiblioteket

Nasjonalbiblioteket har ansvaret for innsamlings- og bevaringsfunksjonane av film. Levering av film til Nasjonalbiblioteket er å sjå på som ein del av pliktavleveringa, sjá også kapittel 11.

Medietilsynet

Nokre av oppgåvene til Medietilsynet (oppgåvene til tidlegare Statens filmtilsyn) er mellom anna gitt i lov om film og videogram (film- og videogramlova) av 15. mai 1987 nr. 21. Lova gav blant anna reglar om førehandskontroll og fastsetjing av aldersgrenser for film og video. Etter ei endring i § 100 i Grunnlova 30. september 2004 («Ytringsfrihed bør finde Sted») la Medietilsynet frå 2005 om praksisen da det ikkje lenger var obligatorisk med førehandskontroll av film i Noreg (forskrift om film og videogram, endra ved forskrift 11. januar 2005 nr. 16). Filmar som skal visast for personar under 18 år, skal framleis inn for aldersklassifisering. Filmar som berre blir registrerte, blir automatisk viste med 18-årsgrænse. Vidare gir film- og videogramlova reglar for merking og registrering av videogram som skal seljast i næring.

Tre forskrifter er gitt til film og videogramlova. Desse omhandlar film og videogram, vilkår for løyve til å prente registreringsmerket til Medietilsynet på omslag og kassett og reglar om merking ved elektronisk omsetnad av videogram.

Mediebruksundersøkingane

Talet på kinobesøk for 2010 er henta frå Norsk mediebarometer 2010. Termen kvartil representerer ei gruppe med om lag ein fjerdedel av utvalet i undersøkinga.

Talet i kvar gruppe vil variere noko frå år til år. Det er nytta nokre kjennemerke knytte til yrkesstatus i tabell 13.7. Sjå kapittel 11.2 for definisjonar av desse kjennemerka.

13.3. Omfang, publisering og samanlikningar

Statistikken over kinoaktiviteten omfattar alle kinoane i Noreg. Statistikken blir publisert i Film & Kinos årboknummer og på internettssidene, www.kino.no. Delar av statistikken blir òg publiserte i Statistisk årbok. Nokre tal for kinoane blir elles publiserte i KOSTRA.

Film- og kinostatistikken kan samanliknast over tid og med film- og kinostatistikken i andre land.

Referansar

Film & Kino: (<http://www.kino.no>).

Medietilsynet: (<http://www.medietilsynet.no>).

Norsk filminstitutt: (<http://www.nfi.no>).

Prop. 1 S (2011-2012): Kulturdepartementet

(<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/regpubl/prop/2011-2012/prop-1-s-20112012.html>).

Vaage, Odd Frank (2011): *Norsk mediebarometer 2010*, Statistiske analysar 121, Statistisk sentralbyrå (<http://www.ssb.no/medie>).

Meir informasjon

Taule, Liv (red) (2010): *Kulturstatistikk 2009*, Statistiske analysar 117, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/nos_kultur/utg.html).

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapporter 2009/29, Statistisk sentralbyrå (http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929).

Tabell 13.1. Besøk ved kinoane, etter kinotype og fylke. 2001-2010

	Besøk i alt	Ved kommunale kinoar	Ved private kinoar	Ved bygdekinoar	Per innbyggjar ¹
2001	12 477 164	10 761 725	1 566 446	148 993	2,8
2002	12 041 422	9 976 579	1 934 206	130 637	2,7
2003	13 049 067	10 758 367	2 156 809	133 891	2,9
2004	11 966 254	9 671 796	2 148 667	145 791	2,6
2005	11 314 081	9 078 088	2 101 469	134 524	2,4
